

**Tid og arkeologisk narrativ  
- om tidsforståing i arkeologifaget**

**Heidi Handeland  
Hovudfagsoppgåve i arkeologi  
Universitetet i Bergen  
November 2002**

## Innhald

### **Kapittel 1. Introduksjon**

Innleiing	4
Problemstillingar og avgreinsing	5
Hovudpunkt og struktur	8

### **Kapittel 2. Filosofiske tilnærmingar til tid; ein introduksjon**

Tid – eit omgrep som unndrar seg definisjon	9
Tid som fysisk eining	10
Tid som menneskeleg erfaring	10
Tid som erkjenningskategori	11
Tid som strukturerande for menneskeleg væren	11
Tid som språkleg konstruert	12

### **Kapittel 3. Forskingshistorie; framstillingar av tid i arkeologisk narrativ**

Tidsproblematisering og arkeologi	13
Annales-skulen og Braudel sine temporale strukturar	14
Heidegger sin filosofi i arkeologien	16
Ei poststrukturalistisk tilnærming	19

### **Kapittel 4. Mot eit teoretisk utgangspunkt**

Postmodernisme og problematisering av historieskrivinga si form	20
Dekonstruksjon og Lèvinas sin etikk	24
Habermas sin kritikk av postmodernismen	26
Er postmodernisme og arkeologi uforeineleg?	28
Samanfatting	31

### **Kapittel 5. Teoretisk tilnærming**

Forskingshistorie	32
Historie og narrativ	37
<i>Narrativ tid som strukturerande element i historieforteljing</i>	37
Samanfatting	41

### **Kapittel 6. Kategorisering av litteratur**

Klassifikasjon og det usagte	42
------------------------------	----

### **Kapittel 7. Historie og hendingstid**

Historisk kronologi	45
<i>Den moderne positiviteten</i>	45
Kjemper og mytiske vesen. Hendingstid	47
<i>Reise gjennom Gudbrandsdalen 1775 (1826)</i>	47
<i>Om Norges Fiskerier i Fortiden (1837)</i>	48
Bibelsk og geologisk tid	48
<i>Bjerg-Hulerne i Bergens Stift (1837)</i>	48
Skriftlege kjelder og materielle spor	49
<i>Om Helle-Ristninger og andre Indhugninger i Klipper, især i Bergens Stift (1837)</i>	50

<i>Gulathinget (1837)</i>	52
Samanfatting	52
<b>Kapittel 8. Treperiodesystemet og den typologiske metoden</b>	
Evolusjonisme og arkeologiske dateringsmetodar	53
Tingen som uttrykk for ein universell idé	56
Samanfatting	59
<b>Kapittel 9. Opphav og kontinuitet</b>	
Kulturarkeologien	60
Kontinuitet	61
<i>Landnám i Norge (1904)</i>	62
<i>Norges forhistorie (1925)</i>	62
<i>Yngre steinalders stridsøksekulturer i Norge (1953)</i>	63
<i>Forntida i Odda, Ullensvang og Kinsarvik (1963)</i>	64
Samanfatting	65
<b>Kapittel 10. Arkeologi etter naturvitskapelege dateringsmetodar</b>	
Naturvitskap som arkeologisk vitskapsideal	65
C14-datering	67
Litteratur	68
<i>Norges oldtid (1983)</i>	68
<i>Odd og egg (1982)</i>	71
<i>Økonomiske enheter og sosiale grupper(1982)</i>	72
Tidsmessige element i kontekstuell arkeologi	74
<i>Vestnorske ristninger i tid og rom (1991)</i>	74
<i>Fra Vereide til vikingtid (1998)</i>	77
Endra tidsmedvit	80
<i>Narratives of Veøy (1996)</i>	80
<i>Fornminneforvaltning i praksis (1999)</i>	81
<i>Begrepet livsverden - fenomenologiske perspektiver (2002)</i>	82
Samanfatting	82
<b>Kapittel 11. Arkeologisk tid; ulike tilnærmingar</b>	
Tid, kronologi og historie	84
Periodeomgrepet	87
Dateringsmetodar som språkspel	88
Skilnader i tidssyn mellom arkeologiske greiner	89
Kan ein skilje mellom ulike typar tid i arkeologisk analyse?	91
<i>Tids-stader</i>	94
<b>Kapittel 12. Avslutning</b>	
Kvifor må arkeologien forhalde seg til det filosofiske temaet tid?	96
<b>Litteratur</b>	99

## Kapittel 1. Introduksjon

*(...) it would be hard to overestimate the scope and importance of the convention of historical time and everything it implies about individual subjectivity, collective endeavour, proper uses of language, the nature of power or thought, and, perhaps most of all, the nature and uses of knowledge. (Ermarth 1992:20)*

### **Innleiing**

Eit av arkeologien sine viktigaste mål er å prøve å forklare endring i fortidige menneskelege samfunn. Å studere fortida kan seiast å utvide den tidserfaringa vi lever i til dagleg. Dette kjem til uttrykk når kunnskap om fortida vert sett på som eit kollektivt minne, som på ulike måtar forklarar og set nåtida inn i ein kronologisk og meiningsberande samanheng. Denne oppgåva vil studere ulike aspekt av fenomenet tid i faget arkeologi. Eitt sentralt element vil vere å studere om tidsoppfattinga kan ha endra seg i løpet av faget si historie.

Tid er eit omfattande og komplekst tema, og kan studerast gjennom ulike tilnæringsmåtar. Likevel har arkeologien vore prega av lite problematisering omkring dette. Arkeologisk tidsoppfatting bygger på eit historisk, lineært og evolusjonistisk tidssyn (Shanks og Tilley 1987:viii; Karlsson 2001:46f; Olivier 2001:62). Sidan 1990-talet kan ein sjå ei aukande arkeologisk interesse for fenomenologisk filosofi (StAAF 2000:135), noko som har ført til større medvit om og problematisering av menneskeleg temporalitet i høve til materiell kultur. Både fenomenologisk litteratur, og litteratur inspirert av andre filosofiske retningar, prøver på ulike måtar å tilnærme seg temporale og historiske aspekt ved fortidige samfunn (sjå til dømes Welinder 1992:15, 20; Thomas 1999; Karlsson 2001:51). At arkeologisk tekst kunne ha ei rolle i høve til å framstille tid narrativt, har det blitt fokusert mindre på. Den lineære, representerande tida det arkeologiske tidssynet bygger på, blir i lita grad problematisert som narrativ eining. Den vitenskaplege teksten sine strenge sjangerkrav og det narrative si komplekse rolle i tidsframstilling er truleg nokre grunnar til at tidsuttrykket i arkeologi kan seiast å vere lite nyansert. Ikkje desto mindre kan det vere av interesse å sjå om tidssynet har endra seg i løpet av faget si utvikling og endring på andre område. Kanskje kan dette også peike på nye måtar arkeologien kan forhalde seg til tid på.

Litteraturvitenskap har dei seinare åra vore nært knytta til filosofi, og resultert i teoretiske apparat som kan bidra til å belyse dette temaet. Ei slik tilnærming kan gi større medvit om kva det vil sei å produsere diskurs, det narrative si rolle som konstituerande for røyndommen, og temporale aspekt i denne prosessen. Det teoretiske fundamentet for analyse av narrativ tid er

henta frå poststrukturalistisk filosofi, eit tema som blir handsama i kapittel 4 og 5. Ettersom tidsramma kan sjåast som del av arkeologien sitt epistemologiske<sup>1</sup> grunnlag, har ei problematisering av tidssynet erkjenningsmessige implikasjonar. Det problemfeltet vil ikkje bli utvikla i særleg grad her.

Denne oppgåva skal heller ikkje oppfattast som argumentasjon for at arkeologien bør forlate det lineære tidssynet fullstendig. Den lineære tida sin dominans i faget gjer det imidlertid berettiga å studere denne som eit rammeverk for forståing og gjenforteljing av fortida. Eg vil følgeleg rette merksemda mot tidslege uttrykk i arkeologisk tekst, det Ricoeur kallar *den fortalte tid* (Ricoeur 1999c:161ff). Tilhøvet mellom narrativ tid og tid i verda er kompleks; eit omfattande tema i studier av skjønnlitteratur. Ettersom historisk narrativ vil seie noko sant om verda og fortida, skal den narrative tida i historisk tekst representere eit faktisk tidsforløp. Dette må innebere at tidselement i sanningspretenderande tekst har innverknad på korleis tid kan opplevast og uttrykkast. Ricoeur stiller eit sentralt spørsmål i denne samanhengen; kva skjer med tida når den skal gjenforteljast i ein narrativ?

### **Problemstillingar og avgreinsing**

Ei viktig problemstilling i denne oppgåva er å studere tidssyn uttrykt i arkeologisk tekst. Dette vil bli gjort i eit forskingshistorisk perspektiv, for å få fram eventuelle skilnader etter som faget har endra seg. For å belyse ei slik problemstilling melder det seg andre spørsmål som må handsamast. Er det skilnad i korleis kulturarkeologien ser på tid, samanlikna med postprosessuell arkeologi? Gir dei forskingshistoriske kategoriane meining ut frå eit poststrukturalistisk perspektiv? Er arkeologien avhengig av den einskaplege evolusjonstida?

Problematisering av den lineære tida er arkeologisk relevant av fleire grunnar. Ei fokusering på tid som tema medverkar til å problematisere arkeologi som narrativt betinga verksemd. Ettersom arkeologisk kunnskap hovudsakeleg blir framstilt tekstleg, er det minst like viktig å studere arkeologisk tekst som arkeologisk gjenstandsmateriale (Hesjedal 2000:2). Arkeologisk tekst er, som all annan tekst, strukturert ved ei klassisk oppbygging basert på Aristoteles sine retoriske og poetiske prinsipp. Ein heilskapleg tekst må ut frå dette synet innehalde ei innleiande byrjing, ein argumentativ midtdel og ei konkluderande avslutning (til dømes Damm 2001:32f). Denne heilskapen er imidlertid eit resultat av ei poetisk handling, og ikkje ein

---

<sup>1</sup> Læra om korleis mennesket kan oppnå kunnskap om den ytre verda (sjå til dømes Myhre 1994:27-52).

eigenskap ved temaet sjølv (Solli 1996:42; H. White 1974:30f). Språket er i si oppbygging temporært, slik at tidslege aspekt syntaktisk og grammatisk er innskrive i teksten. Ulike språk legg imidlertid ulik vekt på grammatisk tempus. På språk med få grammatiske tider kan ein i større grad uttrykke seg gjennom grammatisk aspekt, altså i høve til om ei handling er pågåande eller avslutta. Dette skulle tale for at framstilling av tid er ei kulturell, og ikkje ei naturgjeven, eining. Grammatiske tider har innverknad på korleis vi kan tenkje, og kva vi kan ytre på det diskursive nivået (Ermarth 1992:140; sjå også Hygen 1999:19), og det er det vi vil befatte oss med her. Ifølge Ricoeur kan ein ikkje bruke dei same verktøya til å analysere element på dei ulike språklege nivåa (ord/setning/tekst), ettersom desse er kvalitativt forskjellige (Ricoeur 1999a:6ff). Ein tekst er meir enn summen av setningane den består av. Kvar einskilde tekst relaterer seg til all annan tekst (intertekstualitet), og skaper ei litterær verd (Ricoeur 1999b:141). For Ricoeur er det ikkje eit *mimetisk*<sup>2</sup> tilhøve mellom den litterære verda (historisk eller fiktiv) og den ytre røyndommen. Forteljingar, historiske eller fiktive, er avgjerande for korleis vi forstår tida.

*The ultimate problem is (...) to show in what way history and fiction contribute, in virtue of their common narrative structure, to the description and redescription of our historical condition. In a word, what is ultimately at stake in our inquiry is the correlation, or better the mutual belonging, between narrativity and historicity (Ricoeur 1983:274).*

For å presentere mulege alternativ til det historiske tidsomgrepet arkeologien bygger på, vil eg sjå på arkeologiske arbeid som eksplisitt har arbeidd med dette. Ei problematisering av tid som fenomen finn ein hovudsakeleg innan postprosessuelle retningar av arkeologi. Sjølv om delar av diskusjonen baserer seg på arkeologisk handsaming av temaet, er det nødvendig å trekke inn litteratur frå litteraturteori og filosofi. Dette bidrar til å tilføre diskusjonen nye element, og er etter mitt syn nødvendig dersom ein skal kunne utvikle nye måtar å forhalde seg til tid på i arkeologien.

Eit grunnsyn i denne oppgåva er at forskingshistoriske framstillingar i stor grad gir eit forenklande bilete av korleis og kvifor faget endrar seg. Framstillingane er i like stor grad styrt av eit ønske om å skape orden, og dermed å oppfylle ein legitimerande funksjon, som omsynet til dei forskingshistoriske kjeldene (Svestad 1995:14). Dette gjeld særleg framstillingar som gir uttrykk for at faget arkeologi har blitt til i ein evolusjonsliknande prosess, der det utviklar seg frå ein uordna tilstand til det framstår som ein heilskapleg vitskap, med avgreinsing mot andre

---

<sup>2</sup> At ein representasjon av verda speglar verda slik den faktisk er (*Retorisk leksikon* 1990:82).

fagfelt. Heller ikkje tidlegare tider sine faglege uttrykk var så einskaplege som det blir framstilt i ettertid, som til dømes det vi i dag omtalar som kulturarkeologi eller normativ arkeologi (Staafl 1994:28). Foucault sitt arbeid med utvikling av kunnskap er viktig i denne samanhengen. Med rot i hans tankegang blir dei einskilde tekstane sett som diskursive innlegg heller enn del av eit einskapleg forfattarskap. Kvar tekst er uttrykk for kva som **kan** seiast om eit tema; kva diskursen tillet. Det teoretiske grunnlaget for dette blir gjort greie for i kapittel 5.

For å studere eit forskingshistorisk tema er det nødvendig å avgrense eit arkeologisk fagfelt bakover i tid. Den kronologiske ramma vil vere frå begynnelsen av 1800-talet og fram til 2002. Dette er ikkje uproblematisk, ettersom tekstar frå 1800-talet og byrjinga av 1900-talet er tematisk strukturert ut frå andre prinsipp enn i dag. Dei tek gjerne føre seg topografi, geologiske forhold, fornminne, oldsaker, etnografiske opplysningar, skriftlege kjelder, språkhistorie og antropologiske betraktningar på lik linje (sjå til dømes A.M. Hansen 1904). Sett ut frå dagens faggrenser kan slik tekst oppfattast som vanskeleg å kategorisere. Utvalskriteriet har vore enkelt: teksten, eller delar av han, må seie noko om det som vi i dag oppfattar som arkeologiske kjelder, altså materielle spor frå fortida. Det er ikkje skilt mellom faglitteratur og populærvitenskapleg litteratur, begge sjangerane er representerte. Hesjedal meiner at populærvitenskapleg tekst har klarare ideologiske trekk, ettersom usemje innad i faget lettare blir underkommunisert i litteratur som er meint for eit større publikum (Hesjedal 2000:20f). Slik sett kan det vere interessant å studere populære framstillingar. Dette skiljet er imidlertid ikkje eit viktig element for problemstillinga her. Fleire av tekstane som blir studert her er ikkje skrivne av arkeologar, men av historikarar, språkforskarar og personar med anna fagleg bakgrunn. Aukande institusjonalisering i siste halvdel av 1900-talet gjer at faget arkeologi kan synast meir reindyrka. Dette kan sjåast som ei maskering av tilhøva, ettersom kriteriene for kva som blir rekna som 'arkeologisk' er i stadig endring. Eit institusjonalisert fagområde set grensene for kva fagleg verksemd som kan reknast som arkeologisk, og kva som ikkje kan det. Ved å hevde sin eigen rett til å uttale seg om eit tema, legg ein føringar på andre sitt høve til å gjere det same. Slik kontrollerer diskursen kva som er god arkeologi, og kva som fell utanfor. Sjølv om ikkje skiljet mellom arkeologi og andre fag er meint å vere eit hovudemne i denne oppgåva, er det eit tema som tvingar seg fram i ei forskingshistorisk oppgåve. Også den teoretiske ramma medverkar til å problematisere dei institusjonaliserte faggrensene. Omgrepet historie vil følgeleg bli brukt i to tydingar; faget historie basert hovudsakeleg på skriftlege kjelder, og eit utvida historieomgrep der dei forteljande konnotasjonane er det sentrale. Ut frå

dette synet produserer også arkeologi historie, eller snarare historiar. Eg meiner imidlertid det framgår av samanhengen kva tyding eg vil ha fram i den einskilde konteksten.

I utgangspunktet vart tekstutvalet avgrensa til norsk litteratur som omhandla Sør-Norge. Denne ramma viste seg mindre egna ettersom arbeidet utvikla seg. Ulike synteseverk som tar føre seg heile landet, der norsk materiale blir sett i samheng med skandinavisk og kontinentalt materiale, var naturleg å ta med. I siste halvdel av 1900-talet har tekstproduksjonen innan arkeologifaget auka kraftig, og det har ikkje her vore eit mål å lese alt. Dette er ikkje ein empirisk studie som tar sikte på å lese all norsk arkeologisk litteratur, for å formulere generelle trender. Ved gjennomgang av litteraturen vart analysa prega av gjentakingar, då tidsframstillingane syntest å ha små variasjonar, særleg etter at treperiodesystemet og den typologiske metoden vart tatt i bruk. Dette gjorde det etter mi meining hensiktsmessig å tone ned den empiriske analysedelen, noko som gav rom for ein meir inngåande teoretisk diskusjon.

Eg vil ikkje ta stilling til om tidssynet i teksten har komme dit umedvite eller ikkje, men konstaterer at tid er eit tema som sjeldan har blitt problematisert i arkeologi. Heller enn å prøve å trekke generelle linjer basert på ei stor tekstmengd, vil eg trekke fram einskilde tekstar frå ulike faghistoriske periodar. Dette kan gi informasjon om korleis temaet tid eksplisitt og implisitt har blitt handsama til ulike tider i faget. Sjølv om dei ulike tekstane ikkje hovudsakeleg skal sjåast som representantar for ei bestemt retning eller trend, er kvar tekst eit diskursivt innlegg i si samtid. Som sådan er kvar tekst eit uttrykk for kva som **kan** seiast om fortida, og peikar utover seg sjølv.

### **Hovudpunkt og struktur**

Oppgåva vil sentrere rundt to hovudtema; ei forskingshistorisk analyse som vil studere korleis arkeologien har handsama fenomenet tid, og ei problematisering av ulike aspekt av tid som arkeologien kan forhalde seg til. Avslutningsvis vil eg prøve å vise kva innverknad ei nyansering av tidsoppfatting kan ha, og kvifor ei slik nyansering er viktig for arkeologien. Eg har ikkje funne rom for å gi døme på korleis tidsnyansering kan komme til uttrykk i vurdering av eit konkret arkeologisk materiale, men vil prøve å peike på retningar ein kan gå i som kan medverke til tidsnyanseringar i ulike arkeologiske samhengar.



Hovudargumentet er at den lineære tida som narrativt verkemiddel har dominert faget, noko som har ført til at utviklinga av menneskelege samfunn i stor grad har blitt framstilt som ein kontinuerleg, einsretta og delvis teleologisk<sup>3</sup> prosess. Forklaringa på dette er ikkje å finne på det epistemologiske planet, men snarare i ideologiske og litterære vurderingar i framstillingar av arkeologisk kunnskap.

Kapittel 2 vil søke å gi eit kort og generelt oversyn over viktige tilnærmingar til tid i løpet av filosofihistoria. Kapittel 3 framstiller arkeologisk problematisering av tid dei siste 15 åra. Kapittel 4 argumenterer for nytten av poststrukturalistisk filosofi i arkeologi, og dannar bakgrunn for kapittel 5, som presenterer den konkrete teoretiske tilnærminga. Kapittel 6 søker å gi ei forståing av korleis litteraturen blir handsama og kategorisert i kapittel 7-10. Desse kapitla er ei forskingshistorisk analyse som prøver å vise korleis ulike arkeologiske tekstar framstiller tidsmessige element (det gjeld også kapittel 8 sjølv om det ikkje direkte framgår av innhaldslista), med særleg vekt på påverknad frå ulike dateringsmetodar. Den kronologiske ramma er frå begynnelsen av 1800-talet og fram til 2002, men eldre litteratur blir trekt inn for å vise likskapar med anna historisk forskning. Kapittel 11 prøver å utdjupe nokre av dei tidsmessige elementa som kjem til syne i kapittel 7-10, og peiker på aspekt som kan gripast fatt i for å nansere arkeologiske tidssyn. Kapittel 12 er avsluttande kapittel, og prøver å seie noko om kvifor det er viktig at arkeologi forhaldar seg til eit filosofisk tema som tid.

## **Kapittel 2. Filosofiske innfallsvinklar til tid: ein introduksjon**

### **Tid – eit omgrep som unndrar seg definisjon**

Tida grip inn i all menneskeleg verksemd, og kan synast vanskeleg å definere. Dette kjem tydeleg til syne gjennom den filosofiske handsaminga av temaet, som følgeleg har ei lang forskingshistorie. For å sette ei ramme for diskusjonen kan det vere nyttig å gi ein kort gjennomgang av nokre sentrale filosofiske tilnærmingar til tid.

To viktige linjer i handsaminga av tid i vestleg filosofitradisjon er å sjå tida som objektiv og ekstern, og å sjå den som subjektiv og indre opplevd. Kritikkk av denne todelinga er ei anna viktig retning. Ein vanleg måte å skildre tida på er gjennom romlege bilete, som når ein talar om lineær og syklisk tid. Innan naturvitskapane ser ein tid som ein fjerde dimensjon, og forstår

---

<sup>3</sup> Trua på at historia utviklar seg lineært mot eit bestemt mål.

tid og rom som avhengande av kvarandre. Ein kan til dømes ikkje snakke om kva som var 'før' universet var til. Utan rom ville det heller ikkje eksistere tid. Den naturvitskaplege, objektive tida er imidlertid ikkje så einskapleg som det gjerne blir framstilt (Bailey 1983).

### **Tid som fysisk eining**

Aristoteles (384-322 f.Kr.) si handsaming av tid i *Fysikken* har på mange måtar lagt grunnlaget for seinare filosofisk handsaming av temaet. For Aristoteles var tida først og fremst naturvitskapleg, *an attribute of the external world* (Thomas 1999:32). Han nyttar dei romlege einingane punktet og linja som analogi for å forklare tilhøvet mellom augneblinken og tida, eit tilhøve mellom rom og tid som har vore sentralt i seinare tidsfilosofi (Rapaport 1989:75). Rapaport argumenterer for at det fantest aspekt ved Aristoteles sin tidsfilosofi som vart nedtona, noko han meiner har gjort diskusjonen mindre nyansert enn naudsynt. Aristoteles si handsaming av tida viser imidlertid, ifølge Rapaport, at han ikkje såg på denne som heilt uproblematisk. Mellom anna såg Aristoteles det som eit paradoks at tid, som ikkje-verande, kan manifestere væren (ibid.:74).

Sjølv om det er grunn til å tru at tidsoppfattinga i det klassiske Hellas var syklisk (Eriksen 1999:62, 64; Vinsrygg 1986:235; sjå imidlertid Schnapp 1996:60-74, som hevdar at grekarane var meir framtidsretta)<sup>4</sup>, ser Aristoteles tida som lineær. Den lineære tida er særskilt viktig innanfor ei kristen historieforståing (Vinsrygg 1986:232), som ser historia som (...) *en enestående, ugjentagbar prosess, en rekke av hendelser som er rettet mot et mål* (Eriksen 1999:64). Eriksen reknar Augustin som den første til å tilnærme seg det kristne historiesynet filosofisk (ibid.).

### **Tid som menneskeleg erfaring**

Augustin (354-430 e.Kr.) kan også sjåast som den første representanten for ei fenomenologisk tid (Thomas 1999:33).<sup>5</sup> I motsetnad til Aristoteles si ytre tid legg Augustin vekt på den menneskelege tidserfaringa. Han talar om ei nåtid om fortida, ei nåtid om nåtida, og ei nåtid om framtida (Augustin 1948:195). Augustin baserer si tidsanalyse på Platon, som skil mellom det tidslege og det evige. Tida har komme til ved skapinga, følgjeleg kan ein berre angi tid i

---

<sup>4</sup> Dette skal ikkje forståast som at sykliske element utelukkar lineære, eller omvendt. Dei fleste samfunn har både sykliske og lineære element i tidsforståinga (Eriksen 1999:40f).

<sup>5</sup> Det er sjølvsagt diskutabelt å nytte spesifikke kategoriar frå nyare filosofi for å skildre meir enn 1500 år gamle tankesett. Sjå Eriksen 1999:79 for nyansering.

høve til eksisterande ting (Oates 1948:xxxii). Augustin analyserer tilhøvet mellom Guds absolutte eksistens og mennesket sin temporale tilstand. Ein kan ikkje snakke om Guds føregåande kunnskap, seier han, fordi omgrepet 'før' refererer til den tidslege sfæren, som Gud er utanfor (Augustin 1948:189ff). Ut frå Augustin sitt syn er det berre augneblinken som er eksisterande tid, fortid og framtid har ikkje ekstistens (ibid:195). Men augneblinken har heller ikkje utstrekning, det tar ikkje opp noko rom (ibid:192). Den menneskelege temporaliteten finst mellom tida og evigheten; tida er slik mennesket opplever den.

*(...) Augustine (...) define time as extendedness of the soul, distentio animi. It consists in the permanent contrast between the instability of the human 'now' and the stability of the divine 'now' which embraces past, present, and future in unity of creative vision and action (Ricoeur 1991c:436).*

### **Tid som erkjenningskategori**

Kant (1724-1804) studerer ikkje tid som fenomen i seg sjølv, men arbeider med tid i samband med erkjening (Sherover 1971:248). Tida er for Kant lineær, ting eksisterer samstundes eller suksessivt (Thomas 1999:31). Den er ikkje ein ting i seg sjølv, men ein nødvendig føresetnad for all erkjening, ein erkjenningskategori (Sherover 1971:54f). All erkjening skjer i tid (ibid.:255). Erkjenningskategoriane eksisterer a priori, altså forut for erfaring, men gir seg først til kjenne gjennom å ordne sansemessige inntrykk. Ein erkjenner ikkje kategoriane i seg sjølve, men den verknaden dei har på erfart kunnskap (ibid). Kant får imidlertid eit problem med skildringa av tida; den er både **erfart** av subjektet, og **a priori strukturerande** for erfaringskunnskap (ibid.:250ff; Thomas 1999:32).

### **Tid som strukturerande for menneskeleg væren**

Heidegger<sup>6</sup> (1889-1976) vidareutviklar Kant sin tidsfilosofi. Han går ut frå husserlsk fenomenologi, og har også blitt knytta til eksistensialisme (Fløistad 1993:15). Gjennom sin filosofi vil han avdekke den spesifikke menneskelege veremåten; kva er det som gjer mennesket til det det er? Ifølge Heidegger er mennesket karakterisert ved at det reflekterer over sin eigen eksistens. Han meiner at vestleg metafysikk og filosofi har *tilslørt* tydinga av at mennesket har eit fenomenologisk tilhøve til tida, det vil seie er endelege, historiske vesen som har ei fortid, ei nåtid og ei framtid, og er seg medvitne om dette (Thomas 1999:39). For Heidegger er den historiske tida eit uttrykk for ueigentleg væren. Augneblinkane i den fysiske tida har ikkje noko historie, minne, eller tanke om kva dei skal gjere med morgondagen. Dette har

---

<sup>6</sup> Her vil berre bli presentert Heidegger sin tidlege filosofi, ettersom Fløistad hovudsakeleg baserer seg på *Sein und Zeit* (1927). For bruk av den seine Heidegger i arkeologi sjå Karlsson 1998. For husserlsk kritikk av Heidegger sitt tidsomgrep brukt i arkeologi, sjå Kyvik 2001.

mennesket, noko som gjer at det må forhalde seg til tida på eit anna vis. Berre på denne måten kan mennesket verkeleggjere den eigentlege veremåten sin; å leve i Væren.

*Heidegger's most important perception, for my purposes, is this: that the idea of temporal infinity is what in practice deflects our attention from the ultimate human necessity of facing death. 'Fleeing in the face of death' is for Heidegger the very ground of historical thinking (what he calls inauthentic temporality) because it exists in order to cover up the fact that existential time ends, and that end is **not mediated**. (Ermarth 1992:35).*

Menneskeleg eksistens er strukturert av det Heidegger kallar eksistensialar (Fløistad 1993:19). Desse må haldast frå dei kantianske kategoriane, som gjeld den fysiske verda. Eksistensialane kjem berre til uttrykk i konkrete situasjonar, men transcenderer desse (ibid.:37). Tida gjennomsyrrer eksistensialane. Det vil ikkje seie at desse kan reduserast til former for tidsleghet, men at tida er eit alltid tilstadesverande element. Eit anna relevant heideggeriansk aspekt av menneskeleg tidsoppleving er 'kastethet', det vil seie å vere kasta inn i historia når ein begynnar å fortelje historie (ibid.:102). Denne opplevinga bidreg til å gjere den lineære historiske temporaliteten dominerande. Ved å avsløre denne dominansen kan ein nærme seg den menneskelege temporaliteten, som ikkje er uendeleg som den historiske tidsaksen. Væren er gjennomsyra av tid.

*Tiden eller tidsstrukturene viser seg å være det som knytter alle øvrige strukturer sammen til en art strukturert enhet. Tiden og dens strukturer er nemlig det som, ifølge Heidegger, til syvende og sist utgjør den spesifikke menneskelige væremåte og således ligger til grunn for og muliggjør den konkrete menneskelige eksistens. (ibid.:33).*

### **Tid som språkleg konstruert**

Ifølge Wittgenstein (1889-1951) kan ein ikkje spørje kva tid er, då dette er eit spørsmål språket ikkje kan besvare. Å prøve å besvare eit slikt spørsmål vitnar om ei feil forståing av tilhøvet mellom språket og røyndommen, meiner han (Eriksen 1999:24f). Det at språket har eit omgrep som heiter tid, tyder ikkje at det fins ein eintydig referanse til dette omgrepet i verda, seier han. Han er oppteken av grensene for kva vi kan, og ikkje kan, uttrykke språkleg (Fredriksson 1996:86ff, 101), og tida er for Wittgenstein eit døme på det siste. I likskap med den seinare poststrukturalismen, meinte Wittgenstein at språket ikkje kan skildre seg sjølv (ibid.:69, 89). Den seine filosofien til Wittgenstein er også sett som ei viktig inspirasjonskjelde for den språklege vendinga i filosofien på 1960-talet, som poststrukturalismen er del av. Denne tilknyttinga blir ofte skildra med følgjande kjende formulering: *Etter Wittgenstein er all filosofi språkfilosofi* (Åmås og Larsen 1994:13).

I den seine filosofien utviklar han det han kallar ein språkspel-teori. I korte trekk går denne ut på at eikvar utsegn må forståast innanfor sitt spel eller kontekst (Tilley 1982:33; Bintliff 1998:39). Etersom Wittgenstein meiner det ikkje let seg gjere å tale om kva tid er, er relevansen av wittgensteinsk filosofi kanskje ikkje openberr for problemstillinga her. Bintliff har imidlertid argumentert for at Wittgenstein sin språkspel-teori kan nyttast for å inkludere både humanistiske og naturvitskaplege metodar i arkeologi, utan at desse treng å sjåast som uforeinelege (Bintliff 1998:38ff; 2000). Som ei forlenging av dette, meiner eg at språkspel-teorien kan vere eit reiskap til å oppnå større nyansar i arkeologiske tidssyn. Ved å ta utgangspunkt i denne kan ein argumentere for at inkommensurable<sup>7</sup> resultat, som til dømes ulike dateringar, gir tilgang til forskjellig kunnskap om eit materiale eller ein lokalitet. Dette blir hovudsakeleg handsama i kapittel 11.

### **Kapittel 3. Forskingshistorie; framstillingar av tid i arkeologisk narrativ**

#### **Tidsproblematisering og arkeologi**

Omgrepet tid er i lita grad problematisert innan norsk arkeologi. For eit fag som arbeider nettopp med store tidsspenn, kan den manglande tidsproblematiseringa sjåast som ein mangel. I løpet av 1980 og -90-talet kan ein sjå eit større medvit om temaet, hovudsakeleg i britisk (Bailey 1983; Hodder 1987; Shanks og Tilley 1987; Adam 1990<sup>8</sup>; Gell 1992; Ingold 1993; Gosden 1994; Tilley 1994; Bradley 1998; Thomas 1999;), men også til dels i svensk arkeologi (Welinder 1992; Karlsson 1998; Holtorf og Karlsson 2000 (ed.); Karlsson 2001 (ed.)). Også ein skilde norske arkeologar har tematisert tidsaspektet i faget (Vinsrygg 1986; Solli 1996; Hygen 1999; Kyvik 2001; 2002). Dette kjem til uttrykk gjennom tekst der arkeologar har drege nytte av ulike filosofiske og historiografiske syn på tid, endring og narrativitet, fleire av dei fenomenologisk inspirert. Vekta har hovudsakeleg blitt lagt på temporalitet i høve til det arkeologiske materialet, og nokre prøver å tilnærme seg fortidige menneske si tidsoppleving (til dømes Welinder 1992; Karlsson 2001). Tid slik den kjem til uttrykk i den arkeologiske teksten blir sjeldan tematisert (men sjå Solli 1996). Dette kan henge saman med at litterære og narrative sider ved produksjon av arkeologisk tekst har blitt lite problematisert (Yates 1990:269; Hesjedal 2000:10). Sjølv om tid som fenomen er i ferd med å bli eit studietema for

---

<sup>7</sup> Dette skal ikkje sjåast som inkommensurabilitet i kuhniansk forstand, ettersom Kuhn sin paradigmemodell ikkje er egna for humanvitskapar (Solli 1996:19; men sjå til dømes Orestad Sørgaard 2001:68ff for eit anna syn).

<sup>8</sup> Barbara Adam tilnærmar seg tidsproblematikken frå eit sosiologisk utgangspunkt, men omtalar også arkeologisk relevante aspekt.

einskilde arkeologar, har ikkje arbeidet deira fått vid tilslutnad innanfor faget. Noko av forklaringa på dette kan ligge i at problematisering av den lineære tidsaksen arkeologisk kronologi er avhengande av, blir sett som subversiv for faget. Denne oppgåva er imidlertid argumentasjon for at den lineære tidsdominansen i faget gjer studier av tidsomgrepet særskilt viktig.

### **Annales-skulen og Braudel sine temporale strukturar**

Ein av dei første som problematiserer arkeologisk tid er Ian Hodder, som redigerer verket *Archaeology as Long-Term History* (1987). I artikkelen *The Contribution of the Long Term* i same verk hentar Hodder inspirasjon frå den franske Annales-skulen, og talar for å gjere bruk av tidsstrukturane<sup>9</sup> til Fernand Braudel. Annales-skulen var ein av fleire reaksjonar mot den tyske historiske skulen eller historismen (Knapp 1992:5), som blir knytta til romantikken. Det romantiske historiesynet tilsa at eikvar historisk hending var unik, målsettinga var å finne det eineståande og forstå *wie es eigentlich gewesen*, som Ranke uttrykte det. Denne kunnskapen kunne ein oppnå gjennom ein hermeneutisk metode (Kjeldstadli 1992:52f). Annales-historikarane kritiserte historismen sin partikularisme, og ville trekke inn fleire typar kjelder for å avdekke lovmessighetar i historia (Knapp 1992:5). Annales-skulen er sterkt empirisk orientert, og kan kjenneteiknast ved eit meir totaliserande historiesyn enn historismen<sup>10</sup>.

Annales-skulen er ei retning med forskjellige uttrykk, noko som også viser seg i arkeologisk bruk av desse. Eg vil i hovudsak fokusere på påverknad frå Braudel sine tidsstrukturar, då dette har størst relevans for problemstillinga her. *Archaeology as Long-Term History* er retta som ein kritikk av den dominerande prosessualismen på 1980-talet. Hodder meiner at prosessualismen fjerna arkeologien si tidlegare kobling til historifaget, for å nærme seg antropologien. Dette gjorde at det historiske, diakrone perspektivet kom i bakgrunnen, til fordel for ei fokusering på det synkrone; eit meir antropologisk perspektiv (Hodder 1987a:vii). Ifølge Hodder bør den postprosessuelle arkeologien nærme seg historiefaget, som kan berikast av arkeologien sitt

---

<sup>9</sup> Ikkje å forveksle med Lèvi-Strauss sine strukturar (Knapp 1992:6). Braudel sine strukturar *exist in the world of material things* (Clark sitert i Thomas 1999:34), og har ikkje noko med til dømes språklege system å gjere. Strukturalismen sine strukturar opptre i menneskeskapte meiningsystem, beståande av både immaterielle og materielle einingar, som språk, slektskapstilhøve, osv.

<sup>10</sup> *The former reliance on scholarly authority and textual criticism of the sources is to be replaced with the search for vast new data bases amenable to statistical treatment, e.g. tax documents, parish records. The traditional emphasis on great men and battles must yield to the trends of population demography, the analysis of class structure, patterns of diet and health.* (Bintliff 1991:5f).

lange tidsspenn. Ei kobling mellom desse faga vil også gripe djupare inn i tema som historisk metode og historiefilosofi, meiner Hodder (ibid.).

Det som hovudsakeleg skil ein ikkje-historisk frå ein historisk tilnæringsmåte innan arkeologi, er at førstnemnde ser på kultur som reduserbart til reaksjonar på ein eller få faktorar, til dømes klimaendringar, folkeauke, eller teknologisk utvikling (Hodder 1987b:2). Den historiske tilnæringsmåten derimot, ser kultur som ikkje-reduserbar til ein eller få faktorar, men eit meningsfylt samspel for dei som er involvert. Hodder baserer seg på R.G. Collingwood sitt hermeneutiske historiesyn (ibid.). Dette inneber at ein må 'lese' historie kontekstuellt. For å sette eit arkeologisk materiale inn i ein temporal kontekst, kan ein bruke Braudel sine tidsstrukturar, meiner Hodder (ibid.). Braudel introduserer ei tredeling av tida i hendingar (*l'histoire évènementielle*), strukturar (*conjoncture*) og lange linjer (*la longue durée*) (Knapp 1992:6). Hodder argumenterer for at dei tre tidsstrukturane er knytta saman, og kan nyttast for å bestemme ein relevant kontekst. Hodder meiner dei lange linjene er bygd opp av hendingar av kortvarig art (Hodder 1987b:5). Korleis dei tre tidsaksane påverkar kvarandre, er imidlertid ikkje tilstrekkeleg klargjort av Braudel (Bintliff 1991:8). Dette tilhøvet kan arkeologien bidra til å tydeleggjere, meiner Hodder (Hodder 1987b:5). Arkeologien kan studere om det finst fellestrekk mellom fasar med same namn, som *Early*, *Middle* og *Late phases*.<sup>11</sup>

Andre som har arbeidd med Braudel sitt tidsomgrep innan arkeologi er som nemnt John Bintliff (1991) og Bernard Knapp (1992). Der Hodder ser tankar frå Annales-skulen som eit reiskap i kritikk mot prosessualismen, ser Bintliff det som ei påvising av at prosessuell og postprosessuell arkeologi heller kan sjåast som komplementære retningar (Bintliff 1991:26f sluttnote 1). Knapp knyter Braudel sine tidsstrukturar saman med ei strukturalistisk inndeling i syklisk og lineær tid, og meiner i likskap med Hodder at arkeologien si oppgåve er å bestemme ein temporal kontekst (Knapp 1992:12). Knapp kritiserer likevel Braudel sitt kortaste tidsperspektiv, han meiner dette ikkje er vesentleg forskjellig frå den tyske historiske skulen si forteljande historie om 'kongar og krig' (ibid.:6). I likskap med Bintliff, fokuserer Knapp på fellestrekk mellom prosessualisme og postprosessualisme (ibid.:3). Knapp meiner også at

---

<sup>11</sup> *It would be interesting, for example, to compare the numerous cases in which periods have been divided up into Early, Middle and Late phases. Are there any common characteristics of, for example, Early phases? And what causes variation between them? And once a certain type of Middle phase has been reached, what sort of leeway exists for the late phase? Answers to such questions would lead to an understanding of whether long-term rhythm do occur.* (Hodder 1987b:4).

Annales-historia og nyare arkeologi har store likskapar, og at arkeologi er eit opplagt bindeledd mellom samfunnsvitskapar og humaniora (ibid.:4). Febvre og Bloch, begge kjende Annales-historikarar, arbeidde etter Durkheim sitt prisipp om at individet må studerast ut frå ein sosial kontekst (ibid.:5). Historie skulle innehalde studier av materiell kultur, sosiale grupper og økonomiske trender, altså eit langt større kjeldetilfang enn faget hadde arbeidd med tidlegare. (ibid.). Ut frå dette ser ein kvifor Febvre meinte det ikkje var noko skille mellom arkeologi og historie (Bintliff 1991:18f). Ein historikar må avgrense eit forskingsområde, og så bestemme det tidsspennet som er relevant for den aktuelle analysen, seier Knapp (Knapp 1992:6,13).

Braudel sine strukturar har møtt kritikk for å vere deterministiske; menneskeleg handling kan synast å bli redusert til svar på langsomme utviklingstrekk ein ikkje har innverknad på (Knapp 1992:6). Ifølge Knapp er det problematisk for arkeologien at diakrone prosessar i fortida i dag berre eksisterer i ein synkron, materiell tilstand (ibid.:14); tid materialisert i kulturlag og strukturar i jorda. Knapp meiner arkeologien må skilje mellom tid som rammeverk og tid som hendingar i fortida (ibid.:12). Sjølv om Knapp sitt syn bidreg til å eksternalisere tida<sup>12</sup>, fangar utsegna likevel vanskeligheten med å studere eit arkeologisk materiale som ein historisk og temporal prosess. Korvidt ein kan skilje mellom ulike typar tid i arkeologisk verksemd, kjem vi tilbake til i kapittel 11. Eit anna ankepunkt mot bruken av Braudel sine tidsstrukturar i arkeologi er at dette ikkje på nokon måte problematiserer det lineære, representerande historiesynet. Som Thomas påpeiker, liknar Braudel si tid den kantianske<sup>13</sup>. Vi rører oss framleis innanfor Heidegger si offentlege tid, og som vi skal sjå, finst det alternativ.

### Heidegger sin filosofi i arkeologien

Julian Thomas har prøvd å nærme seg dei tidsmessige kvalitetane ved arkeologisk kjeldemateriale gjennom fenomenologi. I *Time, Culture and Identity* (1999) gjer han bruk av Heidegger sin tidlege filosofi. I arbeidet sitt opplever Thomas at temporaliteten heng uløyseleg saman med synet på materiell kultur og menneskeleg identitet. Desse omgrepa, meiner han, har vore fundamentale for arkeologien sitt idèhistoriske grunnlag.

---

<sup>12</sup> *Distinctions between cyclic (or past) time and linear (or current) time may be related directly to Braudel's hierarchical spatio-temporal rhythms (...) and to chronology theory in archaeology (...) Archaeologists tend to use time as a metaphor, but it is necessary to distinguish time – as a framework or context – from what happened in time.* (Knapp 1992:12).

<sup>13</sup> *Braudel's is thus characteristically the historian's understanding of time, as containing past events and processes, which can be pegged to some point along the unfurling skein. In consequence, events are always considered retrospectively, and their significance assessed teleologically.* (Thomas 1999:35, mi utheving).



*It seems to me that this nexus of questions has been axial to the history of archaeological thought, and yet more often than not the concepts of time, culture and identity have been taken for granted. Moreover, it may be that the ways in which they have been conceptualised within archaeology are lodged with broader formations of modern western thought.* (Thomas 1999: 2, mi utheving).

Denne innsikten er heilt avgjerande for korleis ein kan forhalde seg til faget arkeologi. Thomas hevdar at den manglande tidsproblematiseringa heng saman med lite diskusjon omkring faget sine røtter i moderne epistemologi (Thomas 1999:ix).

Temporalitet, på fleire nivå, har følgjer for korleis vi oppfattar oss sjølve og verda rundt oss. Basert på Foucault og Lacan sine subjektteoriar, meiner Thomas at egoet er utstrekt i tid. Språket og det narrative har ei konstituerande rolle for utviklinga av subjektet. Eit barn erkjenner seg sjølv som 'eg' i motsetnad til 'andre', og denne språklege danninga av subjektet medfører inntreden i det Lacan kallar den symbolske ordenen (Thomas 1999:46f). Med grammatiske tider og lineær syntaks krev språket at vi strukturerer tankane våre i tid. Ting har hendt, hender nå, eller har ennå ikkje hendt (ibid.:43). Som nemnt i kapittel 1, skjer dette i forskjellig grad innanfor ulike språk. Desse skilnadene har konsekvenser for kva tidsleg rammeverk ein kan uttrykke seg innanfor.

Arkeologien sitt teoretiske grunnlag bygger på kartesiansk filosofi (Thomas 1999:11ff). Descartes søkte eit sikkert utgangspunkt for erkjenning, og med sin metodiske tvil kom han fram til svaret: det menneskelege medvitet, det kartesianske *cogito*. Dette inneber eit skille mellom kropp og sjel, indre og ytre verd, eit skille som har vore grunnleggande i vestleg filosofitradisjon sidan (Stigen 1992:378-403; Sebba 1971:452-455).

Også innverknad frå kantiansk filosofi har ført til at ein har sett på mennesket, og verda elles, i motsetnader beståande av ein opphavleg natur, med kulturen tillagt som lag utanpå naturen, ifølge Thomas (Thomas 1999:11ff). Dette har leidd til at ein har sett på dei tidslege eigenskapane ved arkeologisk kjeldemateriale på to vis: tid som ei ekstern, offentleg tid, ein lineær sekvens ein kan sette funn og hendingar inn i, eller tid som ein internalisert eigenskap ved eit samfunn i fortida, noko som har ført til at ein har tillagt dette samfunnet essensielle eigenskapar (ibid.:34). Thomas meiner begge tilnæringsmåtene er problematiske, og nyttar Heidegger sin tidsfilosofi for å tilnærme seg den menneskeleg temporaliteten. Væren er fundamentalt tidsleg, den eksterne tida tyder ikkje noko for mennesket sin eksistensielle tilstand (ibid.:53). Mennesket er ifølge Heidegger karakterisert mellom anna ved at det har

omsorg for sin eigen eksistens, og denne eksistensen er strukturert av dei temporære kategoriane fortid, nåtid og framtid. Desse er kontinuerleg til stades, gjennom minne og tankar. Tida er ein del av mennesket si befatting med verda. Både fortida og framtida er alltid tilstades i nåtida, og å skilje desse temporale aspekta frå kvarandre slik arkeologien gjer er ikkje uproblematisk.

Håkan Karlsson, også prega av fenomenologi, argumenterer for at Heidegger sin seine filosofi representerer eit alternativ til Thomas og Gosden sin bruk av den tidlege Heidegger (Karlsson 1998:157-162). Eit omgrep om tid er opplagt nødvendig for arkeologisk verksemd, seier Karlsson. Ein finn imidlertid sjeldan temaet diskutert innan faget. Dette er truleg grunnen til at dei fleste arkeologar har eit enkelt syn på tid, meiner han (Karlsson 2001:46f). I tråd med Kant ser vi tida som noko utanfor oss, noko objektivt, men samstundes lever vi sjølv midt i denne tida (ibid.:47). Denne offentlege, objektive tida har blitt stadig meir presisert gjennom betre målemetodar og apparat, noko som kan ha ført til ei framandgjerung frå den menneskelege temporaliteten (ibid.:49). Sjølv om arkeologien stort sett arbeider med enorme tidsspenn, blir desse innpassa i den eksterne tidsaksen, som vi har gitt ei stadig meir presis fininndeling. Arkeologien har ikkje nytte av å stykke opp tida i sekund og minutt, likevel er det dette kronologiske fundamentet arkeologien sitt temporale rammeverk bygger på (ibid.:50). Etersom arkeologien ikkje har sett på tid og temporalitet som eit interessant tema, blir fortida delt inn i abstrakte og delvis idealistiske periodar.

*The circumstance that time perhaps cannot be divided in this way and that people who, for instance, lived in the geographical region that became Sweden in the year A.D. 450 did not know that they were living in a Roman Iron Age that already the next year would change to a Migration Period does not seem to worry us. (ibid.:51).*

Arkeologien har konsentert seg om stadig meir raffinerte dateringsmetodar, som utfyller den absolutte tidssekvensen (ibid.). At dei arkeologiske periodane er abstraksjonar basert på materielle kulturuttrykk, er eit tema som har blitt handsama innan arkeologien fleire ganger (til dømes Shetelig 1912:63; Hougen 1924:5; Gräslund 1996:21f), og er neppe det viktigaste poenget for Karlsson. Korvidt arkeologien tar konsekvensen av dette er meir usikkert. Eit langt viktigare tema hjå Karlsson er tilhøvet mellom fortid og nåtid, som han meiner er meir komplisert enn framstilt gjennom det historiske tidsomgrepet (Karlsson 2001:51).

Diskusjonar om tid i Vesten har for det meste føresett ein definisjon av tid som ligg nær opp til Aristoteles sin tidsdefinisjon (Karlsson 1998:47), som ser tida som ekstern og objektiv. Det

finst imidlertid element hjå Aristoteles som kan tilføre denne diskusjonen nyanseringar, meiner Karlsson (Karlsson 2001:52f; sjå også s.10). Aristoteles kjem fram til at tida ikkje ville eksistere dersom det ikkje finst medvit som kan telje og måle denne. Dette aspektet har blitt nedtona i arbeidet med Aristoteles sin tidsfilosofi (Karlsson 2001:52f).

Mennesket forstår seg sjølv og omverda gjennom temporalitetet, seier Heidegger (Karlsson 2001:53). Inndelinga av tid i fortid, nåtid og framtid er svært simplistisk, meiner han. Ifølge Heidegger er mennesket i sin eksistens alltid framføre seg sjølv, i den forstand at vi rettar oss mot det som skal komme i framtida (*the future as approaching*). Heidegger sine tidshorisontar er så integrerte i kvarandre at dei vanskeleg kan skiljast ut som einskilståande deler, seier Karlsson (ibid.:53f). Nået inneheld ikkje berre 'nåtid', som eit isolert stykke tid, men ber også med seg det som har vore, og forventning om ting som skal komme (ibid.). Dette har store følgjer for forståinga av historisk tid, ettersom ein ikkje kan isolere eit punkt eller tidssekvens. Ut frå dette kan ein vanskeleg skilje ut arkeologiske periodar.

*According to Heidegger, there is no gap of time between the past and the present that we can transcend in our striving for a better understanding of the isolated past. Nor is there a flow of time, in which in a later phase we can understand an earlier phase, without taking into consideration the circumstance that "the character of having been" is intimately interwoven with both "the present" and "the future as approaching", i.e. the temporality of the interpreter (Karlsson 2001:55f).*

Som nemnt i kapittel 2 meinte Heidegger at forklaringa på tilsøringa av den menneskelege temporaliteten låg i frykt for dødeligheten, og eit ønske om å unnslepe denne gjennom kontroll av tida. Arkeologi, som den blir praktisert i dag, tar del i denne tilsøringa, meiner Karlsson (ibid.:57). Dette inneber også at aksept av ideane hans kan synast destruktive for arkeologisk verksemd. Karlsson meiner likevel at innsikt i temporalitet slik Heidegger framstiller den kan leie til ein arkeologi som er i stand til å fortelje oss nye ting om dei epistemologiske og ontologiske prinsippa arkeologisk verksemd bygger på, så vel som vår eigen menneskelege eksistens (ibid.:58).

### **Ei poststrukturalistisk tilnærming**

Ei poststrukturalistisk tilnærming finn ein hjå Shanks og Tilley, mellom anna i *Social Theory and Archaeology* (Shanks og Tilley 1987). Poststrukturalismen ser tid som handlingsskapt (jmf. s.37, fotnote 31, om Foucault si forståing av tid), i motsetnad til den einskaplege evolusjonstida. Ifølge Shanks og Tilley heng den manglande tidsproblematiseringa i arkeologi saman med lite vekt på teoretisk og litterært medvit i faget (Shanks og Tilley 1987:118ff; sml.

Thomas 1999). Arkeologien sitt syn på tid er i stor grad basert på evolusjonisme. Samfunnsvitenskapleg teori blir brukt for å studere variasjonar i tid og rom i det arkeologiske kjeldematerialet, utan at arkeologien sitt langt lengre tidsperspektiv blir tematisert. Likevel har ikkje teoriar for å forklare sosial endring blitt utvikla innanfor arkeologi. Ifølge Shanks og Tilley er det heller ikkje sannsynleg at dette vil skje i framtida (Shanks og Tilley 1987:137).

## **Kapittel 4. Mot eit teoretisk utgangspunkt**

(...) *language is not the reflection of meaning, it is there in place of meaning.* (Baudrillard 1994:92).

### **Postmodernisme og problematisering av historieskrivinga si form**

Ei problematisering av det narrative har sitt utgangspunkt i såkalla postmoderne filosofi. Konsensus omkring bruken av omgrepet 'postmoderne' eksisterer ikkje. Det er heller ikkje eit klart samanfall mellom uttrykka postmodernisme og poststrukturalisme. Poststrukturalisme kan karakteriserast som ei særskilt filosofisk retning, basert på kritikk mot den føregåande strukturalismen. Det postmoderne er noko meir komplisert å forhalde seg til, mellom anna fordi det er få teoretikarar som sjølv karakteriserer seg ved dette omgrepet. Berettigelsen av omgrepet er omdiskutert (til dømes Latour 1996). Brattli meiner at 'postmodernisme' er eit tomt omgrep, *Ingen veit heilt lenger kva dette ordet tyder* (Brattli 1993:162). I mange tilfelle kan nok andre karakteristikkar vere nyttigare og meir lada med innhald. For å prøve å setje ei ramme for diskusjonen i kapittel 5, meiner eg likevel det kan vere nyttig å bruke postmodernisme-omgrepet som eit samlande omgrep om visse filosofiske og teoretiske retningar. Den franske filosofen Baudrillard karakteriserer det postmoderne som eit brot med det moderne. Det moderne karakteriserer han som ein tilstand oppretthalde av *grand narratives*, det vil seie overordna historiar som dannar rammer for forståing av verda. Moderniteten sine forteljingar har i stor grad sentrert rundt det Baudrillard kallar *the illusion of the end* (Jenkins 1999:57). Ved å ikkje lenger sjå historia som utviklande mot eit endepunkt, endrar også erkjenninga av verda seg, ifølge Baudrillard. Den blir uforståeleg (*unintelligible*); dette inneber at eit fenomen eller objekt vil unnslepe eitkvart forsøk på å forstå det til fulle<sup>14</sup>.

Sjølv om postmoderne retningar motset seg oppsummeringar, vil eg likevel karakterisere dei gjennom nokre felles trekk. Ei fokusering på språket sin materialitet (sjå til dømes Ermarth

---

<sup>14</sup> *The 'object' of enquiry always remains out of our reach (...) Baudrillard talks of the 'revenge of the object' (...) it continues to seduce us into thinking that – next time – it will be ours; that its radical otherness/alterity will be reduced to the same, to us (...) Beyond every analysis there is always something 'disruptive' left out (...) it means that no closure is ever a total closure (...)* (Jenkins 1999:58f; sjå også Baudrillard 1994:13).

1992:3f), problematisering av det kartesianske subjektet (sjå s.17), og studier av makt og ideologi, kan seiast å vere viktige postmoderne tema (til dømes Foucault 1988; 1991). Ermarth ser på postmodernisme som eit kronologisk omgrep (Ermarth 1992:4ff). Ho meiner at postmodernismen har ein viktig forgjengar i surrealistrørsla i første del av 1900-talet. Denne retninga vende seg mot den dominerande realismen i europeisk kunst på 1800-talet (Ermarth 1992:90ff). Delar av postmoderne teori blir sett som subversiv for vitskapleg verksemd (for eit anna syn, sjå Moore 1998:52). Dette blir utdjupa meir nedanfor.

Keith Jenkins har studert postmodernismen si tyding for historiefaget i *Why History?* Han argumenterer for at delar av det modernistiske historiefaget har gjort forsøk på å inkorporere den postmoderne kritikken i det eksisterande faglege rammeverket. Slik kan kritikken ufarleggjerast, noko som gjer det overflødig å revurdere det rådande kunnskaps- og vitskapsynet (Jenkins 1999:97f). Ei slik revurdering er imidlertid eit av postmodernismen sine viktigaste prosjekt. Som følge av dette medfører postmoderne historieoppfatningar ei problematisering av historieskrivinga si form (ibid.:76). Som i alle andre fagområde, byggjer arkeologisk tekst på klassiske retoriske og poetiske prinsipp (Shanks og Hodder 1998:25ff). Det narrative uttrykket er ikkje meiningstomt, men del av ein lang tradisjon, og har innverknad på korleis vi oppfattar teksten. Desse tankane har imidlertid fått lite gjennomslag i arkeologien (Shanks og Hodder 1998:12, 24a; Hesjedal 2000:10). At vi oppfattar forma som noko tomt, teksten sitt ytre, medan innhaldet er teksten sitt indre, byggjer på binæropposisjonen form – innhald. Ut frå eit postmoderne syn er forma innhaldet (Robbe-Grillet i Ermarth 1992:162). Innanfor eit modernistisk historiesyn kan ein ha ulike oppfatningar av kva faktorar som var viktigast for ei historisk hending. Forskjellige historiske analysar legg gjerne ulik vekt på sosiale, økonomiske, materielle og ideologiske faktorar, men den narrative forma ein organiserer forklaringane inn i, blir ikkje problematisert (Jenkins 1999:76).

Narrative element i historieskriving har også blitt problematisert av idèhistorikaren Hayden White. I *Metahistory* frå 1973 studerer han historiografiske framstillingar frå 1800-talet. White ser historie som ei blanding av vitskap og humaniora (White 1974:x). Han meiner at den vitskapelege, metodologiske delen av faget har blitt mykje diskutert, medan den humanistiske delen av faget har blitt mindre problematisert (ibid.:x-xi). White vil studere poetiske og lingvistiske element i historisk tekst; element han meiner har fått lite merksemd (ibid.). Han hevdar at historiografiske framstillingar sin narrative struktur ikkje bygger på epistemologiske prinsipp, men på etiske eller ideologiske vurderingar (ibid.:20f). Sjølv om han brukar

tradisjonelle politiske benemningar for å strukturere dei ulike ideologiske posisjonane, vil han ikkje sjå desse som uttrykk for politiske preferansar (ibid.:24). Snarare brukar han dei politiske omgrepa for å studere og skildre ideologiske trekk i historieskriving. Ideologisk preferanse uttrykker også ein samanheng i synet på fortid og nåtid (ibid.). White ser på historie som eit 'protovitskapleg' fag som ikkje når opp til kriteriene for ein eksakt vitskap (White 1974:20). Dette kan tyde på at han ser eit naturvitskapleg vitskapsideal som overordna humaniora. Tankane hans om korleis ideologi og språklege troper manifesterer seg i historisk tekst er likevel opplysende, mellom anna gjennom argumentet hans om at historisk tekst må framstillast innanfor arketyriske litterære former (ibid.:8). White si skildring av historiefaget kan sjåast som ein parallell til arkeologi, som heller ikkje problematiserer dei litterære aspekta ved produksjon av fagtekst i større grad. Dette kan henge saman med ei fokusering på den empiriske delen av faget, som er nødvendig og viktig. Grundige empiriske studier treng likevel ikkje vere eit hinder for å reflektere over språklege komponentar i faget.

Bakgrunnen for orienteringa mot det språklege og det narrative er den språklege vendinga i filosofien på 1960-talet. Denne vendinga problematiserer tilhøvet mellom språk og røyndom<sup>15</sup>. Språket blir ikkje lenger sett som eit gjennomsiktig medium som representerer verda, men ein *ting i seg sjølv* (Olsen 1990:163; Solli 1996:33f, 38f). Skiljet mellom tekst og ting blir oppløyst, og tekstomgrepet blir utvida til å omfatte alle meningproduserande system. Ei av dei viktigaste språkkritiske retningane, den såkalla poststrukturalismen, har utspring i fransk filosofi. Som namnet indikerer, har denne retninga eit viktig utgangspunkt i kritikk av strukturalismen. Basert på Saussure sin språkteori, hevdar strukturalismen at meininga befinn seg mellom ulike teikn i eit system. Meininga er ikkje ibuande i dei einskilde teikna, men finst i relasjonen dei i mellom. Tilhøvet mellom signifikant, lydbiletet, og signifikat, idèen eller omgrepet, er tilfeldig (Olsen 1990:168; Hegardt 1997:239f). Levi-Strauss overfører Saussure sine teoriar om semiologiske system til også å gjelde andre system i samfunnet (Kemp 1993:78f). Med artikkelen *The Savage Mind* meiner Kemp at Levi-Strauss har gått frå å sjå strukturalismen som ein vitskapsteori til å sjå den som ein heilskapleg filosofi om mennesket (ibid.:80). Ut frå ein strukturalistisk tankegang kan ein seie at fråver av meining er nødvendig for å etablere eit meiningsberande system. Poststrukturalismen kan seiast å bruke dette meiningsstomrommet for å vise at system dekonstruerer seg sjølv. Meininga kan ikkje senterast på eit fast punkt. Ut frå denne tankegangen er ikkje berre meiningsinnhaldet ustabil, som i

---

<sup>15</sup> Sjå til dømes B. Hagen for ei kort og informativ innføring i den språklege vendinga i filosofien (2000:9-18).

strukturalismen, men også systemet i seg sjølv. Meininga er her til ei kvar tid bestemt av konteksten systemet inngår i, og vil alltid unnsleppe. Den er alltid forskyven, både temporalt og spatialt. Ettersom strukturalisme er utbreidd som tolkingsmodell i arkeologiske arbeid, meiner eg den poststrukturalistiske kritikken ikkje kan ignorerast.

Sentrale poststrukturalistiske tenkarar er Roland Barthes, Jacques Derrida, Paul Ricoeur og Michel Foucault. Med Nietzsche som ei viktig inspirasjonskjelde (Bapty 1990:240-276) undersøker desse mellom anna språket sine muligheter for å skildre verda. Eit viktig tema i denne samanhengen er tilhøvet mellom forfattar og tekst, og korleis meining i ein tekst blir skapt. Barthes si utsegn om forfattarens død på 60-talet kan sjåast som eit åtak på den då dominerande historisk-biografiske trenden innan litteraturkritikken, der forfattarsubjektet vart sett som uavhengig av teksten (til dømes Olsen 1990:179-182). Innan den hermeneutiske tradisjonen har forfattarintensjonen vore vektlagt i tekstfortolking (jmf. Gadamer-sitat s.36, fotnote 29). Barthes og andre poststrukturalistar problematiserer forfattaren si rolle, noko som heng saman med kritikk av den kartesianske subjekt-filosofien i sin heilskap (Olsen 1990:179-182). Dette kjem vi tilbake til i neste kapittel, med Foucault si problematisering av subjekt og historieskriving. Ei reorientering i høve til forfattaren si rolle i forståinga av tekst kan ein sjå med nypragmatismen, som vil trekke inn forfattaren dersom det er ønskjeleg for lesinga av teksten (B. Hagen 2000:49, 68)<sup>16</sup>. Dette tyder at forfattaren kan velgjast bort frå eller inn i lesinga, ut frå kva aspekt ein ønskjer å belyse (om andre aspekt av nypragmatisme og arkeologi sjå til dømes McDavid 2000; Bergsvik 2001). Som Hesjedal påpeiker, er det skilnad på å sjå forfattarintensjonen som den einaste tolkingsnøkkelen til ein tekst, og å sjå den som eit av fleire mulege alternativ (Hesjedal 2000:12-15).

Ut frå eit poststrukturalistisk språksyn kan ein ikkje gi ei nøytral framstilling av verda, eller fortida. Dette inneber ikkje nødvendigvis at alle framstillingar av fortida er like gode, ein kritikk poststrukturalistar ofte blir møtt med. Ved å formidle det teoretiske og metodiske analyseapparatet ein nyttar, gir ein andre høve til å vurdere kvaliteten på arbeidet. Argumentasjonen vil vere viktigare enn resultatet. Det er ut frå dette nødvendig med ei meir medviten haldning til korleis kunnskap blir uttrykt språkleg (Olsen 1990:163f, Yates 1990:269; Shanks og Hodder 1998:24f). Ein kan ikkje fri seg frå ideologiske føringar i teksten, å framstille det som om dei er ikkje-eksisterande er ei maskering av tilhøva (Keller 1978:92). Å

---

<sup>16</sup> Bjerck Hagen er kortfatta på dette punktet, men så vidt eg kan forstå er han open for at forfattarintensjonen kan vere eitt element i tolking av ein tekst.

reflektere over skiljet mellom tekst og ting burde vere relevant for eit fag som arkeologi. Denne delelinja er ein av grunnane til at vi i dag har to institusjonaliserte måtar å studere menneskeleg verksemd i fortida på; der det eine faget studerer materielle, det andre skriftlege kjelder. Ut frå eit poststrukturalistisk syn kan ein ikkje oppretthalde eit slikt skille på epistemologisk grunnlag. At det kan oppretthaldast som eit institusjonelt skille blir ein annan diskusjon.

### **Dekonstruksjon og Lèvinas sin etikk**

At eit sentralt poststrukturalistisk uttrykk som dekonstruksjon ikkje er irrelevant for arkeologi er Johan Hegardt si doktoravhandling frå 1997 eit døme på. Dekonstruksjon kan sjåast som filosofikritikk (Rapaport 1989:22f), og kan også nyttast i kritikk innan andre fag. Som Hegardt viser, kan dette ha praktiske konsekvenser for arkeologi. Den sterkt problematiserande dekonstruksjonen kan kritiserast for at den vanskeleg kan brukast til å bygge noko ut i frå. Hegardt argumenterer imidlertid for at det nettopp ikkje er ønskjeleg å formulere kriterier som definerer korleis arkeologi skal drivast i framtida.

Hegardt meiner at den modernistiske arkeologien er prega av ei totaliserande tenking (Hegardt 1997:235f). Dette medfører ein reduksjon av noko totalt forskjellig, fortida, til det same som oss. Dette er knytta saman med at ein har sett naturvitskap som vitskapsideal for arkeologi. Hegardt meiner at *textteori* må nyttast for å undersøke menneskeleg kultur. Den naturvitskaplege epistemologien bør haldast til naturvitskaplege spørsmål. Den naturvitskaplege kunnskapen, derimot, kan studerast gjennom *textteori*, ettersom kunnskapen er menneskeskapt (ibid.:238). Postprosessualismen har kritisert prosessualismen for å fjerne det fortidige mennesket i studiane sine, men finn det på si side vanskeleg å erstatte det modernistiske hierarkiet. Dette kan Kemp bidra til å løyse, meiner Hegardt, ved at ein ikkje definerer korleis arkeologi skal drivast i framtida (ibid.:248). Nettopp ved å sette rammer for kommande arkeologisk verksemd, legg ein avgreinsingar på korleis ein kan møte fortida, den andre. Men diskursen er ukontrollerbar. *Det antyder att samtalet är nödvändigt och att samtalet inte bör begränsas. Denna bok är ett inlägg i en diskurs vars omfattning omöjliggör varje försök att fixera en generell eller total mening* (ibid.:18). I staden bør ein fokusere på mulighetene for mangfald, og formulere ein eksplisitt etikk for korleis ein kan forhalde seg til fortida sine 'andre', framande, kvalitetar.



For å oppleve fortida som *det andre*, treng faget eit eksplisitt etisk perspektiv, meiner Hegardt (Hegardt 1997:237). Han gjer bruk av den fransk-litauiske filosofen Emmanuel Lèvinas og den danske filosofen Peter Kemp. Ifølge Lèvinas møter sjølvet røyndommen gjennom møtet med den andre. Denne andre er totalt forskjellig frå sjølvet, og kan ikkje tenkast saman med dette; ein vil då redusere *det andre* til *det same*. For Lèvinas er døden manifestasjonen på at sjølvet og den andre er fullstendig framande for kvarandre, ettersom den andres død aldri kan bli min død (ibid.:245ff).

Kemp snur om på Heidegger sin værenfilosofi, og seier at væren ikkje bør styre tilhøvet til den andre, etikken, men tvert om; møtet med den andre skal styre væren (ibid.:258).

*Inom modernistisk arkeologi har man därför ständigt arbetat med att uppfinna sig själv, samtidigt som man underordnat den andre denna uppfinring och därigenom gjort den andre till den samme. Kemp har dock visat att det är den andre som skall uppfinnas eftersom den andre är en del av tidsligheten och därför aldrig närvarande.* (Hegardt 1997:259).

Den prosessuelle arkeologien har ifølge Hegardt framstilt mennesket som ein kalorimaskin, der teknologiske løysingar har vorte overordna andre menneskelege kulturuttrykk. Han meiner dette er eit døme på hierarkisering, der ein tar ein del av ein større heilskap, og lar denne delen representere det totale. På den måten blir dei komplekse eigenskapane ved menneskelege samfunn redusert, gjort til *det same* (ibid.:247).

Ifølge Hegardt er Foucault sine analysar av kunnskap/makt berre nyttige for å avsløre hierarki; dei hindrar ikkje nye å ta plass. Han meiner Derrida kan brukast for å løyse dette problemet (ibid.:244). Gjennom sin dekonstruksjonsteori<sup>17</sup> kritiserer han den vestlege, metafysiske filosofitradisjonen som baserer seg på ideen om nærvær. Han meiner denne tradisjonen skildrar verda som beståande av hierarki av binæropposisjonar med positiv og negativ lading. Sentrale binæropposisjonar i vestleg kultur er til dømes mann – kvinne, varm – kald, kultur – natur, svart – kvit osv. Gjennom dekonstruksjon kan desse hierarkia oppløysast. Dette bidreg mellom anna til å utradere skiljet mellom natur og kultur; ein kan ikkje avdekke kulturen og komme til ein opphavelig natur (Hegardt 1997:243). Vidare har det følgjer for korleis ein forhaldar seg til tida, ettersom differance er ei forskyving av meining i tid<sup>18</sup>.

---

<sup>17</sup> Dekonstruksjon kan ikkje eigentleg kallast ein teori eller ein metode (Pålshaugen 1997:68f). *That (...) [deconstruction] has been taken by some to be the name of a school of thought, a method of reading, or a theory of some kind is exactly the sort of logocentric confusion that deconstruction has made apparent.* (Kamuf 1991:xviii, mitt innskot).

*Derridas filosofi är en filosofi om de tidliga villkoren för människans existens, eftersom avståndet mellan spåret och den som lämnat detta spår är en fråga om tid. Existens, spår och tid är en fråga om skillnader och inte om likhet vilket vore fallet om det handlat om en icke tidlig närvaro. (ibid.:248).*

Différance er eit sentralt 'omgrep' i Derrida sin filosofikritikk. Sjølv kallar han ikkje dette eit omgrep eller eit ord (Derrida 1999:385); det skildrar snarare ein tilstand eller ei rørsle. Différance viser til to omgrep, der det eine tyder å skjelne, gjere forskjellig; det andre å utsetje, både i tid og rom. Tydinga er utsett allereie i den stunda ei meningsytring skjer, dermed kan ikkje meininga gripast fast<sup>19</sup>. Idèen om at meining kan sentrerast, kallar Derrida for logosentrisme (Hegardt 1997:242). Ei destabilisering av meining har nødvendigvis erkjenningsmessige implikasjonar. Hegardt meiner dette kan løysast gjennom ei eksplisitt etisk tilnærming til faget, der tilhøvet mellom sjølvet/subjektet og den andre (fortida) blir eit sentralt tema. Ei utfordring av koblinga mellom historie og subjekt finn vi også hjå Ermarth og Ricoeur (sjå kap.5), og er ein viktig del av postmoderne kritikk.

Sjølv om Hegardt i tråd med Derrida sin tankegang (jmf. s.27, fotnote 21) meiner at teksten hans, *Relativ betydelse*, ikkje kan sjåast som ein generell kritikk mot kulturarkeologi og prosessualisme (Hegardt 1997:17f), kan likevel element frå arbeidet hans brukast til å belyse spesifikke aspekt ved arkeologisk litteratur.

### **Habermas sin kritikk av postmodernismen<sup>20</sup>**

Den tyske opplysningsfilosofen Habermas er kritisk til den vestlege metafysiske tradisjonen og rasjonalitetsomgrepet den legg til grunn. Han meiner likevel ikkje at ein skal gå bort frå rasjonalitetsomgrepet fullstendig, ettersom det vil gjere rasjonell kritikk umuleg (Hohengarten i Habermas 1995:vii). For å skape ein plattform for slik kritikk vil Habermas rekonstruere delar av Kant sin filosofi om fornuft og rasjonalitet (Owen 1999:22). Habermas meiner ein kan finne rasjonalitet i den språklege kommunikasjonen, og at sanning kan oppnåast gjennom konsensus

---

<sup>18</sup> Sjå også Rapaport 1989 for tydinga av det tidslege i høve til Derrida sin filosofi.

<sup>19</sup> *The verb to "differ" [différer] seems to differ from itself. On the one hand, it indicates difference as distinction, inequality, or indiscernibility; on the other, it expresses the interposition of delay, the interval of a spacing and temporalizing that puts off until "later" what is presently denied, the possible that is presently impossible (...) We provisionally give the name **différance** to this **sameness** which is not **identical**: by the silent writing of its **a**, it has the desired advantage of referring to differing, **both** as spacing/temporalizing and as the movement that structures every dissociation (Derrida 1999:385).*

<sup>20</sup> Med kritikken plassert her føregrip eg gjennomgangen av Foucault i kapittel 5. Eg meiner likevel at strukturen kan forsvarast, ettersom kritikken kan fungere som ein inngangsport til forståinga av Foucault i neste kapittel.

(Pålshaugen 1997:14). Habermas rettar dermed kritikk mot dekonstruksjon og poststrukturalisme, på bakgrunn av oppfattinga hans om at korkje ei rein relativistisk (til dømes poststrukturalistisk) eller ei rein objektivistisk (til dømes positivistisk) tilnærming er tilstrekkeleg for å studere sanning og rasjonalitet. Ifølge Habermas føreset begge desse ytterpunkta metafysikken dei vil kritisere (Habermas 1995:135).

*Praising the many, difference, and the other may be able to count on acceptance today, but a mood is no substitute for arguments. (ibid.:133).*

Foucault blir av Habermas omtala som ein *antihumanist og irrasjonalist* (Svestad 1995:55), og historietilnærminga hans blir skildra som *presentistic, relativistic, cryptonormative illusory science* (Habermas sitert i Owen 1999:28). Habermas oppfattar relativistiske retningar som anti-vitskaplege, noko som kan forsvarast viss ein legg eit tradisjonelt kunnskapssyn til grunn for kva som kan karakteriserast som vitenskap. Dette gjer imidlertid ikkje dei omtalte retningane, desse kritikkane går nettopp ut på at vitenskapleg diskurs ikkje har førerang framfor andre diskursar når det gjeld å skildre verda (Pålshaugen 1997:78,104,115)<sup>21</sup>. Både dekonstruksjon og anna poststrukturalistisk teori inneheld element som bidrar til å revurdere det tradisjonelle synet på kva vitenskap er, kan og bør vere.

Foucault argumenterer for at kunnskap som praksis ikkje består av einskaplege subjekt som avdekkjer transcendentale sanningar om verda (jmf. kap. 5). Ifølge Habermas føreset det universelle og det partikulære kvarandre, slik at heller ikkje partikularisme, som Foucault kan seiast å representere, unnslepp metafysikken (Habermas 1995:122). Ved å sjå det partikulære og det universelle som ytterpunkt på same akse, rører Habermas seg innanfor det metafysiske verdsbiletet med hierarki av strukturelle binæropposisjonar, kritisert av Derrida. Argumenta Habermas brukar for å kritisere både relativistar og objektivistar, rammar også han sjølv. Eit anna problematisk felt hjå Habermas er handsaminga hans av omgrepa sanning, rasjonalitet og rettferdigging.

---

<sup>21</sup> *En av de viktigste innsiktene fra språkkritisk filosofi er jo at spørsmålet om framstillingsform ikke kan besvares allment (...) spørsmålet om hvordan postmoderne vitenskapelige studier skal skrives [kan] bare besvares i form av konkrete framstillinger av utførte studier. Og ut fra poenget om framstillingsformens avhengighet av innholdet, vil hver enkelt studie utgjøre ett eksempel på hvordan spørsmålet kan besvares, uten dermed å kunne gjøre krav på å være et forbilde i spørsmålet om framstillingsform. (Pålshaugen 1997:115).*

*For, although they may be interpreted in various ways and applied according to different criteria, concepts like truth, rationality, or justification play the same grammatical role in every linguistic community.* (Habermas 1995:138).

Habermas legg her vekta på grammatisk struktur, og brukar dette som ledd i eit argument for å grunngi at desse omgrepa har ei kjerne av universell tyding. Det faktum at språk kan endre seg over tid blir ikkje tatt omsyn til. Heller ikkje kontekst blir tatt alvorleg, i den forstand at eit kvart ord kan tyde noko anna i ein ny kontekst, som endrar seg både over tid og i rom. Ei anna viktig innvending mot Habermas sin kritikk mot Derrida, er at denne ikkje baserer seg på primærtetekstar av Derrida sjølv, men på sekundærlitteratur (Kemp 1993:197ff; Pålshaugen 1997:71-78). Det største problemet med relativistisk teori er ikkje at den tar utgangspunkt i noko den vil distansere seg frå, men at den ikkje presenterer verkeleg konstruktive alternativ. Men kritikken kan brukast for å utvikle alternative verdsforståingar. Målet er nettopp ikkje å skape ny einskap, men å muleggjere mangfald. Dette føreset forskjellige syn, eit faktum som har ein tendens til å komme i bakgrunnen.

### **Er postmodernisme og arkeologi uforeineleg?**

Også innan arkeologi har postmodernismen fått innverknad. Den postmoderne greina av arkeologi er ein reaksjon mot den positivistiske prosessualismen, som har fått sitt startpunkt med publiseringa av Binford sin artikkel *Archaeology as Anthropology* i 1967. På 1980-talet kom ein Cambridgebasert kritikk mot prosessualismen (Hodder 1982a; 1982b; 1982c). Som ein skulle vente, er postprosessualismen ei lite einsarta gruppe, og omfattar retningar prega av strukturalisme, poststrukturalisme, hermeneutikk, marxisme, feminisme og fleire andre teoretiske ståstader (Olsen 1997:60). Målet for den postprosessuelle arkeologien er nettopp mangfald, og semje mellom dei ulike retningane er ikkje eit mål.

Henrietta Moore kritiserer bruk av postmodernisme i arkeologi. Moore er tilhengar av Ricoeur, som ho ikkje ser som postmodernist.<sup>22</sup> Ho meiner postmoderne teori er både ubrukeleg, for lite sjølvkritisk, relativistisk, og at den reduserer fortida til nåtid (Moore 1998: 52f; sjå også Walsh 1990:287).

---

<sup>22</sup> Moore ser postmodernisme som eit verdstandpunkt, som kan skiljast frå poststrukturalisme som ein måte å studere språket på (Moore 1998:52). Korvidt dette er berettiga, kan diskuteras. Ifølge Foucault kan ein ikkje skilje mellom språket sine deskriptive og normative funksjonar (sjå kap.5 og 6). Basert på Ricoeur si problematisering av språket og det narrative, er han uansett nyttig for problemstillinga her. Korvidt han best kan skildrast som postmodernist eller poststrukturalist er dermed av mindre interesse, etter mi mening. Sjå Valdès (1991:3-43) for diskusjon om Ricoeur sin ståstad som poststrukturalist.

*The valueless world of postmodernism thus threatens to return archaeology to a strange unmediated empiricism, and it is the self-evidential nature of the world as implied in this move which raises the question of time. In terms of the postmodern critique, the present becomes co-extensive with the past and with the future. There is therefore no past but simply a present past, a present future, and a present present. (Moore 1998:53).*

Grensene mellom fortid, nåtid og framtid er ikkje så tydelege som Moore hevdar (til dømes Bailey 1983; Ingold 1993). Det er fleire døme på at det fenomenologiske tidssynet, som Moore her refererer til, bringar interessante tankar til arkeologien (til dømes Karlsson 1998; Thomas 1999). Moore tolkar postmoderne arkeologi som solipsistisk<sup>23</sup>; som om fortida ikkje har eksistens uavhengig av eit medvit i nåtida (Moore 1998:53). Dette er imidlertid ein lite berettiga kritikk, ettersom solipsisme ikkje er eit vanleg filosofisk standpunkt å finne, heller ikkje blant postmodernistar (Ermarth 1992:62,112; Tilley 1990a:143; Jenkins 1999:179). Eit postmoderne utgangspunkt som til dømes dekonstruksjon inneber ikkje ei avvising av den ytre verda sin materialitet, men medfører ei problematisering av tilknyttinga mellom verda og skildringar av denne (Yates 1990:275). Arkeologar med slike teoretiske utgangspunkt problematiserer ikkje korvidt fortida faktisk har eksistert, men undersøker kva tilgang vi i dag har til å få kunnskap om fortida, det vil seie nærværet i materialet. Fortida i seg sjølv kan som kjent ikkje studerast. Arkeologien sitt kjeldemateriale er fysiske spor i nåtida som peikar mot ein anna tid (Olivier 2001:66). Er det i det heile muleg å komme frå sporet til ein fortidig røyndom?

*Presence, then, far from being , as is commonly thought, what the sign signifies, what a trace refers to, presence, then, is the trace of the trace, the trace of the erasure of the trace. (Derrida sitert i Rapaport 1989:25).*

Postmoderne teori blir sett som relativistisk, noko som sjeldan er meint i positiv tyding (jmf. Habermas-diskusjonen ovanfor). Jenkins meiner denne relativismen er nødvendig ut frå dei teoretiske standpunkta som blir inntatt (Jenkins 1999:182). Shanks og Hodder skil mellom epistemisk (*epistemic*) relativisme og dømmande (*judgemental*) relativisme, der den epistemiske relativismen seier at kunnskap er bestemt av den tida og kulturen den oppstår i, medan den dømmande relativismen i tillegg seier at alle typar kunnskap er like verdfulle eller viktige (Shanks og Hodder 1998:19). Også Tilley meiner det er muleg å skilje mellom godt og mindre godt begrunna standpunkt, også for poststrukturalistar (Tilley 1982:33; 1990a:136ff).

---

<sup>23</sup> *Filosofisk teori som betviler den ytre verdens og andre bevissteters (selvstendige) eksistens og hevder at alt som eksisterer er mitt jeg og dets tilstander, el. at alt som eksisterer er betinget av min bevissthet (Filosofisk leksikon 1969:164).*

Foucault viser at idèen om sanning er ein idè som spring ut av ein bestemt historisk situasjon, og kan ikkje sjåast som ei allmenngyldig eining. Spørsmålet om korvidt ei gitt utsegn er sann er difor eit spørsmål som ikkje kan stillast, fordi dette føreset eit sikkert utgangspunkt å vurdere eit standpunkt ut frå (sjå kap. 5, jmf. Solli 1996:43f; Myhre 1994:46-58).

Synet på ulike aspekt av postmodernisme som normoppløysande er utbreidd (jmf. Moore-stitat s.29; Walsh 1990; Jenkins 1999)<sup>24</sup>. Å kritisere denne som ei retning er i seg sjølv misvisande. Utsegner som framstiller det postmoderne som ein tilstand der alt er like viktig og like meiningslaust, er så lite nyansert at dei bidrar til å tilsøre diskusjonen. Postmoderne teori gjer ikkje kulturstudier meiningslause, men studerer nettopp korleis meaning blir skapt i ulike samanhengar. Å sjå meaningsproduksjon som ustabil gjer kanskje slike studier meir kompliserte, men ikkje umulege eller verdlause. Postmoderne språksyn gjer at ein ikkje lenger kan sjå akademiske diskursar som nøytrale og språkleg gjennomsiktige skildringar av verda (Solli 1996:83). Eikvar utsegn har meir eller mindre autoritet innanfor sin diskurs, og det vil vere ulike sanningskrav innanfor til dømes ein religiøs og ein politisk diskurs, og også innanfor ulike vitenskaplege diskursar. Det kan hevdast at det klassiske filosofiske skiljet mellom er og bør ikkje gir meaning ut frå dette språksynet (Jenkins 1999:180). Ein kan ikkje gå utanfor språket sine rammer, og gi ei nøytral skildring av verda. Med dette fjernar ein seg frå hermeneutikken sitt transparente språksyn.

I si magisteravhandling frå 1993 hevdar Brattli at arkeologi som det faget vi kjenner i dag ikkje vil kunne eksistere utan den modernistiske føresetnaden. Dette byggjer han på ei undersøking om evolusjonismen si tyding for etableringa av arkeologien som fag. Han konkluderer med at evolusjonismen er knytta til eit spesifikt epistemeskifte ved byrjinga av 1800-talet, og at den er så innvevd i faget at ein ikkje kan kritisere og fjerne evolusjonismen utan at det påverkar faget radikalt (Brattli 1993:161). Arkeologien er såleis situert innanfor det moderne, (...) *ein kritikk av det moderne kan ikkje plassere seg sjøl utanfor det moderne* (ibid.:162). Etersom Brattli baserer seg på Foucault, meiner han at ein ikkje kan analysere sitt eige *arkiv*<sup>25</sup>, det vil seie dei

---

<sup>24</sup> *Dekonstruksjonen har ofte blitt beskyldt for å ville ødelegge ikke bare litteraturen, men også språket, samfunnet, sivilisasjonen og mennesket. Hva poenget skulle være med en slik destruksjon er ofte uklart, men det spekuleres i allmenn anarkisme, nihilisme, misunnelse, fremmedgjøring, hevn for at 60-tallets politiske reformideer ikke har hatt nok gjennomslag, det angivelige faktum at mange litteraturteoretikere egentlig er mislykkede poeter som vil gjøre livet surt for de som har lyktes, osv., osv.* (B.Hagen 2000:93).

<sup>25</sup> (...) *it is not possible for us to describe our own archive, since it is from within these rules that we speak (...) the archive cannot be described in its totality; and in its presence it is unavoidable. It emerges (...) more fully (...) and with greater sharpness, the greater the time that separates us from it (...)* (Foucault 1972:130).

rammene ein må uttale seg innanfor. Til dette finst det innvendingar. Foucault har i stor utstrekning blitt kritisert for å gjere seg sjølv uangripeleg med dette standpunktet, Svestad meiner dette (...) *dannar (...) eit av dei logiske problema i Foucaults teoriar* (Svestad 1995:68). Foucault sitt standpunkt til eige arkiv er ein logisk følge av teorien hans, og utgjer eit problem. Som resultat av kunnskapssynet hans, kjem ein ikkje utanom dette dersom ein vil nytte desse teoriane. Eg meiner likevel at historiesynet han utarbeider er så interessant og originalt at det ikkje berre kan, men bør brukast.

At ein ikkje kan bygge normer på metafysiske sanningar eller generelle lover gjer dei ikkje mindre viktige å forsvare, heller tvert om. Ut frå dette kan ein seie at poststrukturalisme, som gjerne blir skulda for å kaste vitskapen ut i ein kaotisk tilstand der alt er like verdfullt og like meiningslaust, slett ikkje gjer etikk og ansvar mindre relevant. Både Derrida og Lyotard grunnjev at ein kan handle mot standpunkt som vil hindre fri meiningsproduksjon, til dømes totalitære politiske system (Jenkins 1999:79f; sjå også Kemp 1993, om vendinga mot det etiske i Derrida sin filosofi).

### **Samanfatting**

I dette kapitlet har eg argumentert for at bruk av postmoderne teori medfører nye måtar å forhalde seg til arkeologi på. Eg har prøvd å vise at ein postmoderne 'metode' som dekonstruksjon ikkje nødvendigvis er øydeleggjande for tradisjonelt rekonstruktive fag som arkeologi og historie. Når ein arbeider med å framstille tekst basert på arkeologisk/historisk kjeldemateriale, står ein framfor eit system som oppløyser seg sjølv. Opplysningar let seg ikkje spikre fast som sikre meiningssentra. Forskjellige kjelder seier forskjellige ting, basert på ulike føresetnader, og det kan vere vanskeleg å vite kva kjelde som har størst autoritet. Både dei materielle og dei skriftlege kjeldene er ustabile, og det er vanskeleg å finne eit sikkert punkt ein kan vurdere dei andre kjeldene mot. Kanskje må ein gjere eit val for å gi ei einskapleg framstilling, men dette kan også innebere å gjere vald på mangfaldet av stemmer. I Solli si doktoravhandling er dette stemmemangfaldet tatt alvorleg, dei ulike narrative blir ikkje prøvd innpassa i ei samanhengande forteljing, men får tale sjølv om dei motseier kvarandre (Solli 1996:64,67,79). Slik sett har Solli gjort det som Staaf kallar ein dekonstruksjon av historie;

*(...) it could perhaps (...) be possible to operate with shifting theories of history, when doing archaeological interpretation. The different theories all have shifting axioms of their own and the different theories operate on different levels. An archaeological text working with shifting theories of histories could come to contain contradictions, but the aim of the work would not be the rendering of a single coherent interpretation. It would actually be a deconstruction of history, where the fragments show the vast complexity, but also the possibilities of shifting interpretations and perspectives (...)* (Staafl 1994:37).

Tilsynelatande kan det verke sjølvmotseiande å bruke destabiliserande teori, og samstundes lese meining ut av ein tekst. Poststrukturalismen avskaffar imidlertid ikkje meining, men ser på denne som flytande og ustabil. Meining er ut frå dette synet eit kontekstuel produkt av samspel mellom lesaren og teksten, og ikkje ein uforanderleg eigenskap ved teksten sjølv. Dette tyder likevel ikkje at meining er utelukkande subjektivt. Etersom diskursen disiplinerer utsegner, kan ikkje kva som helst seiast, det må på ein eller annan måte relatere seg til føregåande utsegner. Vidare byggjer den radikale subjektivismen på eit syn på subjektet som ei konstant eining (Ermarth 1992:112), eit filosofisk grunnlag eg ikkje er tilhengar av. Subjektet er ikkje heilskapleg eller konstant, men blir til narrativt og sosialt (Thomas 1999:46f, 51f).

Det er ikkje eit mål å sameine dei ulike teoretiske ståstadene til å tale med ei stemme, men snarare å føre ein dialog mellom dei. Intensjonen med dette er å syne at det er fleire måtar å forhalde seg til røyndommen, og følgjeleg fortida, på. Neste kapittel, som vil gjere greie for det teoretiske grunnlaget for å tilnærme seg narrativ tid i arkeologisk tekst, vil vere prega av dette. Dette tyder ikkje at eg ser poststrukturalistiske tilnærmingar som dei einaste legitime. Eg vel å innta same haldning som Jenkins skildrar; å sjå ein teori som eit nyttig arbeidsreiskap. Medan den er i bruk kan ein opptre som om den var verkeleg, utan å sjå den einskilde teori som einaste mulege skildring av verda (Jenkins 1999:84, 86)<sup>26</sup>.

## **Kapittel 5. Teoretisk tilnærming**

### **Forskingshistorie**

I motsetnad til historiefaget, har ikkje arkeologien sin eigen metadisiplin, tilsvarande historien sin historiografi (Hesjedal 2000:10). Forskingshistoriske framstillingar opptre likevel ofte i ulike samanhengar, for å gi arkeologien opphav og legitimitet. Hesjedal meiner forskingshistorie som litterær sjanger har fellestrekk med den litterære biografien (Hesjedal 2000:9f; sjå også Svestad 1995). Den tradisjonelle måten å framstille forskingshistorie på er å

---

<sup>26</sup> *This is the old Pyrrhonist position Lyotard's sophist-pragmatic attitude finds amenable: the Pyrrhonist follows what appears to be the case without committing himself/herself to the view that 'what appears to be the case is the case'.* (Jenkins 1999:84).



forklare utviklinga i faget med indre eller ytre faktorar, med sistnemnde som det mest relativiserande synet. Begge modellane skil mellom vitskapen si 'innside' og 'utside'. Det er imidlertid problematisk å trekkje ei grense mellom det vitskaplege og det ikkje-vitskaplege (Hesjedal 2000:8f, med ref. til Schaanning 1997). For å lage ei utviklingslinje fokuserer ein gjerne på trekk som kan innpassast i dagens diskurs. Ting som ikkje er koherente med vårt bilete av korleis faget skal vere, blir avfeidd som overtru eller avvik, sjølv om desse opptredde saman med det vi ser på som rasjonelle fenomen (Svestad 1995:10). Dette har vore eit problem for forskingshistorisk arbeid, i og med at kjeldene spriker i mange retningar.

I *Oldsakenes orden* (1995) vil Svestad skrive ei alternativ forskingshistorie, basert på Foucault sin historieteori. Foucault problematiserer måten utvikling av kunnskap tradisjonelt har blitt framstilt på; som ein rasjonell og akkumulerande prosess. Svestad meiner at tradisjonelle forskingshistoriske framstillingar innan arkeologi er prega av ei overfokusering på dei kontinuitetsskapande aspekta ved faget, særleg ved å knytte utviklinga til bestemte personar, det vil meir spesifikt seie *det sentrerte subjektet* (Svestad 1995:24ff). Svestad meiner at det som i dag blir oppfatta som irrasjonelle element indikerer eit brot mellom dagens arkeologi og fortidige oppfattingar om eldre tider (ibid.:10). Ifølge Svestad har ein løyst problemet ved å knytte faglege 'feilskjær' til einskilde personar, slik at det ein i ettertid ser på som dårlege tolkingar kan forklarast bort ved deira inkompetanse eller utilstrekkelighet. På same måten blir framsteg innanfor faget forklart gjennom geniale einskildpersonar. Slik kan framstillinga av faget som ein samanhengande prosess oppretthaldast. Foucault sitt arbeid gir Svestad høve til å nyansere dette. Føremålet til Foucault, seier Svestad, *er ikkje å etablere diskontinuitetar, men å vise at den måten vi tenker om ting på, ikkje ligg nedfelt i kvar og ein av oss som ahistoriske, transcendentale føresetnader.* (Svestad 1995:68). Svestad legg likevel i høg grad vekt på diskontinuiteten i Foucault si tilnærming.<sup>27</sup>

Ut frå sine analysar meiner Foucault at fortida kan delast inn i *diskontinuerlege sjikt* (Svestad 1995:11). Desse representerer ikkje, slik det tradisjonelt har blitt framstilt, ei samanhengande utvikling. Basert på dette, meiner Svestad å påvise eit brot i historisk kunnskap på midten av 1600-talet og eit nytt brot ved byrjinga av 1800-talet. Etersom denne kunnskapen ikkje passar inn i ei framstilling som skal halde ved like faget som ei kontinuerleg eining, kan dette ikkje

---

<sup>27</sup> (...) Foucault has also stressed, in other contexts, the longer-range continuities in cultural practices. The sharp lines of discursive discontinuity in the human sciences and the longer lines of continuity in non-discursive practices provide Foucault with a powerful grid of interpretation with which to approach relations of knowledge and power. (Rabinow 1991:9).

komme til uttrykk der (ibid.:9ff). Svestad meiner arkeologiske forskingshistorier er prega av tre viktige aspekt, som fungerer som myter: *det kreative subjektet, akkumulering av kunnskap og kontinuitet* (ibid:13). For å framstille faget som ei samanhengande eining, treng ein 'fikspunkt' å henge utviklinga på. Dei sentrerte subjekta, 'heltane', i faget blir desse. Eit døme på dette er treperiodesystemet, som i forskingshistoriske framstillingar blir knytta til C. J. Thomsen (ibid.:19). Eit anna døme på det sentrerte subjektet i arkeologi er tilskrivninga av den typologiske metoden til Oscar Montelius, og tilhøvet hans til evolusjonismen (ibid.:21). Evolusjonismen si tilknytting til arkeologien heng truleg nøye saman med framstillinga av tid innanfor faget, eit tema som hovudsakeleg vil bli handsama i kapittel 8.

Foucault sitt syn på kunnskap er fundamentalt forskjellig frå det kunnskapssynet ein finn implisitt i tradisjonelle forskingshistorier. Klindt-Jensen legg vekt på einskilde forskarsubjekt, og ser utvikling i faget som forklart gjennom indre faktorar (1975). Trigger fokuserer på ytre faktorar, som sosiale, ideologiske og politiske tilhøve (1996), medan Schnapp prøver å tilskrive arkeologifaget røtter tilbake til antikken (1996).

*Kunnskap, hevdar han [Focault], har ikkje nokon ahistorisk eksistens som lar seg openbare gjennom det kreative individets oppdagingar og bragder, nei tvert om, kunnskap har til bestemte tider vore **essensielt forskjellig**.* (Svestad 1995:10, mitt innskot).

Foucault meiner oppkomsten av kunnskapsdisiplinar, eller det han kallar diskursive formasjonar, kan forklarast gjennom endringar i den djupe kunnskapen (*savoir*). Dei ulike disiplinane befinn seg på eit anna, meir 'overflatisk', kunnskapsnivå (*connaissance*). Endringar i den underliggande kunnskapsstrukturen gjer at dei ulike disiplinane endrar seg, og kan formulere nye utsegner<sup>28</sup>.

Knytt til dette synet er Foucault sine tankar om diskursen, det vil seie alle utsegner, det vere seg skriftleg eller munnleg, om eit tema. Diskursen definerer kva som fell under eit bestemt tema, og er med og styrer kva som kan seiast. Diskurs er eit mykje nytta omgrep i postmoderne teori, og tyder vanlegvis samtale. Foucault utvidar omgrepet til å omfatte materielle aspekt (Svestad 1995:54). Utsegner er styrte av materielle føresetnader; og er alltid knytt til institusjonelle rammer (ibid.:63). Vidare ser ikkje Foucault på kunnskap som resultat av

---

<sup>28</sup> By *connaissance* I mean the relation of the subject to the object and the formal rules that govern it. *Savoir* refers to the conditions that are necessary in a particular period for this or that type of object to be given to *connaissance* and for this or that enunciation to be formulated (Foucault 1972:15, fotnote 2; sjå også Svestad 1995:56ff).

rasjonelle val, men noko som fungerer i det samfunnet den opptrer (ibid.:54). Han prøver ikkje å forklare kvifor endringar i den djupe kunnskapen skjer, men studerer kva som kan uttrykkast til ei kvar tid. Ut frå denne tankegangen kan ein ikkje forklare eit fenomen ved å 'spore' det til opphavet sitt, fordi dette inneber å knytte saman kunnskapsordenar med forskjellige føresetnader. Historie er ikkje ein kontinuerleg prosess, men er prega av brot, og kan samanliknast med tilhøvet mellom forskjellige lag i ei arkeologisk utgraving (ibid.:58). Dette tyder ikkje at det ikkje eksisterer samanhengar i historien. Foucault påviser samanhengar på andre område og i andre praksisar, gjennom det han kallar genealogisering, enn dei historie og forskingshistorie vanlegvis har arbeidd med. Ein kan seie at Foucault heller enn å studere kva som blir uttalt, studerer føresetnadene for kva som kan uttalast.

Diskursen kan berre studerast som ei overflate, ein kan ikkje avdekke ei skjult meining (Svestad 1995:58; Foucault 1972:76). Når ein samanliknar Foucault sine historieanalysar med hermeneutiske arbeid, gir dybdemetaforen eit godt bilete av tankegangen. Hermeneutikken vil gå i dybden og framskaffe underliggande meining som ikkje er umiddelbart synleg. Episteme-omgrepet frå *The Order of Things* har tilsynelatande ein del fellestrekk med Kuhn sitt paradigme, begge omgrepa vil uttrykke rammer for kunnskapsproduksjon. Skilnadene mellom dei består hovudsakeleg i korleis ein ser på kunnskap (Svestad 1995:53, 69, 74). Ifølge Kuhn skjer overgangen frå eit paradigme til eit nytt gjennom eit val, ved ei erkjenning av at det rådande paradigmet ikkje løyser faglege problem på ein tilfredsstillande måte (Kuhn 1972:89f). I den forstand er Kuhn sitt kunnskapssyn evolusjonært og rasjonaliserande. Foucault sitt standpunkt er forskjellig frå dette (Svestad 1995:53). Han meiner at kunnskap til forskjellige tider har vore kvalitativt forskjellig. Det er ikkje nokon samheng mellom ulike episteme. Eit nytt episteme representerer eit brot i utviklinga, oppkomsten av dette kan ikkje forklarast ved å studere det som var før. Ein kan berre studere dei utsegnene som finst, og sjå på korleis dei opptrer i høve til kvarandre (ibid.:57). Det er såleis ikkje ein hermeneutisk analyse, som tar sikte på å avdekke meining i ei utsegn (ibid.:66), men snarare ein analyse av korleis dei ulike utsegnene heng saman, tillet og utelukkar nye utsegner.

*To describe a formulation **qua** statement does not consist in analysing the relations between the author and what he says (or wanted to say, or said without wanting to); but in determining what position can and must be occupied by any individual if he is to be the subject of it. (Foucault 1972:95).*

Kritikken av hermeneutikken er her tydeleg. Der hermeneutikken legg vekt på forfattaren som subjekt<sup>29</sup>, rettar Foucault fokus mot materialitet; politiske, sosiale og institusjonelle tilhøve i det samfunnet der ei utsegn finn stad (Rabinow 1991:10; sjå også Svestad 1995:65f). Diskursanalysen legg meir vekt på kva krefter som verkar i eit samfunn, enn på det rasjonelle subjektet. Dette heng saman med ei problematisering av subjektet i sin heilskap, noko som er eit sentralt punkt i Foucault sin diskursanalyse, knytta til makt/kunnskap-relasjonen (Rabinow 1991:12). Subjektet er for Foucault ikkje ei naturleg gitt eller samanhengande eining, men blir konstituert gjennom makt-diskursen. Dette ligg til grunn for oppfattinga hans om at makt ikkje utelukkande verkar undertrykkande på subjektet, ettersom subjektet blir definert gjennom makt. Makt er først og fremst produktivt. I makt/kunnskap-tilhøvet ligg det ei legitimering av å uttale seg om eit bestemt tema. For å vere subjektet til ei seriøs utsegn, må ein ha ein posisjon å uttale seg frå. Den same utsegna har ikkje same tyding når den kjem frå ein lekmann som ein lærd, sjølv om ordlyden skulle vere den same (Foucault 1972:143). Foucault treng likevel ikkje oppfattast som ein sosial determinist, der eit subjekt kun kan røre seg innanfor sitt eige felt eller sosiale klasse, styrt av rammer vedkommande ikkje er medviten om. Foucault påviser at tankekategoriari vi brukar for å strukturere verda rundt oss, ikkje er universelle kategoriari, men skapt ut frå visse historiske føresetnader. Eit medvit om dette kan sjåast som første steget mot handling som kan endre desse rammene. Ein ny struktur kan imidlertid komme til å undertrykke nokon andre. Eg er likevel ikkje ubetinga samd i Hegardt sitt syn på Foucault som kun egna til å avsløre makthierarki (Hegardt 1997:244), ettersom einkvar deskripsjon får normativ effekt. Eit sentralt poeng i både *The History of Sexuality* (1998;1992;1990), *Discipline and Punish* (1991) og *Madness and Civilization* (1988), er at det kategoriserande, disiplinerte og diagnostiserande blikket produserer normer for handling. Kategoriari som reiskap for å skildre, definerer subjekt som seksuelle avvikarar, kriminelle og galne i høve til eit normalitetsomgrep, og **produserer** sine eigne studieobjekt i like stor grad som å **skildre** dei. Dette tyder ikkje at kunnskapen ein kjem fram til på denne måten ikkje kan vere sann. Foucault er imidlertid ikkje opptatt av kva teori som måtte vere sann; han prøver å vise at idèen om sann kunnskap er ein idè som har sprunge ut av gitte historiske føresetnader (Schaanning 1997; jmf. Myhre 1994:33, 34).

---

<sup>29</sup> (...) thus Schleiermacher asserts that the object is to understand a writer better than he understood himself, a formula that has been respected ever since and in the changing interpretation of which the whole history of modern hermeneutics can be read. Indeed, this statement contains the whole problem of hermeneutics. (Gadamer 1988:169).

*Han forsøker ikke å forklare hvorfor kjensgjerningsmennene<sup>30</sup> holder bestemte teorier for sanne, men beskriver heller sannhetsregimene, dvs. hvordan sannheten produseres, hvordan de sannhetspretenderende diskursene fungerer, hvilke effekter de har, hvilke teknikker de støtter seg på osv. Han gjør ikke noe forsøk på å postulere hva som "egentlig" er de vitenskapelige teorienes (kausale) grunnlag (Schaanning 1997:13).*

Korvidt Foucault sine idear kan sjåast som potensielt frigjerande, er eit problematisk tema. Hegardt hevdar at sjølv om ein påviser hierarkiske strukturar, kan ein ikkje unngå å lage nye som uungåeleg vil undertrykke nye subjekt (Hegardt 1997:85ff; 244). Den problemstillinga skal imidlertid forlatast her.

Kan historieforskaren og filosofen Foucault fortelje oss noko om tid? Ikkje ifølge Julian Thomas, som meiner tidshandsaminga til Foucault er noko underutvikla. Foucault arbeider med historisitet, og ikkje temporalitet, seier Thomas (1999:38f). Sjølv om Foucault ikkje er tilhengar av å sjå tida som ei ekstern ramme for menneskeleg verksemd, er tidssynet i arbeida hans meir implisitt enn eksplisitt<sup>31</sup>. Thomas vende seg til Heidegger for å belyse temporale aspekt ved menneskeleg eksistens. Vi skal her vende oss til Ricoeur, som studerer sambandet mellom historisitet, narrativ og temporalitet.

## **Historie og narrativ**

### *Narrativ tid som strukturerande element i historieforteljing*

Konstruksjon av ei narrativ tid og eit narrativt rom er eit ledd i prosessen med å skape eit litterært univers; eit rammeverk som hendingar kan finne stad innanfor (Lothe 1994:61-74). Som nemnt innleiingsvis i dette kapittelet, har ikkje litterære element vore gitt særskilt

---

<sup>30</sup> Shaanning vil ikkje bruke det vanlege 'vitskapsmann' om personar som arbeider med vitskap, fordi han meiner dette gir inntrykk av ein som innehar sanninga. For å unngå denne konnotasjonen erstattar han 'vitskapsmann' med 'kjensgjerningsmann' og andre omgrep. Han prøver også å unngå å bruke omgrepet 'vitskap' (Schaanning 1997:8).

<sup>31</sup> *His work denies homogenous time, the time of evolutionary theory, which is the same anywhere and everywhere. Foucault understands time as a series of differences inextricably bound up with social practice, hence a simple reference to date cannot provide an organizing principle for analysis. (...) The way to carve up the past is not in terms of time-slices but in relation to events each require their own periodizations, their own time.* (Tilley 1990b:312; sjå også Schaanning 2000:315, som meiner at Foucault brukar omgrep som rom og tid på ein inkonsekvant og forvirrande måte). Foucault handsamar imidlertid tidsaspektet i bind 2 av *the History of Sexuality*. Han hevdar at for borgarane av det antikke Hellas var det avgjerande at ulike aktivitetar skjedde på egna tidspunkt. Dette gjaldt ikkje berre seksuell aktivitet, men også på område som medisin, politikk og teknologi (Foucault 1992:57ff). Eitt interessant døme er Sokrates sin argumentasjon omkring incesttabuet. Han legg vekt på at ein relasjon mellom ein forelder og eit barn er umoralsk og uheldig fordi ein ikkje tar omsyn til aldersskilnaden mellom dei to. *Xenophon and Socrates do not say that incest is reprehensible only in the form of an "inopportune" action; but it is remarkable that the evil of incest is manifested in the same way and with the same consequences as the lack of regard of the proper time* (ibid.:59, mi utheving).

merksemd i historie og arkeologi. Hermeneutikaren og poststrukturalisten Paul Ricoeur meiner at det ikkje er relevant å skilje mellom historisk og fiktiv tekst i studiet av narrativ tid. Begge sjangerane vender seg mot mennesket sin fundamentale historisitet og oppleving av tid. Han påviser at kompleksiteten i tilhøvet erfart – narrativ tid har vorte underkommunisert. Ricoeur meiner det historiske tidsomgrepet er eit resultat av filosofien sine forsøk på å knytte saman opplevd og kosmisk tid. Korleis kan ein gjenfortelje menneskeleg tidserfaring, og setje denne inn i ei objektiv, ytre tidsramme?

*The question to which I am trying to respond is the following: in what way is the ordinary experience of time, borne by daily acting and suffering, refashioned by its passage through the grid of narrative? (Ricoeur 1991b:338)<sup>32</sup>.*

Han analyserer denne tesa ved hjelp av historiografi, litteraturkritikk og fenomenologi, og meiner at ei slik samanknytting ikkje let seg gjere (Ricoeur 1999c:167ff). Ifølge Ricoeur er det tre aspekt som demonstrerer forsøk på å koble det subjektive og det objektive tidsomgrepet; kalendertida, generasjonsfølgja og sporet (ibid.). Kalendertida *integrerer samfunnet og dets skikker i den kosmiske orden*. Generasjonsfølgje er basert på at *den opplevde tid bygger på livets tid*. Dette gjer at vi kan ha kollektive minne. Ricoeur nemner som døme på dette at besteforeldre fortel om sin barndom til barnebarna sine, og gjer at dei får del i det *ikkje-samtidige* (ibid.:168). Sporet er spesielt interessant i historisk samheng. Ricoeur brukar Simiand sin definisjon av historie som *erkjennelse gjennom spor*. Sporet har ein dobbelt tidsmessig kvalitet, seier Ricoeur. Det eksisterer i nåtida, som eit teikn på noko som har vore før. Sporet finst imidlertid berre for den som kan erkjenne det som spor;

*som nærværende tegn på en fraværende ting, eller bedre, som nærværende levning etter noe som ikke lenger eksisterer. Dermed blir sporet en tilstedeværende ting som står for en fraværende fortid. Og det er hele sporets gåte. Det som gjør det gåtefullt, er overlappingen mellom et kausalitetsforhold og et betydningsforhold.* (Ricoeur 1999c:169).

Ricoeur meiner at fiksjon og historisk tekst er strukturert ut frå dei same prinsippa, det han kallar *emplotment*. Det vil seie at hendingane er plassert i ein narrativ struktur som både er kronologisk (A skjedde før B) og akronologisk, altså at hendingane er ordna ut frå korleis dei bidrar til handlinga, plottet. Både historisk tekst og fiksjon vender seg til mennesket sin fundamentale historisitet; opplevinga av å vere kasta inn i historia allerede når ein begynnar å fortelje historie. Historieskriving **representerer** røyndommen, den **er** ikkje røyndommen. Fiksjon fortel oss korleis verda **kan vere**. I Vesten har vi fått ei todeling mellom narrativer som

---

<sup>32</sup> Eg siterer her den engelske omsetjinga, ettersom Ricoeur sine svulstige metaforar etter mi meining egna seg betre på engelsk enn norsk i dette tilfellet. Resten av dette kapitlet baserer seg på den norske omsetjinga.

gir seg ut for å vere sanne (historie), og narrativer som ikkje har dette kravet over seg (fiksjon). Ricoeur meiner denne dikotomien lagar hindringar for å studere temporalitet i narrativ (Ricoeur 1991a:103f). Han avviser binæropposisjon sanning-fiksjon, ettersom språket står i eit metaforisk tilhøve til verda (Ricoeur 1999a; for eit anna syn, sjå Moore 1990:108). Dette tyder ikkje at diskursen berre er sjølvrefererande, som språkssystemet, vi talar fordi vi er i verda, seier Ricoeur (1999b:140).

Den narrative funksjonen når det gjeld å strukturere hendingar inn i ei samanhengande forteljing, er ikkje inngåande studert korkje i historie eller litteraturkritikk, meiner Ricoeur (1991a:104).

*(...) narrativity is the mode of discourse through which the mode of being which we call temporality, or temporal being, is brought to language (ibid.:99).*

Med plottet som startpunkt for analysa meiner Ricoeur at ein unngår problemet med historia sitt sanningskrav. Ei utsegn sitt meiningsinnhald kan ifølge hermeneutikaren Frege delast i to; tyding (*sense*) og referanse (*reference*). Plottet vender seg ikkje til referansen til historia (altså verda), men tydinga (forteljinga om verda) (Ricoeur 1991a:105). Han erstattar omgrepa *sense* og *reference* med 3 andre omgrep han meiner fokuserer meir på det narrative aspektet i tekstproduksjon: *prefigurasjon*, *konfigurasjon* og *refigurasjon*. For å vere historisk, må ei hending bidra til eit plot, og dette skjer gjennom ei *configurational act*, der plottet ordnar usamanhengande hendingar til ein samanhengande heilskap (ibid.:106). All narrativ bygger altså på *the episodic dimension*, som er kronologisk, og *the configural dimension*, som er ikkjekronologisk (ibid.).

Det narrative formar tidserfaringa vår, seier Ricoeur (Ricoeur 1991a:105, sjå også Ermarth 1992). Det er altså ikkje utelukkande slik at tid blir manifestert i ein narrativ; narrativen fortel oss også korleis vi kan tenkje om tid. Tilhøvet mellom røyndommen og den narrative tida er snarare gjensidig heller enn einseitig.

*Anti-narrativist writers in the theory of history and structuralist writers in literary criticism share the same prejudice. They do not see that the humblest narrative is always more than a chronological series of events and that, in turn, the configurational dimension cannot overcome the episodic dimension without suppressing the narrative structure itself. (Ricoeur 1991a:106f).*

Ifølge Ricoeur liknar narrativ tid ofte på den lineære tida, på grunn av den episodiske strukturen som driv handlinga framover (ibid.:109). I og med at historie må forteljast i narrativ form, er dette ein viktig innsikt. Ricoeur kritiserer mellom anna litteraturforskaren Vladimir Propp si analyse av russiske eventyr; han meiner Propp sin metode utelet andre temporale aspekt enn det lineære. Ricoeur meiner ein kan finne andre temporale uttrykk i historiane. I mange av eventyra blir helten/heltinna tatt ut av den lineære handlinga til ein stad og ei hending der ei form for urett eller ubalanse har oppstått. Denne staden eller tida har meir preg av ei drøymeaktig tid enn den lineære handlingslina. Desse hendingane har ein viktig narrativ-temporal funksjon, som bryt den lineære tidsstrukturen;

*Thanks to this preliminary disorientation, the linear time of chain is broken and the tale assumes an oneiric dimension which is more or less preserved alongside the heroic dimension of the quest.* (Ricoeur 1991a:112).

Ricoeur meiner at brytinga av den lineære tidslina fører hovudpersonen inn i ein atemporal modus, og meiner at eit repetitivt tidsomgrep kan vere eit muleg alternativ. I staden for å avskaffe tid, medfører eit repetitivt tidsomgrep *its existential deepening* (ibid.).

*Repetition tends to become the main issue of the narrative in the kind of narratives in which the quest itself duplicates a travel in space which assumes the shape of a return to the origin. Odysseus's travels are the paradigm of the narrative as travel and return.* (ibid.:113).

Også den amerikanske litteraturforskaren Elisabeth Deeds Ermarth meiner det historiske tidsomgrepet lar seg modifisere gjennom studier av skjønnlitteratur. Ho utviklar eit postmoderne syn på historisk temporalitet. Idèen om den historiske tida har hatt enorm tyngde i vår kultursfære, seier ho<sup>33</sup>. Likevel har den lineære, representerande tida vorte lite problematisert i postmoderne teori, hevdar Ermarth (Ermarth 1992:25). Ho avviser binæropposisjonen fakta – fiksjon, og ser ikkje noko prinsipielt skille mellom skjønnlitterær og historisk narrativ. For å belyse ståstaden sin nyttar ho skjønnlitterære verk, som alle problematiserer den lineære tidsframstillinga. Dette kjem til uttrykk ved at dei legg vekt på rytme meir enn eit lineært handlingsforløp, ein finn variasjonar mellom ei draumeaktig, langsam tid og ei meir springande tid, det finst parallelle tekstbitar og andre ikkje-lineære grep. Postmoderne narrativ kan vise at den lineære tida er ein konvensjonelt betinga idè, og ikkje ei naturleg eller nødvendig eining (ibid.:30). Tekstane Ermarth arbeider med eksemplifiserer det ho kallar rytmisk tid, eit tidsomgrep som er knytta til dei hendingane som skjer, og ikkje til ei

---

<sup>33</sup> *History has become a commanding metanarrative, perhaps **the** metanarrative in Western discourse.* (Ermarth 1992:20).



ekstern, offentlig tidsramme. Dette har ein del fellestrekk med Foucault sitt syn på tid. Tida er ikkje ei linje (korkje rett eller sirkulær) som blir fylt med hendingar; hendingane konstituerer tida (ibid.:21). Ifølge Ermarth er den historiske, lineære tida tett knytta til tanken om det einskaplege, kartesianske subjektet. Ein kan ut frå dette ikkje studere historisk temporalitet utan konsekvensar for subjektet (ibid.:107f; sjå også Thomas 1999). Ho vil erstatte det kartesianske *cogito* (sjå s.15) med ei ny form for subjektivitet, som bryt den lineære tida (Ermarth 1992:14).<sup>34</sup> Ermarth sine tankar om at det historiske tidsomgrepet kan belyst gjennom studier av skjønnlitteratur underbygg ideen om at skjønnlitterær og historisk narrativ ikkje er fundamentalt forskjellige.

### **Samanfatting**

Gjennom studier av skjønnlitteratur kan både Ermarth og Ricoeur tilnærme seg den menneskelege temporaliteten. Begge ser det repetitive som ei utdjupeing av tidserfaringa. Som Ermarth er inne på, kan det synast lite berettiga å studere det historiske tidsomgrepet gjennom skjønnlitteratur. Dette er likevel ikkje så unaturleg som det kan synast, ettersom det er i skjønnlitterær narrativ ein finn tidserfaring tematisert i større grad (Ermarth 1992; Lothe 1994:61). Som Ricoeur viser, er det ikkje fundamentale skilje mellom skjønnlitterær og historisk tekst. Ut frå historieskrivinga si oppfatting av seg sjølv er denne ikkje knytta til fiksjonen (Ricoeur 1991a:104). Dette synet avviser imidlertid Ricoeur. Ettersom det ikkje er eit mimetisk tilhøve mellom den verkelege og den litterære verda, er ikkje eit skilje mellom historisk og fiktiv narrativ opplysende når ein skal handsame narrativ tid (Ricoeur 1999c:174ff). Den menneskelege temporaliteten befinn seg i skjæringspunktet mellom historieskriving og fiksjon (Ricoeur 1991b:354). Begge sjangerane har innverknad på korleis erfart temporalitet kan uttrykkast og gjenforteljast. Ettersom historisk tekst legitimerer seg gjennom eit sanningskrav i høve til verda, har det historiske tidssynet blitt dominerende i vår kultur. Historie som narrativ manifesterer den lineære tida i røyndommen. I lys av dette kan ein sjå arkeologi som aktivt deltakande i forminga av kva tidsoppfatting det er muleg å ha (jmf. Karlsson 2001), heller enn ein rekonstruerande aktivitet som søker å gjenskape fortida. Forutan

---

<sup>34</sup> (...) *postmodern narrative language undermines historical time and substitutes for it a new construction of temporality that I call rhythmic time. This rhythmic time either radically modifies or abandons altogether the dialectics, the teleology, the transcendence, and the putative neutrality of historical time; and it replaces the Cartesian cogito with a different subjectivity whose manifesto might be Cortázar's 'I swing, therefore I am'.* (Ermarth 1992:14).

å ha implikasjonar for kva som kan uttrykkast innad i faget, har dette også følgjer for faget si sjølvforståing og rolle i nåtida.

## **Kapittel 6. Kategorisering av litteratur**

*This book first arose out of a passage in Borges, out of the laughter that shattered, as I read the passage (...) This (...) quotes a 'certain Chinese encyclopaedia' in which it is written that 'animals are divided into: (a) belonging to the Emperor, (b) embalmed, (c) tame, (d) sucking pigs, (e) sirens, (f) fabulous, (g) stray dogs, (h) included in the present classification, (i) frenzied, (j) innumerable, (k) drawn with a very fine camelhair brush, (l) et cetera, (m) having just broken the water pitcher, (n) that from a long way off look like flies'. In the wonderment of this taxonomy, the thing we apprehend in one great leap, the thing that, by means of the fable, is demonstrated as the exotic charm of another system of thought, is the limitation of our own, the stark impossibility of thinking **that**. (Foucault 1997:xv).*

### **Klassifikasjon og det usagte**

Sitatet ovanfor er henta frå Foucault sin *The Order of Things*, og gir innblikk i ein svært framand taksonomi. Foucault argumenterer for at kategoriar som blir nytta for å skildre verda, ikkje er transcendentale idear med opphav i det rasjonelle subjektet, men produkt av spesifikke historiske føresetnader. Slik eg oppfattar Foucault kan ein ikkje føreta kategoriseringar utan at desse får normative konsekvenser. Korleis språket skaper verda kan seiast å vere eit gjennomgangstema i fleire av arbeida hans. Som tidlegare nemnt, kontrollerer diskursen kva som kan seiast, og ikkje seiast, for at ei utsegn skal bli oppfatta som seriøs. Det usagte er i denne samanhengen like viktig som det som faktisk blir uttrykt eksplisitt. Utover dette viser eg til kapittel 5 som inneheld ein grundigare gjennomgang av Foucault sine arbeid.

Hegardt prøver å unnlata å trekke eit skille mellom forskingshistoria til faget arkeologi, og arkeologisk verksemd i dag (Hegardt 1997:19). Han vil heller føre ein samtale med dei ulike tekstane. Hegardt ser på forskingshistoria som paradigmatiske, samstundes som analysa hans har fellestrekk med Foucault sitt historiesyn. Hegardt vil ikkje bruke kronologiske inndelingar, ettersom dette kan gi inntrykk av at han ser på kunnskapsutvikling som akkumulerande og framoverskridande (ibid.:53). Han nyttar likevel dei tradisjonelle forskingshistoriske kategoriane. Både dette og bruken av Kuhn sitt paradigmeomgrep ber med seg konnotasjonar om utvikling og forbetring, eit tema som vart handsama i kapittel 5. Det er imidlertid vanskeleg å skrive om forskingshistorie utan å operere med periodar. Som Svestad og Hegardt sine studier viser, kan desse sjåast på annan måte enn som ledd i evolusjonære og framoverskridande prosessar (Svestad 1995; Hegardt 1997).

*Postprocessuella arkeologer menar att det förflutna återskapas och tar form inom en samtidskontext. På så sätt har även postprocessuella arkeologer kommit att dra en gräns mellan olika arkeologihistoriska perioder. Men det är viss skillnad mellan att å ena sidan betrakta dessa kontexter i ljuset av en vetenskapshistoria och å den andra uppfatta dem som inlägg i en pågående diskurs (Hegardt 1997:19).*

Døme på at det usagte har tyding finst i Anders Hesjedal si doktoravhandling frå 2000, der han studerer synet på det samiske i norsk førhistorie. Han meiner det samiske har blitt konstruert som 'det radikale andre' som ein motsetnad til 'det norske'. I eigenskap av konkurrent til det norske, har det samiske blitt symbolsk utradert i skrivinga av norsk førhistorie (Hesjedal 2000:45). På liknande vis kan det tidsmessige sjåast som eit usagt element i arkeologisk tekst, noko som gir informasjon av betydning. Det som ikkje blir uttalt, er meiningsberande nettopp i eigenskap av å vere undertrykt i teksten. Den dominerande framstillinga av tid som lineær kan ha bidratt til å marginalisere andre temporale aspekt.

Som litteraturgjennomgangen vil vise, kan det ikkje påvisast markante endringar i det arkeologiske tidssynet frå evolusjonismen kjem inn i faget med treperiodesystemet og den typologiske metoden. Skilnadene dreier seg om gradsforskjellar, som presisering av det kronologiske rammeverket. Ei inndeling i den tradisjonelle faghistoria kan ut frå dette sjåast som lite opplysende. Eit analytisk reiskap er imidlertid nødvendig for å handsame tekstane, som eg har delt inn i fire kronologiske fasar på grunnlag av kronologi og dateringsmetodar. Sjølv om ei inndeling av litteraturen i fleire kapittel kan gi inntrykk av store skilnader desse kategoriane i mellom, er dette ikkje intensjonen. Dei fire fasane er delvis overlappande, og bygger på den tradisjonelle forskingshistoriske inndelinga, men er modifisert for å få fram eventuelle skilnader dateringsmetodar kan ha bidratt til. Den postprosessuelle arkeologien er beholden som ein underkategori av ein naturvitskapleg dateringsdiskurs, fordi denne litteraturen har store fellestrekk med den føregåande prosessualismen. Begge desse retningane bygger på det tradisjonelle lineære historiesynet. Først i løpet av 1990-talet blir temporalitet problematisert i norsk arkeologi. Sjølv om denne tendensen har lite omfang, meiner eg at dette er ei utvikling som peiker mot noko nytt. Desse tekstane blir også presentert i eit underkapittel av kapittel 10. Tidsgrenser er ikkje angjeve i kapitteleverskriftene, slik det gjerne er i forskingshistoriske tekstar. Desse kan lett bidra til å befeste tidsskilje det her er av interesse å bryte ned. Sjølv om dette kan gå ut over oversynet, er det av interesse at dei forskingshistoriske kategoriane ikkje vert for dominerande, ettersom dei ikkje er dekkande for problemstillinga som blir handsama her. Framstillinga av tekstar er hovudsakeleg gjort på grunnlag av publikasjonsår, den kronologiske strukturen kjem slik fram i dei einskilde kapitla sjølv om denne ikkje blir presentert i overskrifta. Inndelinga er følgjande;

## I. Historie og hendingstid

## II. Treperiodesystemet og den typologiske metoden

## III. Opphav og kontinuitet

## IV. Arkeologi etter naturvitskaplege dateringsmetodar

Nokre av tekstane vil opptre i fleire av kapitla, for å belyse ulike tema. Det er ikkje føremålet å gi ei samanfating av tidssynet til einiskilde forskarar, ein tekst treng må ikkje nødvendigvis lesast inn i eit større forfattarskap. Kvar einiskild tekst peiker mot kva som kan seiast om fortida til ei viss tid, og skriv seg inn i ein diskurs gjennom å vende seg til tidlegare tekstar. Gjennomgangen av litteraturen skal heller ikkje sjåast som ein generaliserande studie. Eg har kun sett på korleis nokre einiskildtekstar har handsama tid, og det kan ikkje utelukkast at eg hadde komme til andre konklusjonar dersom litteraturmengda var større. Som nemnt i kapittel 1, var dette den opprinnelege intensjonen, noko som viste seg korkje gjennomførbart eller særskilt interessant. Dette er heller ikkje ei kvantitativ eller formalistisk analyse, men ei kvalitativ analyse som vil studere kva dei einiskilde tekstane uttrykker av tidsmessige element, implisitt eller eksplisitt. Det kan dreie seg om dateringsforsøk, kva tyding fortida blir tillagt i høve til nåtida, samband mellom ulike periodar, og kontinuitet/diskontinuitet i framstillinga. Sitatbruk vil vere utstrekt. Føremålet med dette er å la uttrykket i den einiskilde teksten komme til syne. For å synleggjere skilnader mellom ulik handsaming av kjelder til kunnskap om fortida, meiner eg dette er nødvendig, heller enn at innhaldet utelukkande blir prøvd parafasert.

Sjølv om tradisjonelle forskingshistoriske inndelingar er basert på eit anna kunnskapssyn enn det som her blir argumentert for, er dei likevel nyttige for å samanlikne utsegner frå ulike tider (Hegardt 1997:53). Dette lar seg gjere dersom ein unngår å sjå kunnskapsutvikling som ein akkumulativ og fullt ut rasjonell prosess. Derfor skal ikkje analysa utelukkande sjåast som kritikk mot tidlegare forskning; denne må sjåast som ein kunnskapsproduksjon med eigne føresetnader og mål.

## Kapittel 7. Historie og hendingstid

### **Historisk kronologi**

I dette kapitlet vil eg presentere tidsmessige element i ulike artiklar frå tidsskriftet *Urda*. Dette vart gjeve ut av Bergen Museum frå 1837 til 1847, og artiklane er hovudsakeleg henta frå det første bindet, gjeve ut innbunde i 1837. Gerhard Schøning sin *Reise gjennom Gudbrandsdalen 1775* blir også trukke inn for å vise likskapar mellom *Urda*-artiklane og Schøning si måte å forklare historia på, nemlig ved å forklare materielle spor frå fortida inn i den eksisterande historiske diskursen, basert på skriftlege kjelder. Også for seinare arkeologisk forskning har den historiske kronologien hatt stor tyding (til dømes Hansen 1904:187; Shetelig 1912:16; 1925:97, 179, 183; Hagen 1979:93; Gräslund 1996:69). Dette kan tyde på at skilnadene i tidssyn i litteratur frå ulike delar av forskingshistoria ikkje er svært store, sjølv om andre element i faget har endra seg.

### *Den moderne positiviteten*

Som vi var inne på i kapittel 5, knyter Svestad oppkomsten av ein arkeologisk diskurs til eit epistemeskifte på begynnelsen av 1800-talet. Ifølge Svestad representerer dette skiftet eit brot med den føregåande historiske og antikvariske diskursen. Den moderne positiviteten står i motsetnad til den føregåande klassiske kunnskapsordenen, som kan karakterisertast ved at historia på begynnelsen av 1800-talet var prega av *ein homogen og klarlagt orden* (Svestad 1995:163). Dette finst det døme på hjå historikarane Suhm og Schøning, meiner Svestad. Desse utsegnene forsvinn imidlertid raskt, og ei endring inntreff;

*På same tid kjem det fram ei særleg interesse for oldsaker og fortidsminne. Som eit særdrag ved denne interessa finn ein i litteraturen ei mengde begrep og utsegner om oldtida som eit dunkelt stadium av historia, som ei tid omgjeven av det tjukkaste mørke (...) Transformasjonen av positivet kom til å føre oldsakene og fortidsminna fram i lyset som manifeste prov på eit tapt opphav. På same tid var desse levningane også det som openbarte eksistensen av opphavets mulige tilbakevending. I denne erkjenninga blir moderne kunnskap om førhistorie mulig (ibid.:163, mi utheving).*

I *Oversyn over Fædernelandets Mindesmærker fra Oldtiden. Et Forsøg* (1806) vil Rasmus Nyerup dele oldsakene inn i tre kategoriar, som skal komme til uttrykk i eit framtidig museum.

Nyerup uttrykker at oldsakene er eldre enn den historisk kjende tida, men kor lang tidsavstand det er snakk om, veit ein ikkje (ibid.:164f).

*Alt det som er fra den ældste Hedenold, svæver for os som i en tyk Taage, i et umaaleligt Tidsrum. Vi veed det er ældre enn Christendommen, men om det er nogle faa Aar eller nogle hundrede Aar – ja maaske over tusinde Aar – ældre, det er moxen lutter Gisninger og i det højeste kun sandsynlige Hypoteser* (Nyerup sitert i Svestad 1995:165).

Svestad meiner Nyerup uttrykker korleis oldsakene gjennom oppkomsten av den moderne positiviteten har fått ny tyding som kunnskapsberande;

*etter å ha levd i skuggen av andre og lettare klassifiserbare ting, sto no oldsakene og fortidsminna plutselig i sentrum av historia* (ibid.:165).

Svestad si analyse er interessant, men handsamar i mindre grad likskapar mellom historiske og arkeologiske utsegner i litteratur frå begynnelsen av 1800-talet. Det kan hende at analysa fangar endringar som skjer i dansk og svensk fornminneforskning, men *Urda*-artiklane synest ikkje å vere prega av at oldsakene er i sentrum av historia.

Det kan sjå ut til at eit skille mellom arkeologi og historie ikkje er opplysende for ei analyse som studerer tidsmessige uttrykk, ettersom begge faga senterer rundt den historiske tidsaksen. Dersom ein samanliknar artiklane i *Urda* med Schøning si *Reise gjennom Gudbrandsdalen*, er det ikkje markante skilnader på forklaringsforsøka. Begge stader blir fornminne tolka inn i forteljingar frå den historiske diskursen. Likevel blir Schøning av ettertida kategorisert som historikar, medan Christie og Neumann blir sett som grunnleggjarar av arkeologisk verksemd. Skilnaden mellom desse to og Schøning er ikkje hovudsakeleg å finne i korleis dei ser på fornminner, men at *Urda*-forfattarane er knytta til oppretting av eit museum for oldsaker i Bergen. Christie og Neumann er pådrivarar for å samle inn oldsaker til museet. Slik sett kan det tyde på at dei oppfattar gjenstandar som sjølvstendig kjelde til kunnskap om fortida. Schøning viser ikkje noko større interesse for å samle inn oldsaker. Det kan synast som om Schøning på den eine sida og Christie og Neumann på den andre har forskjellig syn på kva hendingar historia består av, og kva kjelder som kan nyttast for å få kunnskap om fortida. Likevel forklarar dei hendingar på liknande vis; materielle spor blir forklart og underbygd med skriftlege kjelder, og tidsrammene har, som eg vil vise nedanfor, store likskapar.

## **Kjemper og mytiske vesen. Hendingstid**

Hendingstid betegnar ei tidsoppfatting der tida er karakterisert ved at den strekker seg ut og foldar seg saman etter kva som hender. Denne tida er ikkje ein tom akse som blir fylt med hendingar, hendingane kan seiast å vere tida (sjå til dømes Bourdieu 1963:55-72). Tida er ut frå dette tett knytta til dei hendingane som finn stad. Litteratur frå denne fasen er prega av forsøk på å knytte fornminne til personar kjent frå skriftlege kjelder, og det blir gitt forklaringar som høver inn i mytiske hendingar i fortida. Desse blir også tilknytta nåtida på ulike måtar. Den mytiske tidsforståinga gir hendingar sine eigne tidsrom, og lineær avstand i tid er ikkje avgjerande for korleis hendingar blir forstått (Eriksen 1999:43; Johansen 1988).

### *Reise gjennom Gudbrandsdalen 1775 (1826)*

I Schøning si reiseskildring blir vi introdusert for ei oppfatting av fortida som er svært forskjellig frå vår eiga. Olav den heilage går igjen i fleire av forklaringane på ulike fenomen, det vere seg menneskeverk eller fenomen vi i dag tolkar som naturskapt. Ei grop i ein stein blir forklart med at Olav den heilage skal ha laga denne med fingeren for å tjore hesten sin. Ei hestekoforma fure i ei bergflate blir forklart med at hesten til Olav skal ha snubla der (Schøning 1826:3). Olav den heilage kan i denne samanhengen oppfattast som ein stamfar til nasjonen, og det har tyding å knytte lokale fenomen til den nasjonale utviklinga, også for å framstille nasjonen som ein einskap. Reins- og elggraver blir forklart med jotnar, ettersom gravene er steinsatte i høgden, og Schøning meiner dimensjonane er slik at dette vanskelig kan vere menneskeverk (ibid.:4f). Vi har ikkje med å gjere eit klart medvit om ein førhistorie, Schøning talar om uspesifikke kategoriar som *fordum Dage* (ibid.:176) og *gamle Dage* (ibid.:196). Dette indikerer at vi har å gjere med eit kunnskapsregime fjernt frå seinare delar av 1800-talet sin arkeologi, med si treperiodiske ordning av materialet. Schøning har heller ikkje fokus på gjenstandar, som er lite erkjent som spor etter fortida. Han fokuserer på norrøne sagaer, munnlege forteljingar, og faste fornminne, som kan sjåast i terrenget. Det er ikkje fortida i seg sjølv som er av interesse, men den mytiske stamfaren sitt nærvær i området. For Schøning er fornminne og landskap først og fremst arena for teikn som kan peike mot denne. På denne måten blir fortid, nåtid og framtid knytta saman, og tilhøve i nåtida kan legitimerast ved å vise til tradisjon.

### Om Norges Fiskerier i Fortiden (1837)

Brömel fortel om dei dårlege vilkåra på Vestlandet då området var regjert av sønene til Eirik Blodøks. Dårlige avlingar og dårleg fiske gjorde det vanskeleg å livberge seg. Dette vart det imidlertid endring på då Håkon Jarl kom attende til landet.

*Denne sørgelige Tid holdt først op, da Hakon Jarl kom tilbage til Norge. Strax efter hans Ankomst 978, gav Jorden riig Afgrøde, og Silden gik til overalt paa Kysten (Brömel 1837a:132).*

*Hvad der siges om Indbyggerne i de Øer, som Rhinen i Julius Cæsars Tid, altsaa i det første Seculum før Chr. (...) (ibid.:120).*

Tida er verkeleggjort gjennom hendingar, som ut frå denne diskursen heng saman gjennom for oss framande årsak-verknadtilhøve. Ein historisk kronologi er også tilstades, men nærast som eit tillegg til hendingstida. Etterkvart som den historiske tidsaksen blir viktigare, blir andre tidsmessige element nedtona.

### **Bibelsk og geologisk tid**

Med utviklinga av geologisk verksemd ser vi ein motsetnad til den bibelske tidsforståinga. Sjølv om det fantest fleire ulike versjonar av denne, var alle samde om at verda skulle bli omtrent 6000 år gammal. Etersom størstedelen av dette tidsspennet allerede var tilbakelagt, kunne ikkje endetida vere langt unna (Haber 1978:1f; Vinsrygg 1986:235). Etter kvart som kunnskapen om geologiske prosessar vart endra, kom ein til ei forståing av at desse måtte ha utvikla seg over lengre tid enn det bibelske synet tillot.

### Bjerg-Hulerne i Bergens Stift (1837)

Neumann prøver i denne teksten å sameine den geologiske og den bibelske tida. Vi finn eit medvit om at naturprosessar har tatt ei viss tid, og den forklaringa blir føretrukke som kan passast inn i det rådande tidsperspektivet. Han diskuterer korleis dei forskjellige holene kan ha blitt danna av ulike naturprosessar. Han uttrykker eksplisitt at forklaringa på danninga av dei omtalte holene må innpassast i den bibelske tidsforståinga. Det faktum at han ser det som nødvendig å uttale dette, kan tyde på at han posisjonerer seg i høve til den framveksande tanken om gradvis utvikling av artar som hadde begynt å breie seg på denne tida. Dette innebar ei utviding av tidsforløpet som måtte ha funne stad. For ein biskop kan det ha vore problematisk at evolusjonismen sto i motsetnad til kreasjonismen, der artane var skapt slik dei framsto, utan å endre seg over tid. Det er imidlertid inga nødvendig motsetnad mellom den darwinistiske utviklingslæra og den bibelske skapingshistoria, ettersom denne kunne lesast



allegorisk. Ei utviding av tidsspennet vart såleis ikkje oppfatta som eintydig problematisk (Toulmin og Goodfield 1966:255). Vinsrygg meiner imidlertid at det evolusjonistiske tidssynet stod i opposisjon til det bibelske (1986:235; sjå også Haber 1978:1-35).

*Hvor nu ikke Vandet kan antages at have forårsaget Udviklingen i Bergeneses Kjerne, der kunne Vulkanisterne tilegne sig Seieren, og saaledes mener jeg at tilvisse, at Tilfældet har f.Ex. med Dolsteens- og med Rønsthulerne. Mundingen af den sidste seer i det mindste meget vulkansk ud. Derimod vidner Limurshulen aabenbare for Neptunisterne (...) men naar man tænker paa hvad Tid der nødvendigen maa kræves, førend Dryppet kan saae bragt en saadan udhuling tilveie, og førend Vandstrømmene kunde saae dannet Limurshulens Nicher og Hvælv, saa finder man let, at Neptunisternes System kan endnu mindre bestaae med den Mosaiske Tidsregning, end Vulkanisternes. (Neumann 1837a:225).*

Neumann har sjølv ikkje funne spor etter menneskeleg tilhald i nokon av holene han har besøkt i Bergens Stift, men meiner likevel at dei kan ha blitt brukte som bustader (Neumann 1837a:225).

*Ligesom det imidlertid ikke er usandsynligt, at Norges allerældste raae Indbyggere kunne, som Troglodyter, have fundet sig vel i disse Naturens for dem fyrstelige Haller, og at de hen i Tiden, adsplittede af de fra Sønden og Østen fremtrængende Folkeslag, have trukket sig tilbage til Bjerghulerne igjen (...). (ibid.:225).*

*I Bremsnæs-Hulen paa Nordmør, skal der endog, efter en Vens Meddelelse til mig derom, være fundet paa Bunden af samme, slukte Brande og en Mændge Been (...) der vidner om, at Mennesker have her havt Tilhold. Og nu vover jeg at gaae lige ind i Historien, for at gjøre det Ovensagte til mer end blot Formodning. (ibid.:226).*

Sjølv om materielle spor etter opphald etter menneske er erkjent, går Neumann til historiske kjelder for å gjere denne tanken til noko meir enn *blot Formodning*. Han argumenterer for at holene i Norge kan ha blitt brukte som bustad for menneske ved å vise til skriftlege kjelder frå Norge, Island og Spania (Neumann 1837a:226ff). Dette tyder på at materielle leivningar ikkje vart sett som sjølvstendig kjelde til kunnskap om fortida. Ein del av grunnen kan vere at det ikkje fantest nokon god måte å datere materialet på, det er slik sett vanskeleg å knytte fortidige leivningar saman til eit meiningsfullt heile. At ein vender seg til skriftlege kjelder for å forklare materielle kulturspor er såleis nødvendig ut frå den rådande diskursen om fortida. Materielle kjelder vert ikkje sett som teikn, som representerer noko utover seg sjølv.

### **Skriftlege kjelder og materielle spor**

Det ser ut til at historiesynet på slutten av 1700-talet og første halvdel av 1800-talet inneber at kjelder av skriftleg karakter er det som utgjer historia. Svestad meiner at ein finn døme på arkeologi som oppfører seg som historie hjå Johan Bureus og Ole Worm på 1600-talet (Svestad 1995:57). Tekstane som blir lest her, hovudsakeleg frå begynnelsen av 1800-talet, viser imidlertid også sterk tilknytting til den historiske diskursen, og tidsaksen.

Dei materielle spora blir ikkje sett som meiningsberande system i seg sjølv, dei blir først del av historia ved å underbygge orda. Ut frå dette historiesynet utgjer ikkje materielle leivningar åleine ei forteljing om fortida. Omgrep som spor og arkeologisk kjeldemateriale kan i den forstand sjåast som anakronistisk å bruke. For at noko skal beteiknast som spor må det vere eit medvit som erkjenner det som eit spor, altså noko som viser til fortida (jmf. kap. 5). Dei materielle leivningane blir ikkje sett som spor til fortida på same måte som seinare i faget, men eg har valt å bruke omgrep som 'spor' og 'arkeologisk kjeldemateriale' også i denne fasen.

### Om Helle-Ristningar og andre Indhugningar i Klipper, især i Bergens Stift (1837)

Eitt døme på at fornminne blir lest inn i ei historisk tidsforståing, er Christie sin *Urda*-artikkel om helleristningar frå 1837. I 1828 undersøkte Christie ristningar på Atløy i Sunnfjord. Ristningane er fordelt på fleire bergflater, og Christie argumenterer for at alle figurane må oppfattast som skipsavbildingar.

*Mærkelig forekommer mig (...) den i Bag-Enden av Figuren No. 20 anbragte Kløft at være, da den mueligen kunde antyde, at man har havt Roer, eller Styrer, af denne Facon, eller med 2 udgaaende skraae Fløje, for desto hurtigere at vende Fartøierne. Det er ogsaa mueligt, at denne Kløft skal antyde en saadan Spord eller Hale, som der fandtes paa Bagdelen af det Skib, kong Olaf Tryggesen tog fra Rand i Nordlandene (...).* (Christie 1837:92).

Christie viser her til Snorre, noko han også gjer seinare i teksten. Også andre detaljar på skipa tolkar Christie som forbunde med kamphandlingar, noko som

*stemmer fuldkommen overeens med hva Snorre Sturleson beretter i sin norske Historie (...) Ligeledes synes det at finde Medhold i de Forskrivter, som indeholdes i Kongespeilet (...) angaaende Skibes Forskandsning og Fortømring.* (ibid.:93).

Dei fleste skipsfigurane ser ut til å ha eitt dekk, seier Christie, men ein figur kan kanskje tolkast til å ha to. For å underbygge dette viser han til Inge Baardsons saga (Christie 1837:93f). Tidfestinga av figurane er imidlertid eit vanskeleg spørsmål, sjølv om Christie meiner dei må vere av høg alder.

*Hvad Tid, af hvem og i hvilken Hensigt de her Omhandlede Skibsfigurer ved Stranden på Gaarden Leervaag ere blevne indhuggede i Klipperne, vil neppe Nogen med Rimelighed kunne bestemme. Skibenes simple og tildeels besynderlige Former, i Forening med den Omstændighed at nogle af Figurene ere næsten udslidte af Klipperne, synes at gjøre det høist antageligt, at disse Indhugninger have en meget høi Ælde* (ibid.:94).

Christie underbygg dette med liknande figurar i Sverige. Han viser også til Kivik-haugen og ein gravhaug på Sjælland, der det er gjort funn av heller med skipsfigurar på (Christie

1837:95). Likevel blir dei skriftlege kjeldene tillagt stor vekt. Christie meiner at innhoggingane kan vere laga av vikingar til minne om tokt, eller ein kan, som biskop Neumann, knytte dei til eit historisk kjent slag i Stavenesvågen i 874, der Atle Jarl mista livet.

*Han [Neumann] støtter sin Mening paa Historiens Vidnesbyrd om at den saarede Jarl efter Slaget bragtes til Atleøen; og han anseer det rimelig, at de Overblevne af hans Mænd fulgte med ham derhen, samt at de have villet forevige den gjæve Høvdinges og deres egen Bedrivt ved Afbildning af de i Slaget værende Skibe (ibid., mitt innskot).*

Christie omtalar også ristningar ved Moster kyrkje i Sunnhordland. På ei bergflate er det avbildingar av fotspor, hender, knoklar og albuar, seier Christie. Ei flat steinhelle, som står oppreist på kyrkjegarden, har eit hol som ser ut som avtrykk etter ein menneskefot (Christie 1837:96).

*Om de nærmest ved Kirken værende Spoer af sidste Slags hedder det hos Almuen deels at de ere Mærker at St. Olafs Fødder fra den Tid, han sprang ned fra Kirkens Tag, for at tugte en uvorren Byggmester (...) deels at de ere Spoer af en Tyv, som havde været inde i Kirken og stjaalet dennes Ornament, men som, i det han sprang ned fra Kirketaget, blev staaende fast i Klippen, og saaledes greben tilligemed de ranede Sager (ibid.).*

Som i Schøning sin tekst ser ein også her høvet til å knytte fortidige spor i landskapet til Olav den Heilage, eller også til ei mytisk hending med ein tjuv som tok gjenstandar i kyrkja. Christie og Neumann meiner imidlertid at *Jættespoerene* i steinen må vere naturskapt (Christie 1837:97). Christie sin artikkel inneheld også andre døme på at merke i berg ulike stader i landet blir sett i samanheng med Olav den Heilage (ibid.:96).

Det er altså eit medvit om ei tid før den historiske epoken, men denne er prega av mørke, og kan ikkje brukast til å framskaffe kunnskap. Denne mørke tida har nærast karakter av ei mytisk tid, som ligg utanfor den historiske tida ein kan tidfeste i høve til kjende hendingar. Svestad påviste som tidlegare nemnt at ein på 1800-talet tala om tida før historia som eit mørke (sjå s.44f). Som litteraturen her viser, blir tida før den skriftlege historia omtala som grå, mørk og taus også utover på 1800-talet (sjå også Brömel 1837a:123; Neumann 1842:219). Etersom diskursen om oldsaker vender seg mot den historiske, er det kanskje ikkje berettiga å tale om studier av førhistorie.

*Sagnet kalder ham Balder, og føier til, at han skal være nedlagt i Høien i sit Langskib. En norsk konge eller Høvding af hiint Navn finnes ikke i Historien. **Han hører altsaa den fabelaktige eller uvisse Periode til, for hvilken Harald Haardfagers Regimente i Norge staar som en Skillesteen imellem den graae Oldtid, og den lysere historiske Alder.** (Neumann 1837b:30f, mi utheving).*

### Gulathinget (1837)

Brömel ser historia som bestående av hendingar som er viktige for framstillinga av nasjonen som ei sjølvstendig eining med lange tradisjonar. Dette kan sjåast i samanheng med arkeologien si nasjonsbyggande rolle på 1800- og 1900-talet (Vinsrygg 1986; sjå også Opedal 1994:9; Hesjedal 2000).

*Havde en senere Konge ladet forfatte de norske Love skriftligt, saa havde det været en saa mærkelig Begivenhed, at Historien vist ikke havde forbidgaaet den med Taushed (...). (Brömel 1837b:80).*

Det er eit interessant syn at dersom ei viktig historisk hending hadde funne stad, ville den ha vore manifestert i historia, og erkjenningsmessig tilgjengeleg. Dette peikar mot ei teleologisk historiforståing. Historia blir også sett som ein degenerasjonsprosess, i motsetnad til den seinare framstegstanken. Ut i frå denne tankegangen gjekk utviklinga av menneskelege samfunn frå ein paradisisk tilstand, gjennom fleire stadier, til eit lågarestående stadium. Tankar som dette finn ein både i antikk historieforståing, som delte fortida inn i fem og suksessivt negadgåande stadier (Vinsrygg 1986:232), og den bibelske tidsforståinga, som såg tilværet som ei utvikling frå ein paradisisk tilstand, men som seinare vart degenerert med syndefallet (Eriksen 1999). Synet på historia som bestående av stadier eller periodar vart seinare kombinert med idèen om tida som ein framstegsprosess (Vinsrygg 1986:232).

Brömel talar om utviklinga av tinget i Norge, og korleis talet på bønder som skulle møte, har gått nedover. Tida har altså brakt med seg ein degenerasjon av tinget (Brömel 1837b:83).

*Jo mere Tiden skrider fremad, desto ringere bliver Antallet; og denne Omstændighed beviser, hvormeget i Tidens Løb Statsborgenes Andeel i Statens Bestyrelse blev formindsket, og hvorledes de offentlige Thinge bleve mere og mere til det, hvad de nu ere, et efter Overøvrigheds Bestemmelse af Sorenskriveren og Fogden bestyret Møde. I de ældre Tider lignede de mer vort Storthing. Da vare de sande Rigsdage, paa hvilke alle for Staten, eller dog idetmindste for Laugdømmet, vigtige Gjenstande og Anliggender bleve forhandlede. (ibid.).*

### **Samanfatting**

Før treperiodesystemet og den typologiske metoden gjer at arkeologien får ein kronologi basert på oldsaker, blir arkeologisk materiale i stor grad handsama som eit supplement til historie. Dette ser vi døme på i tidsskriftet *Urda* og Schøning si reiseskildring. Dette har naudsynleg følgjer for kronologien, som er bestemt av kva som blir sett på som historie. Tida ein kan ha kunnskap om er den historiske tida, det vil nødvendigvis seie så langt ein har skriftlege kjelder. Tidsaksen strekker seg ikkje lenger enn dette, difor blir også materielle spor plasserte inn i den historiske tidsaksen frå vikingtid og framover (Christie 1837:95f). Dette blir sett som ein viktig

nasjonsbyggande periode etter brotet med Danmark i 1814. Mange funn blir daterte til vikingtid/mellomalder, desse var viktige som 'reine' norske epokar før dansketida (Opedal 1994:30f). Vidare finn vi fleire døme på hendingstid, der tida er skildra gjennom å plassere hendingar i høve til kvarandre. Kalendertida er nærverande, men oftast ikkje avgjerande som ordnande prinsipp. Det finst også innslag av ei mytisk tidsforståing, der ein mytisk figur som Olav den heilage rører seg i ei historie der tidfesting i høve til ein lineær kronologi er av relativt lita tyding.

Hegardt hevdar at materiell kultur på 1700-talet blir sett i lys av den skriftleg baserte historia, utan at tidsskilnaden blir tatt omsyn til. Ettersom gjenstandar ikkje kunne tidfestast på annan måte enn gjennom skriftlege kjelder, kan det argumenterast for at denne tidsskilnaden eller tidshorisonten ikkje eksisterte på 1700-talet.

*Den etnografiska analogin var betydelsesfull under 1700-talet. Däremot talade man inte i termer av en förhistoria. Härigenom flöt det skrifthistoriska källmaterialet tidsmässigt samman med materiell kultur oberoende eventuell tidshorisont. Historikerne behandlade sociala, ekonomiska och kulturella förhållanden medan fornforskarna snarare inriktade sig mot föremålen. (Hegardt 1997:41, mi utheving).*

Mandt er også inne på dette temaet i samband med tolking av helleristningar, og nemner at dei i løpet av heile 1800-talet vart oppfatta som illustrasjonar til historiske hendingar (Mandt 1991:164f). Gjennomgangen ovanfor viser også at arkeologiske kjelder blir forstått inn i den historiske diskursen i første halvdel av 1800-talet. Dei materielle kjeldene blir eigentleg ikkje oppfatta som kjelde til kunnskap om fortida, men blir handsama som materiale for å underbygge dei historiske forteljningane. Oldsakene viser ikkje til ei anna tid, dei får si tyding gjennom den historiske forteljninga. Forståinga av kjeldene, materielle eller skriftlege, var heller ikkje på 1800-talet uavhengig av den rådande tidshorisonten, som Hegardt hevdar for 1700-talet (jmf. sitat ovanfor). Den historiske tidshorisonten var derimot heilt avgjerande for korleis kjeldemateriale kunne plasserast tidsmessig i høve til kvarandre, og følgjeleg kva narrativer om fortida som kunne konstruerast.

## **Kapittel 8. Treperiodesystemet og den typologiske metoden**

### **Evolusjonisme og arkeologiske dateringsmetodar**

Dette kapittelet vil ta føre seg tekstar av Ingvald Undset (1880), Anders Lorange (1889), Andreas M. Hansen (1904) og Gabriel Gustafson (1906). Også Haakon Shetelig (1912 og

1925) og Bjørn Hougen (1924) blir trekt inn for å belyse tydinga til treperiodesystemet og typologien.

Klindt Jensen knyter treperiodesystemet til Christian Jürgen Thomsen, som systematiserte materialet i museet for nordiske oldsaker i København. I 1836 publiserte han *Ledetraad til Nordisk Oldkyndighed*, der han argumenterte for tre kulturhistoriske periodar i førhistoria (Klindt-Jensen 1975:46-67). Den typologiske metoden blir kreditert Oscar Montelius i 1870-åra. Klindt-Jensen meiner Montelius var indirekte påverka av Darwin si utviklingslære (ibid:84-96). Ifølge Gjessing innførte Montelius den darwinistiske utviklingslæra i arkeologien med den typologiske metoden (Gjessing 1977:11). I motsetnad til Klindt-Jensen og Gjessing, meiner Gräslund at utviklinga av typologien ikkje var inspirert av evolusjonismen. Gräslund argumenterer for at typologiske seriar var basert på empiriske observasjonar innan numismatikk, og historisk daterbare gjenstandar (Gräslund 1996:64). Hegardt argumenterer imidlertid for at det er eit samband mellom typologien og utviklingslæra (sjå også Helliksen 1992, som argumenterer for at typologien og treperiodesystemet er basert på evolusjonistiske prinsipp), og Montelius sin artikkel med tittelen *Typologin eller utvecklingsläran tillämpad på det menckliga arbetet* frå 1900 indikerer også dette. Dette sambandet er imidlertid av ein annan art enn det Klindt-Jensen og Gjessing argumenterer for.

*Att man i fråga om naturens alster kan följa den ena formens, den ena artens utveckling ur den andra, har ju, som vi alla veta, länge varit känt. Men först i senaste tid har man på det sätt, som jag nu visat, upptäckt, att en alldeles liknande utveckling verkligen också kan uppvisas i fråga om det menckliga arbetets alster.* (Montelius 1900:268).

Hegardt meiner at typologien og utviklingslæra må sjåast som uttrykk for ein felles underliggende epistemologi (Hegardt 1997:220), eit syn som har fellestrekk med Foucault si oppfatting av kunnskapsutvikling. Dette tyder ikkje at arkeologien prøvde å bli ein naturvitskap, seier Hegardt. Med dette skil 1800-talet sin arkeologi seg frå den seinare prosessualismen, som også hadde evolusjonistiske trekk (ibid.:221, 225). Som Svestad (1995) viser, kan forsøka på å knytte einskildpersonar til oppkomsten av den typologiske metoden og treperiodesystemet sjåast i lys av Foucault sin teori om det sentrerte subjektet (sjå kap. 5). Ei avvising av evolusjonslæra si tyding for utviklinga av typologien må sjåast som eit forsøk på å innordne metoden i dagens arkeologiske diskurs.

Darwin utgir *Origin of the Species* i 1859, noko som bidrar til å spreie utviklingstanken til ei større lesargruppe. Tankar om utvikling i forskjellige variantar var imidlertid kjent blant vitenskapsmenn tidlegare enn dette, og Keller meiner dette kan forklare at utviklingslæra så raskt vann terreng innan andre fagområde enn biologien (Keller 1978:67). Både innan naturvitenskapar og kulturvitenskapar hadde utviklingstankar vore til stades før Darwin sine arbeid vart gjeve ut. Studiene hans vart sett som ei stadfesting av ein allerede formulert teori (Hegardt 1997:211-219; sjå også Vinsrygg 1986:235). Den ein-sidede fokuseringa på Darwin i samband med utviklingslæra kan følgjeleg sjåast som ei forenkling. Ei overfokusering på den biologiske diskursen om evolusjon gjer at det i dag kan vere vanskeleg å forstå kor sentral evolusjonismen har vore, og til dels framleis er, for arkeologifaget.

Utviklingslæra og den typologiske metoden kan altså sjåast som uttrykk for same underliggande kunnskapsstruktur, heller enn å sjå typologien som eit resultat av utviklingslæra. Tanken om gradvis utvikling blir ei forståingsramme for korleis endring, og dermed tid, manifesterer seg i gjenstandar så vel som levande vesen. Dei typologiske seriane tyder på at parallellen mellom typologien og utviklingslæra er meir omfattande enn kun eit pedagogisk grep.

Dei typologiske seriane kan gi assosiasjonar til utviklingsseriar for biologiske organismar. Det menneskelege handlingspotensialet er ikkje lett å få auge på i desse seriane; typane blir framstilt som om dei utviklar seg i kraft av seg sjølv. Gräslund si fokusering på at koblinga mellom evolusjonismen og typologien er av analogisk art (Gräslund 1996:63f), ser eg på som forsøk på å innpasse typologien i vår tids arkeologiske diskurs, der evolusjonisme ikkje lenger vert sett som ei egna forståingsramme. Evolusjonismen hadde imidlertid stor utbreiing som vitenskapleg forklaring på 1800- og delar av 1900-talet. Tanken om at samfunn utviklar seg frå enkle til meir avanserte kulturelle uttrykk blir i dag assosiert med etnosentrisme og undertrykking (sjå til dømes Shanks og Tilley 1987). Problemet kan heller seiast å ligge i at arkeologifaget vert sett som arvtakar til den evolusjonistiske arkeologien, samstundes som den prøver å luke ut evolusjonismen.

Med treperiodesystemet og den typologiske metoden blir terminologien innan faget ein annan. I motsetnad til tidlegare, der tolkingane var dominert av kronologi basert på skriftlege kjelder (jmf.kap.7), kan nå gjenstandsfunna tale for seg sjølv;

*Om disse Sværd og Spyd har endog været sagt, at dersom Historien ikke havde vist at fortælle om Vikingetogene, vilde man ved Hjælp af de rundt om i Europas forskjellige Lande opgravede nordiske Vikingevaaben have været i stand til at opklare den rette Sammenhæng og følge Vikingetogenes Gang og Udstrækning. (Lorange 1889:7)*

*(...) det bedste hjælpemiddel til at utrede tidsforholdet giver en nøiagtig og indgaaende sammenligning af selve oldsagerne. (Gustafson 1906:6).*

Samanliknar ein desse sitata med utsegner i kapittel 7, er skilnaden tydeleg. Oldsakene kan nå tale for seg sjølv, og kan påverke historiske forteljingar i større grad. Sjølv om arkeologien med dette får ein eigen kronologisk diskurs, representerer denne nye tilstanden også ei utviding av den eksisterande historiske kronologien. Gjenstandane, som uttrykk for typar, får ein sjølvstendig eksistens som daterande element, og kjelde til kunnskap. Dette kan sjåast som ei form for idealisme. Gjenstanden får nye tidsmessige kvalitetar, form blir sett som eit spesifikt uttrykk for ein universell, tidlaus idè, som er uavhengig av tid og rom.

### **Tingen som uttrykk for ein universell idè**

Bjørn Magnusson Staaf meiner at den typologiske metoden kan knyttast til Ranke sin historisme. Denne retninga står delvis i motsetnad til Hegel sitt historiesyn (Staaf 1994:27). Historismen ser eikvar historisk hending som unik, og må følgjeleg tolkast ut frå sin eigen historiske kontekst (jmf. kap. 3). Det kan imidlertid sjå ut til at både det hegelianske og det historistiske historiesynet pregar arkeologien på 1800-talet. Staaf meiner tekstar av Montelius og Müller viser døme på at materiell kultur vert sett som manifestering av ei bestemt kulturell ånd. *The archaeological remains were the material expression in which the culture's mental spirit could be found* (Staaf 1994:26f). Døme på dette kan sjåast i litteratur frå 1800-talet, så vel som i seinare litteratur.

*Men er det så at de fattige gravplasser betegner en tradisjon fra den førromerske periode, kaster dette et – om enn svakt streiflyv tilbake på tiden selv. **En død og matt tid vil neppe kunne skape en fast og vedholdende tradisjon.** (Hougen 1924:57, mi utheving).*

I Undset sin *Fra Norges ældre jernalder* frå 1880 blir ulike trekk ved gravskikken, som størrelse på gravkammer, ikkje tillagt kronologisk signifikans. Det er gjenstandane som er interessante.

*Jeg kan derfor ikke anse den omstændighed, at en haug indeholder et "lidet kammer" for i og for sig at have videre kronologisk betydning; det bliver også ved sådanne fund først og fremst karakteristiske oldsagformer, der må afgøre, fra hvilket avsnit inden den ældre jernalders udvikling begravelsen hidrører. (Undset 1880:71).*



*Ved et forsøg på en fastsættelse af det enkelte funds tidsstilling må man gå meget forsigtig til værks og tage med i betragtning hensyn i de forskellige retninger. Hvad jeg i denne forbindelse særlig vil betone, er hvorledes den enkelte begravelses gravskik i og for sig ikke er afgørende: selve oldsagerne vil altid have større betydning i denne henseende. (ibid.: 93).*

Å sjå gjenstandane som essensielle, tidlause, former, fører til at klassifiseringa av typar blir svært viktig. Typiske former kan dermed kompensere for manglande antal.

*Vi kan i det her fremlagte materialet av spænder følge den romerske tids formrækker fra begyndelsen til enden. Vi har set at udviklingen hos os skridt for skridt følger samme vei som paa de sydligere deler av det vestgermanske omraade, og **de fuldt karakteristiske typer opveier den tilsynelatende svakhed at materialet fra de to første aarhundreder endda er forholdsvis sparsomt.** (Shetelig 1912:20, mi utheving)*

Varighet og overgangar blir utførleg diskutert (til dømes Lorange 1889:5, Undset 1880:89).

At lause gjenstandstypar har blitt sett som viktigare enn faste fornminne i høve til datering har stått sterkt i faget. Dette ser ein også i seinare arkeologisk litteratur, og viser utviklingstanken sitt preg på arkeologien (til dømes Dommasnes 1998:36). Gjenstandar blir oppfatta som meir kjensleware for endring. Det er ikkje dermed sagt at dette ikkje kan vere ei berettiga skildring av tilhøva. Ein skal heller ikkje nedtone det praktiske og materielle aspektet ved å bygge store jord/steinhaugar i høve til å lage smykke og våpen, og at variasjon kan vere enklare å få fram på små gjenstandar enn store arbeidskrevjande jordhaugar.

Med typologien blir klassifisering av typar viktig for å definere arkeologiske periodar, noko som blir eit sentralt tema i litteraturen.

*Dette var tydeligvis minder fra tre forskjellige tidsrum med forskjellig kultur og forskjellig materiale til de rigtigste redskaber. Og ordenen mellem disse var det ikke vanskeligt at angive; det tre slags nyttemateriale var af forskjellig værdi og brugbarhed. Den, som havde bronze, lavede ikke sit værktøi af sten, og den som kjendte jern, brugte ikke bronze til vaaben. (Gustafson 1906:5).*

Utviklinga blir sett som ei framskriding mot stadig betre former, reiskapar stadig betre tilpassa bruksområdet sitt.

Det kan synast som eit paradoks at relative dateringsmetodar, utvikla gjennom studier av skandinavisk materiale, likevel skulle innpassast i ein kontinental, historisk, kronologi. Dei arkeologisk baserte dateringsmetodane kan sjåast som eit supplement til den historiske kronologien, noko som viser kor avhengig arkeologien har vore av det historiske tidssynet som til ei kvar tid har vore rådande. Dersom ein samanliknar arkeologien etter treperiodesystemet

og den typologiske metoden med fasen før, er historisk kronologi framleis viktig for å framskaffe absolutte dateringar på materialet.

*Utgangspunktet for tidsbestemmelsen av de forhistoriske periodene i Norden, har vi i fund som inneholder fremmede importsaker – bronser, vaaben, mynter og lignende – hvis alder kan bringes paa det rene. (Shetelig 1925:148)*

Sjølv om periodeinndelingar får ein stor plass i arkeologisk litteratur, vert dei ikkje sett som skildringar som fortel den definitive sanninga om fortida. Det er tydeleg at dei vert sett som arbeidsverktøy;

*Det ligger i sakens natur at de arkeologiske perioder bare representerer et kunstig system til inndeling av den kulturelle utvikling som i virkeligheten har været fortløpende med jevne overganger (ibid.).*

Ettersom utvikling blir sett som føregåande langs ein tidsakse, kan generelle lover om menneskelege samfunn, uavhengig av regionale og tidsmessige særtrekk, formulerast (ibid.:103). Ein kan også sjå historistiske trekk, til dømes hjå Shetelig, som seier om dyrestilen at eit slikt særprega kunstuttrykk truleg ikkje kunne oppstå to ganger i løpet av historia;

*Det synes udelukket at en kunst saa ensartet baade i helhet og detaljer, skal være fremstaat selvstendig to ganger inden Europas jernalder. (Shetelig 1925:44).*

Historiesynet ein ser her er ikkje berre evolusjonistisk-lineært, i den forstand at utvikling av samfunn går frå det primitive til det meir komplekse, men også teleologisk, slik Hesjedal argumenterer for (sjå s. 60f). I Shetelig sin diskusjon om dei ulike periodane er det ingen eksplisitt diskusjon av dei tidsmessige aspekta ved materiale eller utvikling. Periodane er nærast enkeltståande, med visse typetrek ein kan klassifisere dei ut i frå. Samanhengane mellom periodane blir lite problematisert, vekta blir lagt på konservatisme. Ein statisk tilstand blir sett som det normale, medan endring er det som må forklarast. Forklaringane går for det meste ut på at overgang til ein ny periode skuldast migrasjonar av menneske, eller kontakt gjennom handel (Shetelig 1925, til dømes 31f, 35f, 42f, 57, 60).

Andreas M. Hansen prøver å knytte saman stadnamn og fornminne. Han let dei språklege argumenta få førerrang over arkeologiske spor, og les desse i lys av språkhistorisk kunnskap (Hansen 1904:111,123). Kulturell kontinuitet hjå ei kulturgruppe overstyrer avstanden i tid og endringspotensialet.

*Sammenhængen, likheten, enheten i så vel det materielle jordbruks-grundlag som i mere åndelig kultur, er klar i hele den ariske verden så langt vi kan følge den (Hansen 1904:157).*

*Ihvertfald kan vi ikke for kortskallernes konservative veidekultur anta et så raskt utviklingstempo som vi senere finder hos langskallerne, hvor – efter S. Müller – en 200-års rytme synes at herske for periodevekslingerne (ibid.:275).*

Av dette ser vi eit syn på endring i eit fastlagt tidsforløp som del av historia sin essens eller natur. Periodane blir sett som delvis essensielle kategoriar. Sitatet nedanfor viser at sjølv om ein ikkje har eit omfattande materiale å bygge på, veit ein likevel korleis perioden skal sjå ut.

*Om vort materiale er meget fattig, og om det endda ikke paa langt nær er mulig at tegne et virkelig kulturbillede av overgangen fra jernalder til bronsealder og den ældste jernalders utvikling paa Vestlandet, har vi dog holdepunkter nok til ialdfald at skimte hvordan overgangen er foregaaet og hvordan den førromerske jernalder er forløpet (Shetelig 1912:11).*

Ved å sjå periodane som essensielle kategoriar blir desse som 'boksar' ein plasserer funn inn i. Materialet har innverknad på periodane, og periodane har innverknad på tolkinga av materialet. Innanfor den relative kronologien er det særst interessant å sjå på skildringar av overgangar mellom periodane, fordi det kan synast som at overgangane har blitt meir skarpe enn materialet skulle tilseie. Særleg gjeld dette overgangen frå fangst til jordbruk. På den andre sida kan dette sjåast som eit nødvendig analytisk skille når ein ikkje har absolutte dateringar å samanhalde med materialet. Den relative dateringa kan imidlertid verke sjølvoppyllande.

## **Samanfatting**

Med arkeologisk kronologi basert på treperiodesystemet og typologi, blir spor frå fortida ikkje lenger forklart med handlingar av Olav den heilage, kjemper og andre mytiske vesen. Logikken som ordnar første del av 1800-talet sine antikvariske skildringar kan synast framand i høve til seinare arkeologi, som relaterer seg til treperiodesystemet og typologien som strukturerande rammer. Svestad argumenterer for eit brot mellom 1700-talet og 1800-talet sin arkeologi, altså at dei er bygd opp over ulike prinsipp (Svestad 1995:9). Hegardt meiner at ein del av dei epistemologiske prinsippa er dei same. Sjølv om skilnader kjem til syne etterkvart som diskursen endrar seg i løpet av 1800-talet sin moderne diskurs, er desse ifølge Hegardt ikkje uttrykk for eit paradigmatisk skille, men *en justering av diskursens principer* (Hegardt 1997:19).

Litteraturgjennomgangen her viser også likskapar og skilnader. Ei markant endring er at materielle kjelder nå kan tale i kraft av seg sjølv, ikkje utelukkande gjennom ein historiediskurs

basert på skriftlege kjelder. I og med at litteraturutvalet er begrensa, er det ikkje grunnlag for å trekkje vidtrekkjande konklusjonar. Likevel kan Hegardt si skildring synast som mest samanfallande med mi lesing av forskingshistoria. Sjølv om den arkeologiske kronologien er viktig for datering og forståing av fortidige gjenstandar, er historiske kjelder og historisk kunnskap framleis nærverande, og i nokre tilfelle viktigare for tolkinga enn gjenstandsmateriale.

## **Kapittel 9. Opphav og kontinuitet**

### **Kulturarkeologien**

Dette kapittelet ser på tekstar av Andreas M. Hansen (1904), Haakon Shetelig (1925), Erik Hinsch (1953) og Egil Bakka (1963). Alle desse kan karakteriserast som kulturarkeologisk prega. Denne arkeologiske retninga blir også benemnt 'tradisjonell', 'kulturhistorisk' og 'normativ' arkeologi (Olsen 1997:31).

Kulturomgrepet vart introdusert i arkeologien på slutten av 1800-talet for å forklare regionale skilnader som ikkje kunne forklarast ut frå ulik alder åleine. Trigger meiner den kulturhistoriske arkeologien på slutten av 1800-talet erstattar den føregåande, evolusjonistiske arkeologien på 1800-talet (Olsen 1997:32, med ref. til Trigger 1996). Den kulturhistoriske arkeologien er imidlertid basert på evolusjonistiske prinsipp (Brattli 1993, Hegardt 1997), kulturarkeologien sine viktigaste forklaringsmodellar, migrasjon og diffusjon, er ikkje ei motsetnad til desse (Olsen 1997:33). Utvikling vart sett som einsretta. Olsen forstår kulturarkeologien inn i eit kuhniansk rammeverk, og meiner at kulturarkeologien er det næraste arkeologien har vore ein normalvitskapleg tilstand (ibid.:31). Som Hegardt viser, er det vanskeleg å samle utsegner innanfor den arkeologiske diskursen i eit gitt tidsrom til ei samanhengande eining (Hegardt 1997:41, 225). Utsegnene spriker i ulike retningar, og konsensusen er ikkje så stor at Kuhn sine omgrep normalvitskap og paradigme er dekkande.

Hesjedal si doktoravhandling frå 2000 studerer synet på det samiske i norsk arkeologi, og tar føre seg arkeologisk litteratur frå ca 1900 til 2000. Han meiner at arkeologien på slutten av 1800-talet og begynnelsen av 1900-talet var influert av historikaren Ernst Sars si historieoppfatting. Sars sitt historieverk, som kom ut mellom 1873 og 1891, var prega av

nasjonal oppbygging og patos, og bidrog ifølge Hesjedal til å gi historia eit mål; nasjonalstaten Norge (Hesjedal 2000:39; med ref. til Opedal 1994:97).

*I følge Sars pekte Norges historie helt fra de tidligste tider, som for Sars var den germanske tiden, fram i mot selvstendighet og frihet. (Hesjedal 2000:39).*

Det er grunn til å tru at tilknyttinga til den nasjonalt orienterte historieskrivinga også påverka tidsframstillingane i arkeologifaget. Arnfrid Opedal argumenterer i si magistergradsavhandling frå 1994 at arkeologien i den første delen av 1900-talet (frå ca 1905 til 1940) i stor grad vart forstått inn i ei nasjonsbyggande rolle, og at det ut frå dette var avgjerande å sjå forhistoria som ein kontinuerleg, samanhengande prosess som hadde lagt grunnlaget for den moderne nasjonen Norge (Opedal 1994:49f). Tidssynet i faget i same perioden kan forståast inn i den same kontinuitetskapande ramma, ettersom tidsaspektet er heilt avgjerande for å framstille utvikling som samanhengande og målretta. Som nemnt i kapittel 4, argumenterer Hayden White for at ideologiske føringar for strukturering av historisk tekst også har konsekvenser for kva tidsramme ein forstår historia inn i (White 1974:25). Denne ideologien kjem til uttrykk både gjennom korleis ein oppfattar fortida, og innanfor kva tidsramme endring kan skje i nåtida, noko som knyttar ideologien saman med politiske aksar. Opedal meiner at særleg A.W.Brøgger var påverka av den norske historikaren Ernst Sars. Med bakgrunn i dette ser ho Brøgger som representant for ei historieskriving som med sosialismen sin klassekamp som motpol, vil framstille utviklinga av den norske staten frå dei tidlegaste tider til 1900-talet som ein harmonisk prosess, utan motsetnader mellom ulike grupper i samfunnet (Opedal 1994:139).

### **Kontinuitet**

Skal utvikling framstillast som kontinuerleg og samanhengande, er tidsaspektet avgjerande. Dette kjem mellom anna fram i synet på dei ulike arkeologiske periodane. Opedal påviser at med romantikken sitt syn på bondestanden som representant for ein rein norsk kultur, vart det viktig å spore kontinuitet frå mellomalder og fram til bondekulturen på 1800- og 1900-talet (Opedal 1994:35f). Store delar av historieskrivinga (det vere seg basert på skriftlege eller materielle kjelder) frå 1800- og begynnelsen av 1900-talet kan forståast inn i ei ramma som vil framstille kontinuitet delvis frå eldre jernalder, delvis frå mellomalder, og fram til nyare tid. I ulike variantar er kontinuitetsaspektet sterkt nærverande hjå sentrale arkeologar som Brøgger og Shetelig. Opedal viser også at Brøgger si vektlegging på ei nasjonal historieframstilling vart

vidareført av Anders Hagen (ibid.:106-119). Hagen kjem vi tilbake til i kapittel 10. Først skal vi sjå på ulike kulturarkeologisk prega tekstar.

### Landnåm i Norge (1904)

Andreas M. Hansen legg vekt på kontinuiteten frå førhistoria og heilt fram til industrialiseringa på 1800-talet, som han ser som eit viktigare kulturelt brot enn tidlegare tiders teknologiske endringar. Å framstille kulturell endring i eit tidsrom på fleire tusen år som kontinuerleg er eit klart døme på at narrativ form er eit valg av presentasjonsmåte, og ikkje først og fremst empiriske belegg.

*Der synes at ha været det samme kulturgrundlag gennem hele den forhistoriske tid i Skandinavien og videre gennem den historiske tid, til forrige århundrede i mange henseender indledede en ny epoke. (Hansen 1904:156)*

Det sterke fokuset på kontinuitet viser seg også i Bjørn Hougen sin Grav og gravplass. Eldre jernalders gravskikk i Østfold og Vestfold. Han peiker på at funnfattigdom ikkje nødvendigvis treng å bety at kulturen var fattig i eit gitt tidsrom (Hougen 1924:57). Sjølv om materialet er mangelfullt, kan ein likevel gjere slutningar om ein kultur i eit gitt tidsrom, ettersom ein har funn som er både tidlegare og seinare i tid. Sjølv om materialet også kunne ha blitt tolka som uttrykk for diskontinuitet, blir likevel utviklinga sett som samanhengande.

### Norges forhistorie (1925)

Haakon Shetelig sitt synteseverk *Norges forhistorie* frå 1925 fokuserer på den nasjonale tydinga til jernalderen, og kontinuitet. Jernaldermaterialet blir handsama som ein oppsats til den historiske tida.

*De store skibsgravene er vore merkeligste monumenter fra hedensk tid, og de har dertil en mere speciel historisk interesse. Det er gravformer som ganske særlig er knyttet til Vestfoldkongenes æt, til den kongerækken som grundlagde et samlet Norges rike. Gravene paa Gokstad, Oseberg, Borre og Karmøen har dermed ogsaa fremfor alle andre karakteren av nationale monumenter, de stolte og synlige minder fra den tid som danner indledningen til vor historie. (Shetelig 1925:193)*

Sjølv om jernalderen blir tillagt særskilt nasjonal tyding, blir også eldre periodar forstått inn i eit syn på førhistoria og historia som ei samanhengande eining, som også er knytta til nåtida. Shetelig legg vekt på å knytte tidsmessige linjer mellom førhistoria og den skriftleg baserte historia, og mellom fortida og nåtida.

*Vi fornemmer ved disse gravene et saa dypt indtryk av hedensk tankegang, av dødstro og dødkultus som nogensinde i oldtiden, og særlig sterkt virker dette netop i vikingetiden, i en tid som var mere enn halvt historisk og paa terskelen til kristen middelalder. (ibid.:190)*

Kontinuitetsaspektet er sterkt til stades både tidsmessig og geografisk. Shetelig prøver å knytte saman norsk materiale frå ulike tider, og norsk materiale med utviklinga i Sør-Skandinavia og Middelhavsområdet.

*(...) vi kommer tilbake til en tid, da det ikke er utænkelig at det kunde knyttes en forbindelse med den tilsvarende gravform i Ægypten. (ibid.:196)*

### Yngre jernalders stridsøksekulturer i Norge (1953)

I Hinsch sin tekst frå 1953 er evolusjonismen sterkt nærverande. Kulturarkeologien var prega av ei leiting etter opphavet til kulturelle trekk. Å finne det eldste opphavet til ei ervervsform, ein teknologi eller ein reiskapstype vart rekna som ei forklaring på eit gitt kulturelt trekk (Olsen 1997:129). Dette finn vi fleire døme på hjå Hinsch.

*Ting som våpen, smykker eller leirkar har former som til en viss grad er uavhengig av funksjonen og som gjennomgår stadige forandringer. Når det gjelder vår egen tid kaller vi dette mote; i arkeologien heter det utvikling, under den stilltiende **forutsetning at formforandringene stadig følger en jevn eller sprangvis line. (...) fra det enkle og primitive mot det mer sammensatte og differensierte inntil formene så degenererer.** Det vil i dag være vanskelig å føre almenyldige beviser for en slik lov, så mange ukjente eller lite kjente faktorer en uvegerlig må regne med. Men det viser seg at i grove trekk og i svært mange tilfeller synes forløbet å være slik, og rent teoretisk er det sikkert riktig å gå ut fra at det også gjelder for det arkeologiske materiale som her skal behandles. (Hinsch 1953:14, mi utheving).*

Som vi ser, er ikkje evolusjonismen eit uttalt teoretisk fundament, men at Hinsch ser den som ei viktig forståingsramme kjem likevel tydeleg fram. Vektlegging av leirkar i høve til det kronologiske kan sjåast som ei tilknytting av norsk materiale til klassisk arkeologi, der keramikk har vore eit viktig klassifiserande og daterande element (til dømes Biers 1996:51-54, 64f).

*Flere forskere, og sist Glob i sin oversikt over stridsøksekulturene i Europa, har tatt sterkt til orde for at den europeiske typen må sees som prototype for alle de senere og lokale utformingene av stridsøkse. (...) Dette er riktignok vanskelig å bevise på en helt tilfredsstillende måte siden de fleste øksene av denne typen bare foreligger som løsfunn og det europeiske materialet er så lite kjent og dårlig publisert. Men de typologiske resonnementer virker unektelig overbevisende og får en viktig støtte i de mer detaljert kjente forholdene i Danmark. (Hinsch 1953:50f).*

Som eit ledd i søkinga etter det opphavlege er utforminga av dei ulike typane, i dette tilfellet stridsøkser, avgjerande. For å kunne seie noko om alderen må ein ha ei oppfatting av kor i utviklingsrekka eit eksemplar av ein type skal plasserast. Som vi ser av følgjande sitat er det fleire faktorar som kan vanskeleggjere denne prosessen;

*Et vanlig arbeidsredskap er langt mindre underlagt motens hurtig skiftende ønsker enn for eksempel leirkarene og de praktfulle stridsøkene. Deres form er gitt av redskapets spesielle funksjon i arbeidet og forandres bare langsomt, som følge av tekniske forbedringer eller alminnelige kulturpåvirkninger og lån fra andre områder. **Konservatismen i ervervslivet spiller en stor rolle, og ikke minst i avsidesliggende land som Norge er det påfallende hvor seigt en har holdt fast ved gamle redskapsformer og bruksmetoder.** (Hinsch 1953:136, mi utheving).*

*(...) [ved] stadig omhugging og oppsliping mister stykkene sin opphavelige form og kan ikke lengre typebestemmes med sikkerhet. (ibid.:137).*

Dette medfører at utypiske, vanskeleg daterbare, eksemplar blir utelatt frå analysa. Dette understrekar den idealistiske tankegangen, og kan bidra til å gjere klassifiseringa sjølvoppyllande.

*På grunn av dette, og fordi vi får å gjøre med så mange forskjellige, men formmessig nærstående typer, har jeg valgt å følge en forsiktig linje ved inndelingen av stoffet og har tatt minst mulig hensyn til usikre og atypiske eksemplarer. Derfor har jeg måttet sjalte ut en ganske stor gruppe økser med lite distinkte former, noe som til gjengjeld letter den statistiske behandlingen av materialet. (ibid.:137).*

*For hele vår funnliste gjelder det at vi ikke har kunnet gjennomføre et skarpt skille mellom senneolitiske anlegg og dem som virkelig tilhører stridsøkskulturene. Flere av de enklere oldsaksformene går jo uforandret ned i SN og i den følgende diskusjon av de norske funnene må vi ta hensyn til dette punktet. (ibid.:170).*

Hinsch seier sjølv tidlegare i same teksten at typologien må kombinerast med andre dateringsmetodar, som funnkombinasjonsanalyse, likevel utelet han formmessig usikre funn. Korvidt nokre av desse kunne ha blitt datert gjennom andre metodar får vi ikkje vite, ettersom dei ikkje blir handsama i den kronologiske analysa.

Nå er det stadig helt nødvendig å legge en gjennomført typologisk gruppering av formene til grunn for behandlingen både av skandinavisk båtøkskultur og av stridsøkskulturene ellers. En må selvsagt ha for øynene metodens begrensning, framfor alt må den kombineres med et sammenliknende studium av de sluttede funnkombinasjonene, av typenes geografiske fordeling og i heldige tilfeller av funn i stratigrafi. (Hinsch 1953:14).

### Forntida i Odda, Ullensvang og Kinsarvik (1963)

I Bakka sin tekst frå 1963 er ikkje kontinuitetsaspektet like dominerande, han legg derimot vekt på yngre jernalder som markert forskjellig frå den føregåande perioden. Også han understrekar dermed siste del av jernalderen som ein spesiell periode, med tyding for den vidare historiske utviklinga.

To ulike funn av bronsespenner, ei frå Hovland i Ullensvang og ei frå Aurland i Sogn meiner Bakka viser at Norge har hatt utstrekt kontakt med det han kallar den *ålmenngermanske*



utviklinga av dyreornamentikken i 600-åra (Bakka 1963:161). Slik sett knytter også han den norske førhistoria til ei meir generell kontinental utvikling.

*Yngre jernalder kallar ein tida frå ca. 600 til 1050, og ein deler han i to periodar, merovingartid (600-800) og vikingtid (800-1050). Det må ha vore eit djuptgripande tidskifte rundt 600, på mest alle dei omkvede ein kan studera. Gravskikkar og utstyret i gravene endrar seg, drakt, våpen og truleg også fektemåtane, målet må ha endra seg sterkt i denne tida, frå frumnordisk i folkevandringstida til eit mål som sterkt nærmar seg gamalnorsk i merovingartida. Gardnamn som er samansette med personnamn syner at ein ny namneskikk kom til (...). (ibid.:159, mi utheving).*

C14-metoden blir ikkje nemnt. Sjølv om Bakka sin tekst er del av ei bygdebok, ein populærvitenskapleg tekst meint for eit breitt publikum, må ein anta at det hadde blitt nemnt dersom C14-analyse hadde blitt brukt i dateringsarbeidet.

### **Samanfatting**

Litteraturen her vart lest for å finne ut om det kunne påvisast skilnader i korleis kronologiske og tidsmessige element vart framstilt før C14-metoden vart teke i bruk. Tekstane i dette kapitlet er prega av dei tradisjonelle arkeologiske klassifikasjonssystema, treperiodesystemet og typologien. Kontinuitet, leiting etter opphavet til typar og samanknytting av norsk/nordisk materiale med Middelhavsområdet er viktige tema. Noko av forklaringa på kvifor kontinuitet er sentralt er truleg å finne i påverknad frå den nasjonalt orienterte historieskrivinga.

## **Kapittel 10. Arkeologi etter naturvitenskaplege dateringsmetodar**

### **Naturvitenskap som arkeologisk vitenskapsideal**

I løpet av 1960-talet blir arkeologien påverka av ei ny-positivistisk vitenskapleg trend. Denne trenden er mellom anna knytta til Wittgensteins tidlege filosofi og den såkalla Wiener-krinsen, som oppsto på 1920-talet. Desse baserte seg på kritikk av nykantianisme, fenomenologi og hermeneutikk, retningar dei såg som arvtakarar til ein idealistisk tradisjon i filosofien (Myhre 1994:62). Med sin logiske empirisme eller positivisme ville dei fjerne metafysikk frå vitenskapleg verksemd (ibid.), og den vitenskaplege metoden blir særskilt viktig i denne prosessen. Dette synet er grunnlagt på Auguste Comte si inndeling av verda i tre erkjenningsnivå; det positive, det metafysiske og det teologiske (Mill 1866:9ff). Ut frå dette synet kunne berre ting på det positive nivået erkjennast gjennom vitenskapleg tilnærming (ibid.:6).

Den positivistiske greina av arkeologi kalla seg Ny-arkeologi eller prosessualisme, og kan sjåast som vitskapleggjering av faget i naturvitskapleg retning (til dømes Myhre 1994:33, 62f). Prosessualismen er basert på neo-evolusjonisme og ei hypotetisk-deduktiv metode. Gjessing meiner denne endringa skjer som svar på ei etterlysing av meir teoretisk fundert kunnskap i arkeologien (Gjessing 1977:14f). Kulturarkeologien, som prosessualismen definerte seg mot, mangla ikkje epistemologisk grunngjeving, sjølv om denne sjeldan vart eksplisitt formulert. Ifølge Hegardt er det ikkje eit markant epistemologisk skille mellom kulturarkeologi og prosessualisme (Hegardt 1997:150). Han hevdar at desse skil seg frå kvarandre gjennom at prosessualismen 'opptrer' som naturvitskap, medan kulturarkeologien i større grad var bygd på naturvitskaplege epistemologiske prinsipp.

*Prosessualisternas krav på positivistisk epistemologi kan (...) inte betraktas som en helt genom ny programförklaring (Hegardt 1997:151).*

Prosessualismen bygde på ein multilineær versjon av evolusjonismen. Utvikling vart sett som tilpassing til eit spesifikt miljø, i motsetnad til den tidlegare tanken om at alle samfunn utvikla seg mot det same målet (ibid.:159f). Eit veltilpassa, høgt utvikla samfunn er ut frå denne tankegangen eit samfunn som har godt overlevingspotensiale i sitt spesielle miljø. Ut frå eit multilineært syn blir det problematisk å samanlikne forskjellige samfunn med kvarandre. Systemteori, henta frå kybernetikken, vart introdusert for å forklare endring, noko fleire kom til å meine at den ikkje gjorde (Shanks og Tilley 1987:138f). Den prosessualistiske tankegangen såg menneskeleg kultur som ei funksjonalistisk tilpassing til omgjevnaden, og vart etterkvart kritisert for å framstille mennesket som ein viljelaus brikke i eit økodeterministisk spel (sjå til dømes Hodder 1982a; 1982b; 1982c).

Evolusjonistiske idear har vore til stades i vestleg tankegang sidan opplysningstida. Både fag som arkeologi og sosiologi er sterkt prega av dette, og har påverka kvarandre<sup>35</sup>. At evolusjonismen var sentral i danninga av treperiodesystemet og den typologiske metoden har vi allerede vore inne på i kapittel 8. Shanks og Tilley er sterkt kritiske både til det teoretiske

---

<sup>35</sup> *It is almost impossible to exaggerate the profound influence an evolutionary conception of society has had in considerations of the relationship between past and present. (...) Archeological views of the past have been greatly influenced by social theory of an evolutionary type and, in turn, archaeology has been used in social theory to provide a broader consideration of the nature of change. (Shanks og Tilley 1987:138).*

grunnlaget for ideen om sosial evolusjon, og bruken av desse tankane i arkeologi<sup>36</sup>. Som nemnt prøvde prosessualismen å forklare kultur gjennom systemteori. Kultur vart ut frå dette sett som subsystem i balanse med kvarandre. Ei lita tilfeldig endring i eitt av subsystema kunne skape ubalanse, og dei andre subsystema måtte tilpasse seg den nye situasjonen for å gjenvinne balansen mellom dei ulike delane. Shanks og Tilley meiner at denne modellen ikkje forklarar endring betre enn den kulturarkeologiske universalmodellen, diffusjon, som prosessualismen ville distansere seg frå (Shanks og Tilley 1987:140).

*Why change should occur becomes a very real problem in a systemic perspective because the system has been defined in such a way that stability is a norm. In other words, systems theory, as utilized in archaeology, has a theoretical structure describing how a system is maintained but not how it is transformed.* (Shanks og Tilley 1987:139).

### **C14-datering**

I tillegg til ein generell nypositivistisk trend i vitskapen på begynnelsen/midten av 1900-talet, som arkeologien tok opp relativt seint samanlikna med andre fag, kan det tenkast at introduseringa av C14-metoden var ein medverkande grunn til den positive haldninga til naturvitskap i arkeologien. På 50-talet blir C14-datering og dendrokronologi tatt i bruk for å datere arkeologisk materiale (Nydal *et.al.* 1979 (red.)). Med naturvitskaplege metodar får arkeologien reiskap som gir absolutte dateringar uavhengig av skriftlege kjelder<sup>37</sup>. Sistnemnde var, og er framleis, viktige for å knytte arkeologisk materiale til historisk kronologi. Ettersom skriftlege kjelder manglar i det meste av førhistoria, vart C14-metoden sett som eit gjennombrot (Hagen 1979:93ff), sjølv om det ifølge Hagen var ei avventande haldning til å ta metoden i bruk i stort omfang (Hagen 1979:96f). Bruk av naturvitskaplege dateringsmåtar gjer imidlertid ikkje faget arkeologi meir vitskapleg, ifølge Chang (1968:25). Bailey hevdar at arkeologien sin bruk av ahistoriske teoriar frå natur- og samfunnsvitskapar er eit paradoks, ettersom denne bruken vart introdusert på same tid som desse faga begynte å sjå sine egne metodar i lys av ein historisk tankegang (Bailey 1983:172).

Arkeologien sine ulike dateringsmetodar har sprunge ut av forskjellige vitskapelege diskursar, noko som i lita grad blir tematisert innan faget. Korleis ulike dateringsmåtar blir vurderte i høve til kvarandre, er dermed ei problemstilling av interesse. Sjølv om alle dateringsmetodar

---

<sup>36</sup> *In particular, we intend to argue that any notion of social evolution is theoretically flawed and almost always embodies unwarranted ethnocentric evaluations. We suggest that evolutionary theories, of whatever kind, need to be abandoned in favour of a theoretical framework that can adequately cope with the indelibly social texture of change within a framework avoiding both reductionism and essentialism.* (ibid.).

<sup>37</sup> Eg trekkjer ikkje inn thermoluminiscensdatering og andre nyare dateringsmetodar.

innan arkeologi ser ut til å relatere seg til den lineære, historiske tidsaksen, kan det vere interessant å sjå nærare på korleis dei blir vurderte og samanlikna med kvarandre. Får til dømes C14-datering og andre naturvitskaplege dateringsmetodar førerang framfor arkeologiske metodar? Gjessing meiner det faktum at arkeologien gjer bruk av mange ulike dateringsmetodar viser at tidsaspektet er viktig i faget (Gjessing 1977:13). Det kan imidlertid sjåast som problematisk å studere menneskelege samfunn i eit langtidsperspektiv gjennom ein ekstern tidsakse basert på relativt presise dateringar. Botanikaren Knut Fægri hevdar at felt som førhistorie, kvartærgeologi og vegetasjonshistorie ikkje nødvendigvis har nytte av presise dateringar frå varvkronologi og dendrokronologi (Fægri 1979:87; sjå også Marstrander 1979. Om nøyaktigheten av C14-metoden, sjå Gulliksen 1979; Waraas 2001:19ff). Ettersom ei gitt C14-datering ikkje utan vidare lar seg sameine med dei arkeologiske forteljingane om eit materiale, er ikkje relevansen av denne kunnskapen nødvendig gitt. Tilhøvet mellom ulike dateringsdiskursar blir utdjupa meir i kapittel 11.

## **Litteratur**

Først skal vi sjå på korleis forskjellig litteratur handsamar spenningsfeltet mellom ulike dateringsmetodar. Tekstane består av Hagen sitt synteseverk *Norges Oldtid* frå 1983, Helgen si magistergradsavhandling frå 1973 (publisert 1982), Haavaldsen si magisteravhandling frå 1982, Mandt si doktoravhandling frå 1991, og Dommasnes si doktoravhandling frå 1998. Til slutt i dette kapitlet blir også litteratur som syner andre måtar å handsame tid på presentert. Desse er Solli si doktoravhandling frå 1996, ein kulturminnevernrapport av Hygen frå 1999, og Kyvik si hovudfagsoppgåve frå 2002. Tekstane blir framstilt kronologisk ut frå publikasjonsår.

### *Norges Oldtid (1983)*

Anders Hagen *Norges Oldtid* tar føre seg heile førhistoria i Norge. Verket vart gjeve ut første gang i 1967. Eg baserer meg her på revidert utgåve frå 1983, i opptrykk frå 1995. Om eit synteseverk nødvendigvis må la detaljane vike for meir overordna utviklingslinjer, er det relativt tydeleg at framstillinga i boka tar sikte på å framstille kontinuitet frå den tidlegaste delen av førhistoria fram til mellomalder. Førhistoria blir framstilt som eit drama. Pionerbusetjinga blir skildra som at arktiske reinjegarar anten frå det europeiske kontinentet eller Nordsjøkontinentet tar det norske landskapet i besittning. Ved å mestre det tøffe norske landskapet, blir desse innvandrande menneska 'nordmenn'.

*Dessuten vet vi enda noe mer som er avgjørende for vurderingen av den neste – viktigste – innvandringsfasen i vår forhistorie. Det er at den voldsomme smeltningen av den enorme iskappen førte til at landet steg, men samtidig resulterte dette i rask og evig oversvømmelse av det gamle 'Nordsjøkomplekset'. (Hagen 1983:15).*

Ved å tale om 'vår forhistorie' vil Hagen framstille fortida og nåtida som samanhengande, hendingar i nåtida har sin bakgrunn i ting som har hendt i førhistoria, sjølv om tidsspennet er på fleire tusen år. Pionerbusetjinga er viktig for synet på førhistoria som norsk fordi dette er første befolkninga av det som blir 'vårt' land. Ut frå dette synet studerer altså arkeologien opphavet til det norske. Oppbygginga av forteljinga kjem til uttrykk ved at den tidlegaste definerte steinalderkulturen blir sett på som ei innleiing; ein opptakt til det som skal komme seinare i forteljinga (ibid.:28). Denne innleiande epoken legg grunnlaget for den spesifikt norske kulturen, som særmerker seg gjennom evne til å overleve under harde vilkår.

*(...) bosetningen av Norge i slutten av istiden [blir] en fortelling om hvordan mennesker under vanskelige kår har klart å utnytte karrige tilbud og overleve under ekstreme forhold. (ibid.:16, mitt innskot).*

I det heile er teksten prega av ein narrativ struktur som legg vekt på å framstille førhistoria som ei samanhengande utviklingslinje. Noko av grunnen til dette kan vere at boka vil gi ei oversikt over heile den 'norske' førhistoria, og dette 'norske' blir gitt røtter tilbake til pionerbusettinga. Kontinuitet er såleis viktig (Hagen 1983:64). Utviklingslinjer og tilpassing til omgjevnadene sine skiftande vilkår er andre viktige tema. Pionerbusetjinga blir sett i samanheng med andre kulturgrupper som levde på det europeiske kontinentet, og forklaringa ligg i å forstå kor dei første jegarane kom frå, og når dette skjedde (ibid.:28f, 36). Materialet blir ikkje studert ut frå interne premisser, men som del av ein kontinental heilskap. Hagen si handsaming av Komsakulturen viser tydinga av å konstruere ei heilskapleg historie. Ettersom det er vanskeleg å knytte denne kulturen til andre fangstkulturar både tidsmessig og geografisk, blir den ein lausriven bit som ikkje passar inn i den samanhengande forteljinga Hagen vil framstille.

*Denne veksling mellom store og små former, mellom alderdommelige typer og utstyr av yngre preg, har gjort det vanskelig å plassere Komsagruppen kronologisk og kulturelt. Dertil kommer at den har sitt sentrum på den ytterste brem av Nordkalotten (...) fjernt fra alle tidligere kjente fangstkulturer fra eldre steinalder. (Hagen 1983:40).*

Tydinga av den kulturarkeologiske opphavsmysten kjem også til syne i Hagen sin argumentasjon om kvifor det såkalla Nøstvetkomplekset ikkje har fått like stor merksemd som dei to antatt eldste busettingskompleksa, Fosna og Komsa. Ettersom det er den eldste pionerbusetjinga som blir sett som mest interessant, blir ikkje dei noko yngre Nøstvetfunna relevante. Dette trass i at Nøstvetmaterialet både er meir talrikt og geografisk utbreidd.

*Selv om det etter hvert er funnet hundrevis av lignende Nøstvetboplasser, først og fremst ved Oslofjorden, men også på Sørlandet og på deler av Vestlandet til nord for Bergen og til tross for at Nøstvettradisjonen derfor er representert med et langt rikere funnstoff enn både Fosna og Komsa, har ikke disse noe yngre funnene appellert til fantasien og forskertrangen som de to eldre funngruppene. Her har man nemlig ikke funnet grunnlag for å tenke seg at vi har spor etter istidsjegere på vandring mot nytt land. Heller ikke har man lett etter opphav og kulturbakgrunn i virkelig fjerne trakter. (ibid.:48f, mi utheving).*

Hagen ser på dei arkeologiske periodane som abstraksjonar basert på endringar i reiskapskulturen, og ikkje spegling av den fortidige røyndommen. Eit generelt problem i arkeologien, seier Hagen, er at det er vanskeleg å definere ein arkeologisk kultur (Hagen 1983:102). Sjølv om *kultur* og *kompleks* er viktige omgrep for å systematisere materiale hjå Hagen, har han eit nyansert syn på desse kategoriane.

*På samme måten som ervervet var sammensatt, er også redskapsutstyret blitt til etter lærdom hentet fra forskjellige områder og stammer. I virkeligheten kan man på ny spørre seg om man noensinne noe sted kan skille ut en klart definert kultur i egentlig forstand på basis av arkeologiske funn. (ibid.:96f).*

Eitt døme på ein 'kultur' som er vanskeleg å definere er den antatt eldste fangstkulturen i Norge, Fosnakekset som Hagen kallar den. Denne består av ei systematisering av materiale frå eit relativt stort område, med stor utstrekning i tid.

*(...) et langvarig og sammensatt avsnitt i nordskandinavisk fangstkultur. Her har vi nemlig å gjøre med hundrevis av boplasser med stor spredning i tid og rom og som varierer en god del med hensyn til beliggenhet og utstyr. Når det derfor brukes begrepet 'Fosnakekultur', må ikke dette oppfattes bokstavelig. Det er ganske enkelt en arkeologisk benevnelse på en rekke funn og fangstboplasser fra eldre steinalder som har visse målbare trekk til felles og som er noe annerledes enn det vi kan registrere hos andre 'kulturer' i samme epoke. (ibid.:23).*

Tilhøvet mellom C14-datering, strandlinjedatering og typologi ser ein eitt døme på i Hagen si handsaming av Høgnipen-buplassane. Desse er datert ved strandlinjer og typologi. For å overleve i dette landskapet, må det ha budd folk i området medan havet sto så høgt at det som i dag er koller som stikk opp av eit myrete område, har vore øyar, og myrområda har stått under vatn (Hagen 1983:17f). Funn frå Segebro i Skåne med liknande reiskapsmateriale som Høgnipen er antatt å vere ca 11 000 år gammalt (ibid.:18). Ein har ikkje C14-dateringar frå Segebro, men frå Høgnipen har C14-dateringar gitt mellomalder som resultat (ibid.).

*Dette er selvsagt feil, og må skyldes forurensning av prøvene. Ved siden av de topografisk-geologiske argumentene, må det derfor bli en vurdering av funnene selv som gir tidsplasseringen. (ibid.).*

Dette viser at dei tradisjonelle arkeologiske dateringsmetodane framleis vert sett som viktige. Ein revurderer ikkje kronologien når tradisjonelle arkeologiske metodar talar for ei steinalderdatering, sjølv om C14-datering viser mellomalder.

*De klart definerte gjenstandene er karakteristiske og typesikre. Pilen har ved siden av skraperen vært hovedredskapet. (ibid.).*

Hagen meiner misforholdet mellom arkeologisk og naturvitskapleg datering i dette tilfellet må forklarast med ureining av C14-prøvane, noko som er ei relevant feilkjelde. Strandlinjekurvane gir i dette særskilte området ein god peikepinn på kva tidsrom menneske kan ha livnært seg i Høgnipenområdet (ibid.:16ff).

### Odd og egg (1982)

I Geir Helgen si magistergradsavhandling frå 1973 (publisert 1982) tek han føre seg merovingartidsfunn frå Hordaland og Sogn og Fjordane. Han diskuterer tilkomsten til perioden med namnet merovingartid. Det regionale og spesifikke blir vektlagt i samband med kronologien. Den absolutte og relative kronologien blir utførleg drøfta, gjennom funnkombinasjonsanalyse og samanfall med historiske kjelder.

*Epoken som behandles går under flere navn i faglitteraturen: småriketid, 7.de periode, vendetid, merovingertid eller yngre germanertid. I skumringen mellom forhistorisk og historisk tid glimter det i funnkomplekser som Vendelfunnene i Sverige og vårt hjemlige Åker, men det egentlige kulturinnhold har det vært vanskelig å utdype. På kontinentet har det merovingiske frankerriket alt fått sin første historieskriver og er over i historisk tid. Det særpregede herskerhus preget denne historien slik at det langt fra er uberettiget å gi epoken navn etter merovingerne. (Helgen 1982:9, mi utheving).*

Diskusjonen dreiar seg om kva perioden skal benemnst, og kva datering som er den mest dekkande (ibid.). Vi kan også sjå liknande bilete som i eldre litteratur, som *skumringen mellom forhistorisk og historisk tid* (jmf. s.45f). Det merovingiske frankerriket *er over i historisk tid*, med historiske kjelder som kan framskaffe kunnskap om fortida.

*Fra man først bare ante epoken til i dag er oppfatningen av den på et vesentlig punkt også endret. (ibid.:9).*

Helgen sitt syn på Montelius si benemning 7. periode som den mest nøytrale (Helgen 1982:9), indikerer ei form for positivisme, som ser tal som objektive og verdifrie skildringar av verda. Men tal er også teikn som kan bere med seg meiningsinnhald langt utover den reine talverdien i eit matematisk system. Det er nok å nemne tala 3, 7 og 13, som også i vår sekulariserte kultur, blir tillagt spesielle eigenskapar.

*Det viste seg (...) at funnene grovt sett samlet seg i tre hauger som jeg har valgt å kalle henholdsvis gruppe I, med undertittel 'de eldste funn', gruppe II 'de typiske funn' og gruppe III som jeg kaller 'overgangsfunnene'. (ibid.:11).*

Helgen si evolusjonistiske inndeling liknar eit slagskipsdiagram, noko som gjev inntrykk av ei organisk utvikling av typane.

*Under behandlingen av en horisont som tradisjonelt betraktes som den første innen den yngre jernalder, kan en vanskelig unngå å komme inn på om den representerer noe radikalt nytt uten eldre forutsetninger: et brudd. Prinsipielt bør en gå ut fra kontinuitet som det normale i et forhistorisk materiale. Et brudd er det unormale som må belegges positivt. Det er ikke tilstrekkelig at en periode med forholdsvis mange og innholdsrike funn etterfølges av en periode med få og fattige funn. (ibid.:47).*

Helgen meiner at periodeinndelingane bør nyanserast kronologisk, i den forstand at tidsgrensene ikkje bør vere strengt knytta til årstal.

*Den markerte grensen ved år 600 vi finner omtalt i litteraturen, bør mykes opp. Forandringene har vært forberedt gjennom 500-tallet, og ble gjennomført til forskjellig tid gjennom sekelet. (ibid.).*

I motsetnad til den tidlegare idealistiske forståinga av periodane, der periodar kan anast og skimtast sjølv om materialet er talmessig sparsomt, er nå det positivt erkjennbare og det statistisk representative viktigare. Ein periode kan ut frå dette synet ikkje definerast negativt, i høve til manglar samanlikna med andre periodar. Helgen sitt syn på periodar skil seg frå tidlegare litteratur, som kan *skimte* korleis ein periode skal vere, sjølv om materialet ikkje er talrikt. Med 1800-talet og det tidlege 1900-talet si idealistiske innverknad kan ein periode utskiljast gjennom typiske funn, sjølv om dei ikkje er særskilt talrike. Helgen legg meir vekt på dei kvantitative aspekta. Han meiner at merovingartid, som er negativt definert, bør definerast ut frå andre, positive, kriterier (Helgen 1982:47). Negative kriterier kan ikkje sjåast som positivt belegg for diskontinuitet, seier han (ibid.:48). Han hevdar også at kontinuitet vil vere det normale i førhistoria, og at det er endringane som må forklarast.

### Økonomiske enheter og sosiale grupper (1982)

Også i Haavaldsen si magistergradsavhandling er utarbeiding av eit kronologisk system sentralt. Haavaldsen arbeider med materiale frå eldre jernalder, og vil utarbeide ein kronologi som kan fange flest muleg av dei ulike funntypene. Ei slik tidfesting er nødvendig dersom ein skal kunne seie noko om *eventuelle endringer i livbergingsmåte og sosial struktur* (Haavaldsen 1982:12).

*For å etterspore sosiale forandringer og endringer i livbergingsmåte må en dessuten ha et kronologisk system som kan påvise slike forandringer. Dvs. en periodeinndeling som ikke er så kort eller fin at*



*forandringene ikke registreres fordi endringsprosessen smuldres opp, men samtidig må heller ikke periodeinndelingen bli for grov eller omfatte for lange perioder, fordi en da, i beste fall, bare vil kunne konstatere sluttresultatet av en kulturhistorisk endringsprosess. Og arkeologiske periodeinndelinger bygger jo primært på grupper av oldsakstyper eller stilarter og ikke på kulturhistoriske hendinger (...). (ibid., mi utheving).*

Haavaldsen sitt syn viser arkeologien si teleologiske vinkling, og problem med å studere utviklinga retrospektivt, altså gjennom å forklare eit sluttprodukt (jmf. Thomas-sitat s.16, fotnote 13). Det er problematisk å avgrense eit sluttresultat, når hendingar er fletta inn i kvarandre, og genererer nye hendingar.

Kronologien blir av Haavaldsen sett som eit reiskap for å få mest muleg informasjon ut av funna. Haldninga til kronologi er forskjellig frå å sjå den som eit rammeverk som funna bør innpassast i. Haavaldsen ser kronologi som eit reiskap ein kan anvende for å belyse ulike aspekt av førhistoria. Kronologien kan i den forstand sjåast som meir nyansert. Dette viser ei anna innstilling til kronologi enn tidlegare, der periodiseringa såg ut til å ha meir rigide rammer. Sjølv om det arkeologiske periodesystemet sjeldan eller aldri har blitt oppfatta som ei sann skildring av fortidig røyndom, har synet på kronologi som arkeologisk reiskap altså endra seg.

*Slomanns periodesystem synes godt egnet til vårt formål, da det deler inn eldre jernalder i flere perioder med en rekke underfaser. **Dermed kan en endringsprosess studeres gjennom både kortere og lengre tidsrom.** F.eks. kan en i yngre romertid studere endringer i løpet av periodens tre faser eller en kan sammenligne hele materialet fra yngre romertid med en annen periode eller fase som f.eks. førromersk jernalder. (Haavaldsen 1982:13, mi utheving).*

Tankegangen om at ein kan studere endringar over kortare og lengre tidsaksar har fellestrekk med Braudel si tredeling i temporale strukturar (sjå kap. 3), og viser slik ei form for modifisering av den lineære tidsaksen. Sjølv om Haavaldsen har nytte av Slomann sitt system i høve til måten han vil belyse materialet på, meiner han at systemet hennar er problematisk samanhalde med den absolutte kronologien (Haavaldsen 1982:13f).

*Men en innordning av eldre jernaldersmateriale Søndre Vestfold i Slomanns relative kronologi er heller ikke problemfri. For det første vil det oppstå funntomme eller nesten funntomme lakuner i enkelte av fasene, for det annet vil deler av materialet være vanskelig å plassere innen en avgrenset fase eller periode (Haavaldsen 1982:14).*

Også Haavaldsen viser her eit positivistisk syn, i den forstand at fortida blir oppfatta som fullt ut erkjennbar, berre ein utarbeider eit godt nok kronologisk system. I og med at delar av materialet fell utanfor systemet, konkluderer han med at systemet er mangelfullt.

*Som det framgår av denne gjennomgangen er Slomanns relative kronologiske system også anvendelig på materialet fra Søndre Vestfold. Mangelen ved systemet er først og fremst sikre lokale ledetyper for de enkelte faser i forskjellige perioder. Det har ikke vært mulig å finne fram til slike i det materialet som foreligger fra Søndre Vestfold. Dette fører da til at variasjoner i antall gravfunn fra de forskjellige faser i en periode kan skyldes gravskikk og formrikdom i oldsaks materialet. (ibid.:16).*

Mangelen på sikre ledetyper for materialet Haavaldsen arbeider med, gjør at variasjonar kan tilskrivast andre variablar enn kronologisk endring. I kva grad arkeologien kan skilje mellom kulturelle, sosiale, økonomiske eller tidsmessige endringar er problematisk. Det er også problematisk korvidt ein kan slutte at endring har funne stad, sjølv om dette ikkje er manifestert i eit gitt materiale (jmf. s.72).

*Blant annet har Service selv hevdet at høvdingdømmet ikke lar seg etterspore i det arkeologiske materialet (...), dette bl.a. fordi høvdingdømmet har tendenser til å bryte sammen med en gang de har begynt å fungere effektivt (...) Arkeologisk vil derfor høvdingdømmene være vanskelig å etterspore, fordi sentrene stadig vekk vil forflyttes geografisk. Med en så grov kronologi som den som eksisterer for eldre jernalder vil det være umulig å følge slike endringer innen tidsrom som f.eks. en generasjon (...) (Haavaldsen 1982:109).*

Kor detaljert det kronologiske systemet er, legg altså føringar på kva informasjon ein får ut av eit gitt materiale. Haavaldsen ser kronologien som eit reiskap som må raffineras i høve til føremålet sitt; å gi eit detaljert oversyn over førhistoria.

### **Tidsmessige element i kontekstuell arkeologi**

Vendinga mot postprosessualismen er handsama i kapittel 4. Det som er interessant i denne samanhengen, er korvidt det kan skiljast ut nye måtar å forhalde seg til tidsmessige element på i litteratur som har teke opp i seg element frå den kontekstuelle arkeologien. Nokre element i denne gjør at defineringa av ein tidsmessig kontekst blir viktig (jmf. kap. 3, om Hodder sin bruk av Braudel sine temporale strukturar). Mandt trekker parallellar til arkeologi på slutten av 1800-talet, og meiner at denne har fellestrekk med postprosessualismen i teoretisk og metodisk breidde (Mandt 1991:387). Postprosessualismen kan altså sjåast som ei arkeologisk reorientering mot humaniora (jmf.s.15).

#### *Vestnorske ristninger i tid og rom (1991)*

Gro Mandt si dr.avhandling frå 1991 studerer ristningar på Vestlandet. For å anlegge ein vid kontekst vil ho sjå ristningane i samheng med anna funnmateriale (Mandt 1991:21). Tidsspennet blir av den grunn lengre enn det som har vore vanleg i ristningsstudiar. Både tidsrammer og dateringsforsøk er interessante for problemstillinga her.

*For å kunne vurdere ristningane i analyseområdet i deres rette historiske sammenheng, er tidfesting et nødvendig hjelpemiddel. Det gjelder så vel ristningene som andre deler av den materielle kulturen de hører*

*sammen med. Tidsdimensjonen omfatter også eventuelle endringer over tid – både når det gjelder bildenes utforming og feltenes distribusjon – som kan ha konsekvenser for ristningenes betydningsinnhold. (ibid.:20).*

Mandt vurderer korleis ristningar kan knyttast saman med anna forhistorisk materiale. Sjølv om dei kan daterast til å vere samtidige, er det gjerne problematisk å påvise romleg samanheng dei imellom.

*Selv om ristningar og andre kulturspor som graver, depoter, boplasser osv. i et område kan dateres til samme tid, er det et problem å knytte dem sammen til et kulturelt og samfunnsmessig hele. Særlig gjelder dette i analyseområdet, der det i bare sjeldne tilfeller er **romlig kontakt** mellom ristningene og andre kulturelementer. Innenfor et avgrenset geografisk område kan det på samme tid ha eksistert forskjellige menneskegrupper med ulike tradisjoner m.h.t. å lage ristninger. (ibid.:21).*

For å belyse ristningane si mulege rolle i eit fortidig samfunn, altså konstruere ein kontekst, trekker Mandt inn materiale frå eit større tidsrom enn det som har vore vanleg for ristningsstudiar. Datering av ristningar er problematisk, og Mandt gir dette temaet stor plass i analysa. Ho prøver å forklare tilhøve i bronsealder med å sjå på perioden før, seinneolitikum (Mandt 1991:397f, 509). Slik sett kan studien synast mindre styrt av periodeinndelingane.

*De fleste skandinaviske ristningsforskerne har likevel prøvd å komme fram til både absolutt og relativ datering. Metodene sikter dels mot å plassere bergbildene innenfor det kronologiske rammeverket som er etablert for skandinavisk forhistorie, dels å fastlegge en innbyrdes tidsrangering av ristningsmotiv og –typer. (ibid.:250).*

Mandt prøver å tidfeste ristningane gjennom typologi av båtfigurar, og å klargjere kva element ved utforminga som har kronologisk relevans, og kva element som ikkje har det (ibid.:280f). Sjølv om Mandt set opp ei utviklingsrekke av båttypar, nemner ho at fleire typar kan ha eksistert samtidig, kanskje til og med på same feltet (ibid.:281). Ho prøver å sjå dei ulike utformingselementa som kan ha kronologisk nytte i samanheng med kvarandre. Dette omfattar detaljar som skrogfylling, dobbel eller enkel stevn og mannskapsstrekar på figurane (ibid.:291). Ho samanliknar si kronologiske analyse med Johnsen si analyse frå 1974 (ibid.:299f). Dei kjem begge fram til likearta resultat, sjølv om dei handsamar forskjellige geografiske område, og har brukt ulike framgangsmåtar.

*Det er altså klart sammenfall mellom Johnsens og mine resultat, både for elementenes utvikling, endingsforløp og frekvens, selv om vi har brukt forskjellige framgangsmåter og behandlet ulike områder. På den bakgrunnen setter jeg fram hypotesen at forløpet av ristningsproduksjonen i Sogn og Fjordane/Sunnmøre tilsvarer den Johnsen har påvist for Rogaland (...) jevnt økende og deretter jevnt fallende, med tyngdepunkt av felt, figurer, motiv, typer og element omtrent midt i ristningstiden. (Mandt 1991:303).*

Både Mandt og Johnsen sine resultat avviser Malmer sitt arbeid, og begge førstnemnde høver inn i eit slagskipsdiagram. Mandt meiner dette kan forklarast ved at ho og Johnsen har andre oppfatningar enn Malmer om korleis produksjonen av båtfigurar gjekk føre seg (ibid.:304f). Sjølv om den relative kronologien kan synast godt underbygd, er den absolutte ristningskronologien meir problematisk. Denne er basert på samanlikning med funn av likearta figurar i samanhengar som let seg datere ved andre kriterier.

*Den absolutte tidfestingen av de 5 fasene som ristningstiden kan deles i, må oppfattes som tentativ (...) Særlig er overgangen mellom fasene vanskelig å fastslå. Imidlertid gir funn som Rørby-sverdet, gravhellene fra Kivik, beslagene fra Wismar-hornet og dekorerte rakekniver gode holdepunkt for dateringen, selv om det må tas forbehold om mulig tidsforskjell dels fordi dekoren er i ulikt materiale (bronse og stein), dels fordi de daterbare funnene stammer fra andre geografiske områder. (Mandt 1991:338).*

Mandt vil sjå ristningane i ein vid kontekst, tidsmessig og rommessig (ibid.:397f, sjå også sitat nedanfor).

*For å forklare ristningenes funksjon i det fortidige samfunnet, må en vite noe om dette samfunnet. Ristningene må tidfestes, samtidige kulturspor studeres, og naturmiljø og ressurspotensiale kartlegges. Disse dataene må vurderes i relasjon til hypoteser om samfunnsforholdene i den eller de aktuelle periodene. (ibid.:366).*

Dette gir ein omfattande samheng å studere ristningsmaterialet ut frå. Som Mandt nemner, gir dette særskilt høve til å studere kontinuitet i eit område, medan meir kortvarige endringar lettare vil unnsleppe ei slik ramme (ibid.:462). Dette syner at valg av tidsramme er bestemmande for kva informasjon ein kan få ut av eit gitt materiale.

*Funnkonsentrasjonene med bosetningselementene fra hele tidsrommet yngre steinalder – romertid/folkevandringstid må avspeile en like langvarig bruk av området. Om bruken har vært kontinuerlig eller indikerer sporadiske opphold, er vanskelig å avgjøre uten å gå i detalj når det gjelder kronologiske forhold. Funnenes lokalisering og distribusjon i tid og rom kan imidlertid gi antydninger om bruken av områdene. (ibid.:469).*

For å definere ei tidsmessig og spatial ramme for fortolking, er det som Mandt viser avgjerande å knytte forskjellig materiale til kvarandre. I og med at Mandt anlegg eit relativt langt tidsspenn i sin studie, har ho også eit stort materiale å arbeide med. Som vi ser ovanfor, kan det i mange tilfelle vere vanskeleg å avgjere om arkeologiske spor i eit område har komme på grunnlag av kontinuerleg aktivitet over lengre tid eller som resultat av fleire kortare sekvensar. Mandt grip imidlertid ikkje tak i dette problemfeltet. Nå har dette sjølv sagt samheng med at avhandlinga ikkje tar sikte på å studere kronologien som sådan, men å belyse ristningar i lys av anna forhistorisk materiale og tilgjengelege kunnskapar om erverv og naturgrunnlag i det aktuelle området. Problemet med samtidighet skal vi komme tilbake til i kapittel 11.

Mandt sitt syn på periodar som arkeologisk reiskap har både skilnader og likskapar med tidlegare arkeologiske uttrykk. Ho vil ikkje gå ut frå ei kvantitativ vurdering for å argumentere for at det er berettiga å tale om ein verkeleg bronsealder i Norge, ein diskusjon som har prega bronsealderforskinga (Mandt 1991:508; jmf. Shetelig-sitat s.89). Ho argumenterer for ei kvalitativ vurdering av materialet, og inntar ein posisjon som har fellestrekk med Shetelig si vurdering av romertidsmateriale; altså at typiske funn samanlikna med dansk materiale gjer at dei norske funna kan sjåast som representative (jmf. Shetelig-sitat s.57). Ettersom Mandt finn det same materialet i sitt analyseområde som blir forbunde med sørsandinavisk bronsealder, meiner ho det er relevant å tale om ein 'reell' bronsealder også i norske område. Sjølv om gjenstandane er færre, er desse påverka av dei same endringane som i sørskandinaviske område (Mandt 1991:508).

#### *Fra Vereide til vikingtid (1998)*

Dommasnes si doktoravhandling frå 1998 er eit forsøk på å sjå gravskikk som ein historisk prosess. Ho vil belyse kontinuitet frå førromersk jernalder til vikingtid med gravfeltet på Vereide i Nordfjord som utgangspunkt. Sjølv om avhandlinga til dels er prega av poststrukturalistisk teori, får dette få konsekvensar for den tidsmessige framstillinga. Avhandlinga tar mellom anna sikte på å avdekke om den store variasjonen i jernaldergravskikk, som byggemåte, -materiale, brent, ubrent, og så vidare, har nokon erkjennbar tydingsskilnad, korvidt denne variasjonen vart medvite brukt for å markere statusposisjonar, eigedomstilhøve, etnisitet etc. Ho vil sjå på gravleggingsritualet ut frå eit handlingsprega utgangspunkt, og ikkje utelukkande fokusere på dei materielle levningane vi arkeologisk kan erkjenne. På denne måten prøver ho å oppnå ei hermeneutisk forståing av kva handlingar som gjekk føre seg. Dommasnes prøver å klargjere om gravfeltet på Vereide og det ho kallar tungravleggingar er del av same tradisjon, og representerer kontinuitet, eller om dette er to ulike tradisjonar. Konklusjonen på dette spørsmålet er at dei to ulike måtane å gravlegge døde menneske på representerer to ulike tradisjonar, den første med eit kollektivt gravrituale, den siste tradisjonen med ei meir personleg gravlegging, nærare knytta til bustaden eller tunet. Dei to tradisjonane er delvis kronologisk overlappande.

*Ville det bli lettere å forstå mening og meninger om man valgte å se på skikken som foreløpig siste ledd i en historisk prosess? Vikingtid og "Vereidetid" er ikke bare kronologisk i hver sin ende av jernalderens tidsskala. Vereidefeltets betydning i denne sammenheng ligger i at det åpner for en ny måte å nærme seg den senere gravskikken, f. eks. ved at Vereidefeltets preg av fast forankring og homogenitet kan settes opp mot*

*vikingtidens nesten uhemmede variasjon. Dette gir et mye bedre grunnlag for å studere likhet og ulikhet, tradisjon og endring i samspillet mellom uttrykk og religiøst innhold enn vi før hadde. Kan f.eks. forholdet mellom tradisjon og brudd bidra til å belyse trekk ved den senere jernalderens gravskikk som tidligere har vært meningsløse for oss, unndratt seg forståelse? (Dommasnes 1998:13).*

Dommasnes viser til Mandt si doktoravhandling som døme på ein studie som prøver å sjå arkeologisk materiale som del av ein lengre prosess, der forklaringar blir søkt gjennom å anlegge eit lengre tidsperspektiv enn vanleg i arkeologiske studier (ibid.:25). Grensene mellom periodane blir i mindre grad ein begrensande faktor. Dommasnes si innvending mot Mandt sitt arbeid er det ho ser som ei overordning av særskandinaviske premisser, og at dette tar for lite utgangspunkt i dei lokale tilhøva. Desse to studiane er imidlertid ikkje så forskjellige frå kvarandre. Begge er prega av den kontekstuelle arkeologien, men ingen av dei er påverka av impulsar som problematiserer den lineære evolusjonstida. Denne blir sett som så altomsluttande og sjølv sagt at den ikkje let seg problematisere. Dette kjem til uttrykk ved at temaet ikkje er nemnt.

Som Dommasnes påpeiker, er det skilnad på studier av gravskikk og studier av busetnadsspor, mellom anna på grunn av endra feltmetodar og studiefokus (Dommasnes 1998:35). Potensielle tidsmessige konsekvensar av dette blir imidlertid ikkje tatt opp, anna enn å prøve å innpasse mest muleg materiale inn i same kronologiske system, som til dømes Farbregd si tolking av kolgroper som mulege graver (ibid.:38; Farbregd 1979:131-137). Desse er ofte relativt store, kolhaldige groper, nokre med skjørbrend stein og små mengder bein i, og blir gjerne sett i samband med matlaging, og/eller ei form for rituale. Farbregd si tolking går ut på at gropene muligens kan sjåast som ein sjølvstendig gravskikk eller –tradisjon. Haldepunkta for ei slik hypotese er rett nok få, noko Farbregd er medviten om. Det som er interessant i denne samanhengen er medvitet om at tidfesting i seg sjølv kan vere eit meiningsberande trekk i fortolingsprosessen. Farbregd baserer si fortolking av kolgropene som graver ved at dei fyller eit hol i gravskikkskronologien, ettersom graver frå tidsrommet førromersk og tidleg romersk jernalder er sjeldne. Dette blir gjerne forklart med at gravleggingspraksis på denne tida var flatmarksgraver, og følgjeleg vanskeleg erkjennbare i ettertid (til dømes Hanisch 2001:104 med ref.). Dette viser at tidfesting i seg sjølv kan bidra til fortolking av fornminne, og demonstrerer nytten av naturvitskaplege dateringar.

*I denne tolkingen spiller dateringen en viktig rolle. Gropene på de trønderske feltene Farbregd behandlet, lar seg alle datere til førromersk og tidlig romersk jernalder. De fyller dermed et tomrom i våre kilder, og en alternativ gravskikk for perioden kan ikke påvises i dette distriktet (...). (Dommasnes 1998:38).*

Det kan imidlertid sjåast som problematisk at dei ulike dateringsmetodane har forskjellig presisjonsnivå. For at fortolkinga skal vere plausibel, bør gravene før og etter det omtala tomrommet i kronologien, vere like presist datert som kolgropene. Mykje av materialet som blir handsama i studier av gravskikk vart imidlertid gravd ut på 1800-talet og begynnelsen av 1900-talet. Dette unndrar desse frå anna datering enn typologi og funnkombinasjon (sjå Kristoffersen 1997:54-84, Dommasnes 1998:36). Den tidsmessige sentreringa er såleis usikker. Kronologiske avvik i høve til å definere gravmateriale blir ofte ikkje tillagt vekt (sjå til dømes Helgen 1982:15). Dersom ein stiller spørsmål ved tidsgrensene Farbregd føreset, blir den einaste premissen for argumentet svekka. Dette viser vanskaner med å innpasse forskjellige diskursar til ei samanhengande forteljing, eit problemfelt som ikkje blir vektlagt.

I studier av fortida blir fenomen prøvd forklart retrospektivt, det vil seie at ein prosess blir forklart gjennom sluttresultatet sitt. Dommasnes prøver heller å sjå samfunnet frå den fortidige samtida sin synsvinkel, i staden for utelukkande å sjå hendingane ut frå ettertida sitt perspektiv.

*Med ny innsikt forandres perspektivet i forhold til det som var mulig for tidligere forskning. I stedet for bare å betrakte f.eks. folkevandringstidens skikker fra ettertidens synsvinkel, kan en nå spørre: ble Vereidefeltetes idèverden en del av den senere jernalderens historiske ballast, og i så fall på hvilken måte? Eller er skikkene å oppfatte som adskilte og kvalitativt forskjellige? (Dommasnes 1998:175).*

Eit problematisk aspekt ved ei slik tilnærming er korvidt ein kan sette seg sjølv inn i tankeverda til menneske som levde for mange hundre år sidan, eit omfattande hermeneutisk og historisk tema (til dømes Keller 1978:20f). Det er imidlertid til side for problemstillinga her. Dommasnes meiner at dersom ein skildrar ei handling gjennom det Geertz kallar *thick description*, kan ein nå *den kulturelle kompetanse som må ha ligget bak* (Dommasnes 1998:216). Ei slik *thick description* inneheld både skildring og fortolking, og dannar ein kontekst ein kan lese fortidige handlingar i lys av.

Kronologien vert sett som eit reiskap til å få ønska informasjon ut av eit materiale. Dette kan også sjåast som ei nyansering av kronologien, som på denne måten blir tilpassa til den einskilde studien og problemstillingane som skal belysast.

*Tidligere forsøk på systematisering av graver basert på enkeltelementer har gitt den erfaringen at et finmasket typologisk eller kronologisk nett vil gi så mange variable at de ble uhåndterlige (...) Også mine kronologiske kategorier er derfor ganske grove. I et tusenårig perspektiv er findateringer bare unntaksvis interessante, og jeg har stort sett forholdt meg til kategoriene (yngre) bronsealder (ca.1000 – ca. 500f.Kr.), jernalder f.Kr. (ca. 500 f.Kr.) – ca. 0), eldre jernalder e.Kr. (ca. 0 – ca. 600 e.Kr.) og yngre jernalder (ca. 600 – ca. 1050 e.Kr.) med oppmerksomheten rettet mot trekk som bevares eller endres i løpet av denne lange*

*tiden. Fokus i denne delen av arbeidet er på den eldre jernalderen etter Kr.f. Dette oppfattes som tidsrommet da viktige endringer fant sted. (ibid.:206f).*

## **Endra tidsmedvit**

Det finst imidlertid tekstar innan norsk arkeologi som problematiserer tid som einskapleg fenomen, som Brit Solli si doktorgradsavhandling frå 1996, ein rapport av Anne-Sophie Hygen publisert i 1999, og Gro Kyvik si hovudfagsoppgåve frå 2002.

### *Narratives of Veøy (1996)*

Med tittelen *Narratives of Veøy. Poetics and Scientifics of Veøy* har Solli klare referansar til postmoderne teori. Solli handsamar temaet narrativ eksplisitt, men kortfatta.

*The act of inscribing a narrative involves a continuous chain of choices. At the outset, the elements to be included and structured into a narrative, are known to the narrator; plotting the elements is a creative act of deciding how to introduce what and when. In texts about something which actually happened, like the fieldwork on Veøy in the summers of 1990-92, it is difficult to generate a narrative time, which resembles the experienced time. (Solli 1996:183).*

Solli er medviten om at ulike arkeologiske temporale aspekt alle skal manifesterast i ein ferdig tekst. Ein har både temporaliteten til materialet, temporaliteten til menneska som levde i fortida, temporaliteten til forskaren, den narrative temporaliteten i teksten, og den faktiske tida arbeidet tok å gjennomføre. Ei viktig narrativ linje i Solli sin tekst er feltarbeidet ho gjorde på Veøy i Romsdalen i tre sesongar. Ho har søkt å vise korleis spørsmåla ho stilte til materialet endra seg etter som feltarbeidet skreid framover. Ut frå hennar syn maskerer ein tekst den arbeidsprosessen som faktisk ligg bak. Ein akademisk tekst har krav til oppbygging, argumentasjon og klarhet, slik at argumentet kan følgjast og resultatet vurderast av andre. Dette er viktige kriterier for vitskapleg tekst, men Solli meiner det også bidrar til å tilsløre prosessen som skjer før ein kjem fram til den tekstmessige framstillinga. Eit feltarbeid kan ifølge Solli sjåast som ein hermeneutisk prosess, der tolking skjer på grunnlag av den kunnskapshorisonten ein hadde i frå før, basert på eventuelt tidlegare feltarbeid i eit område, skriftlege kjelder, kunnskap om topografien og regionen i sin heilskap. Alt dette gjer at ein dannar seg eit bilete av kva ein forventar å finne på staden. Denne horisonten vil så endre seg ettersom det praktiske arbeidet blir gjort. Dette vil Solli la teksten uttrykke.

*Presenting rigid terminology early on in the narrative, reveals results before the reader knows anything about the phenomena to be understood. A free floating terminology includes the reader in the process of research and avoids false clarity. In the shape of rationalist discourse, the use of models and hypothesis testing in humanistic disciplines comprise the worst cases of false clarity. (Solli 1996:183).*



Teksten tematiserer korleis forskaren si opplevde tid kjem til uttrykk i teksten som narrativ tid. Det faktiske arbeidet hadde eit visst tids- og handlingsforløp, og dette blir manifestert i ein narrativ tidsakse i teksten. Materialet sin kronologi kan også sjåast som ein narrativ akse i teksten, bygd opp over det historiske tidsomgrepet.

*“Lived time” and “narrative time” are not identical. (...) There are no untold narratives out there in the shape of events or artefacts to be retold in a historical or archaeological narrative. (ibid.:83).*

Den narrative strukturen maskerer den verkelege arbeidsprosessen som ligg bak (ibid.); det er med andre ord ikkje samsvar mellom narrativ tid og opplevd tid. Her vert ikkje tida sett som einskapleg og einsretta, men forskjellig i ulike samanhengar.

Solli sitt syn på C14-datering viser også eit endra tidsmedvit samanlikna med tidlegare tekstar. I løpet av feltarbeid på Veøy vart det ved sjakting avdekka eit trekolhaldig lag, som kunne tolkast som resultat av svedjebruk. C14-dateringar av dette laget ga uventa resultat (ibid.:96f). Solli meiner at ulike dateringsresultat kan sjåast som forskjellige tidsdiskursar som ikkje nødvendigvis må sameinast. Ifølge Solli kan ein med bakgrunn i dette fortelje fleire inkommensurable historiar om den same lokaliteten. Dette temaet kjem vi tilbake til i kapittel 11.

*The charcoal layers are of course written into the archaeological discourse because they are interpreted as the remains of human activity and not as the results of a devastating fire storm caused by natural occurrences such as a stroke of lightning. (...) **The significance of the charcoal layers is context dependent and defined inside the archaeological discourse, but the radiocarbon dating of the layers belong to a discourse of another, archaeologically independent kind.** (ibid.:97, mi utheving).*

### Fornminneforvaltning i praksis (1999)

Hygen problematiserer den lineære tidsdominansen i arkeologifaget, basert på eit tidlegheideggeriansk og fenomenologisk grunnlag (Hygen 1999, særleg s.19, 54-59), og ser den lineære tida som kulturelt konstruert (Hygen 1999:19). Ho handsamar det problematiske ved å skilje mellom fortid og nåtid, og påpeiker at dette har følgjer for etiske aspekt ved kulturminnevern.

*Jeg har ønsket å diskutere de etiske implikasjonene som ligger latent i all form for praksis som er rettet mot fenomener som på samme tid både er nære og fjerne, samtidige og ikke-samtidige, og som omhandler både ”oss” og ”de andre”. (ibid.:12).*

*Når vi forstår fornminner og produksjon av fortid som noe ensidig nåtidig, betrakter vi fornminnene samtidig og i stor grad som vår eiendom (...) som vi forvalter i dag på vegne av nåtidssamfunnet og fremtiden (...) tidstilhørigheten [er] ikke entydig, og det ligger et innebygd dilemma i ensidig å betrakte fornminnene ut fra*

*våre egne kulturelle, politiske, nyttefilosofiske og praktiske perspektiver. Ved å hevde at fortiden er slutt (...) konstrueres et fundamentalt skille mellom dem og oss (...)* (ibid.:36f, mitt innskot).

Hygen stiller seg spørsmålet om korvidt vi skal vektlegge nærhet eller avstand til fortida, og kva realitet vi skal ta omsyn til, den nåtidige eller den fortidige? Ho illustrerer dette ved det problematiske i å male opp helleristingar. I mange tilfelle veit ein at ristningane ikkje opprinneleg var malte, men i formidlingsføremål har det vore utbreidd å male ristningane med raudfarge for å gjere dei betre synlege (ibid.:37). Dette er imidlertid eit etisk problem, meiner Hygen, ettersom denne praksisen ikkje tar omsyn til dei menneska som skapte bergbileta.

Ved hjelp av Heidegger sin Værensfilosofi oppløyer Hygen skiljet mellom fortid og nåtid. Ved å oppløyse den lineære avstanden mellom fortid og nåtid meiner ho det opnar seg eit temporalt felt der meiningsfulle historiar, som involverer oss (nåtida) og dei andre (fortida), kan forteljast (Hygen 1999:49). Hygen ser mennesket på ein essensialistisk måte. Sjølv om fortidige menneske levde under andre vilkår, var dei ikkje fundamentalt forskjellige frå menneske i dag. Dette inneber at studier av fortida kan studere det allmenmenneskelege, og at vi kan gjentenke arketyperiske menneskelege trekk (ibid.:53).

### *Begrepet livsverden - fenomenologiske perspektiver (2002)*

Kyvik nyttar i si hovudfagsoppgåve fenomenologi for å nyansere synet på tid i samband med studier av gravmateriale. Tida vert sett som handlingsskapt, og 'oppfører' seg følgjeleg ulikt i ulike samanhengar (Kyvik 2002, særleg s.25-29, 113ff). Kyvik studerer gravleggjinga i Borum-Eshøj, ein kjend og monumental gravhaug i Danmark, datert til tidleg bronsealder. Gjennom eit fenomenologisk utgangspunkt kan Kyvik tilnærme seg handlingane som kan ha gått føre seg i samband med gravleggingsritualet, der gravhaugen berre er det endeleg resultatet. Det fenomenologiske utgangspunktet gjer at tida og rommet kan sjåast som handlingsskapt, i motsetnad til konstante og ytre einingar. Å sjå tida og rommet som konstante føresetnader bidrar til å framandgjere desse frå mennesket si befatting med verda, og tar ikkje omsyn til at handling påverkar tilsynelatande konstante einingar som kroppen, tida og rommet. Kyvik viser at ved å vie tida meir merksemd, kan ein få fram ei langt meir nyansert forståing av kompleksiteten ved rituell praksis.

### **Samanfatting**

Det kan synast som at C14-metoden har bidratt til å manifestere den einskaplege evolusjonstida i faget. Med vektlegginga av kontekst er det av tyding å sjå ulike fornminne i samheng med

kvarandre, romleg så vel som tidsleg. Arkeologien sine relative dateringsmetodar og naturvitskapen sine absolutte dateringar blir brukt for å komme fram til eit eintydig resultat, heller enn å problematisere kvarandre. Vekta ligg framleis på å konstruere ei forteljing som føyer seg saman til ei einsretta linje. Sjølv om C14-datering ikkje gir eksakte datoar, er dei utanfor arkeologisk kontroll i større grad enn tradisjonelle arkeologiske dateringsmetodar. Dei ulike resultata blir såleis sett som anten konkurrerande eller supplerande til kvarandre, i høve til om dei ulike resultata støttar opp om eller motseier kvarandre. Dette ser vi både i tekstane til Hagen, Helgen og Haavaldsen. Det same ser vi i tekstane til Mandt og Dommasnes, begge prega av kontekstuell arkeologi. At dei ulike resultata kunne blitt sett som fundamentalt forskjellige, i den forstand at *dei ikkje talar til kvarandre*, blir ikkje handsama. Dette kjem vi tilbake til i kapittel 11.

Det kan imidlertid peikast på fleire grunnar til at den elles så kritiske postprosessualismen i lita grad problematiserer den lineære tida i arkeologien. Fenomenet tid er tradisjonelt eit filosofisk tema, og har stort sett basert seg på Aristoteles sitt tidsomgrep, kanskje til og med snevre aspekt av dette (Karlsson 1998:47; 2001:52f; jmf.s.10). Som Ermarth viser, problematiserer heller ikkje postmoderne teori, som må sjåast som bakgrunn for postprosessualismen, tidsomgrepet i særleg grad (sjå kap. 5).

Arbeida til Solli, Hygen og Kyvik er valt ut fordi dei kan tyde på at arkeologi er i ferd med å bli prega av nye impulsar, som mellom anna påverkar synet på tidmessige element i faget. Som vi har sett, kan både poststrukturalistisk og fenomenologisk teori bidra til dette, ved å sjå tid som narrativ, handlingsskapt, og som kvalitativ og forskjellig i ulike samanhengar. Skilnadene dei tre tekstane imellom viser, etter mi meining, at problematisering av evolusjonstida kan vere fruktbart i arkeologiske studier. Samstundes viser dei at temaet tid og narrativ treng meir omfattande belysing arkeologisk sett.

## **Kapittel 11. Arkeologisk tid; ulike tilnærmingar**

*Don't think that chronology has anything to do with temporality, with being outside the present, with anything we might call 'history'. The spatial representation of time is not enough to establish distance but, because of the nature of this writing, this would be its rhetorical function. (Yates 1990:170f).*

## Tid, kronologi og historie

I dette kapitlet vil eg prøve å samle nokre trådar som har vikla seg ut i løpet av litteraturanalyse i kapittel 7-10. Vidare vil nokre tidsmessige aspekt ved arkeologisk verksemd bli problematisert for å underbygge argumentet om at større tematisering omkring tid er nødvendig, både for å studere fortidige samfunn og for å framstille denne kunnskapen tekstleg.

Som vist i dei føregåande kapitla kan det dominerande tidssuttrykket i arkeologi seiast å vere kronologiske sekvensar, gjennom ei stadig presisering av periodeinndelingar og nye dateringsforsøk. Tidsmangfaldet kan hevdast å ha vore større i tida før evolusjonistisk baserte dateringsmetodar som treperiodesystemet og typologien vart dominerande i faget. Kronologi blir etter dette i stor grad sett som eit hjelpemiddel til å sette materiale inn i ein større samfunnsmessig samanheng. At tidfesting i seg sjølv er ei fortolking blir det fokusert mindre på, denne blir sett som eit metodisk grep som skjer før ein kjem til den 'eigentlege' fortolkinga, der ein kan starte å fortelje noko om det førhistoriske samfunnet. Dette er narrativt manifestert gjennom at dateringane, med mindre teksten har utvikling av kronologien som eksplisitt problemstilling, vanlegvis skal fungere som ei ramme for vidare fortolking. Kronologi som arkeologisk analyseverktøy har rom for nyansering, ikkje berre gjennom spesifisering for å gjere inndelingane meir detaljert, men gjennom å forlate tanken om at ulike dateringsmetodar nødvendigvis bør komme til samsvarande resultat. Dette vil vi komme tilbake til nedanfor.

Eg meiner det kan argumenterast for at arkeologisk kronologi og tidsforståing for øvrig byggjer på ei forlenging av den historiske tidsaksen, som representerer verkelege hendingar. Dette kjem delvis til uttrykk i høve til datering av materiale, men tilknyttinga er tettast på det narrative feltet, altså kva rammeverk arkeologisk kunnskap blir framstilt innanfor. Den arkeologiske tida og den historiske tida er to delar av den same linja, bitar av den same narrativen. Som nemnt meinte Svestad, basert på Foucault, at den antikvariske verksemda på 1600-talet vart forstått inn i historiske forteljingar (sjå s.49). Han meiner at *Dei tause monumenta blei (...) føydd inn i historiske forteljingar* (Svestad 1995:57). Gjennomgangen av litteraturen i dei førre kapitla indikerer at ein slik tendens også har vore til stades i seinare arkeologi.

Ettersom dei historiske kjeldene kan skaffe absolutte dateringar, har desse lenge blitt sett som kjelder til sikrere kunnskap enn dei arkeologiske. Ein kan ha gode haldepunkt for å anta at ein dato i ei skriftleg kjelde er rett, men verdien av denne kunnskapen er ikkje sjølvstøtt gjeve.

Skriftlege kjelder kan i mange tilfelle gi relativt presise dateringar for ei bestemt hending, noko som ikkje utan vidare let seg sameine med eit arkeologisk bilete. Christian Keller har ved hjelp av filosofen Arne Næss diskutert tilhøvet mellom presise og diffuse tidfestingar i arkeologi. Keller meiner at tradisjonell arkeologi (i tydinga kulturarkeologi og prosessualisme), som arbeidde ut frå tanken om at ein skildra den fortidige røyndommen, førte til ein tradisjon med upresise formuleringar. Ved å gjere utsegnene så representative og sannsynlege som råd, vart dei også så vage at dei vart uinteressante, og genererte heller ikkje diskusjon rundt temaet (Keller 1978:85).

Den arkeologiske kronologien blir innpassa i den historiske, som legg føringar på kva som kan seiast. Dette viser seg tydelegast i arkeologiske periodar der ein også har tilgang til skriftlege kjelder, det vere seg norrøne eller kontinentale. Sjølv om dagens arkeologi-fag ofte gjer eit poeng av å ikkje la seg styre av historiske kjelder (sjå til dømes Berglund 1995:særleg s.i-v, 8-11; 1998; sjå også Biers 1996:62f, ettersom tilhøvet mellom skriftlege og arkeologiske kjelder er særskilt aktuelt i klassisk arkeologi), er likevel forteljingane prega av same framstillingsform som ein finn innan historie. Også den førhistoriske arkeologien er ei forlenging av den historiske tidsaksen, i den forstand at utviklinga frå den tidlegaste pionerbusetjinga fram til historiske periodar og vidare fram til i dag vert framstilt som ei samanhengande linje. Ut frå dette kan ein seie at arkeologi også langt seinare enn både 1600- og 1800-talet 'oppfører' seg som historie. Eg meiner det er av tyding å understreke at historiske og arkeologiske kjelder gir tilgang til forskjellig kunnskap om eit gitt område (jmf. Biers 1996:63), og at denne skilnaden kan sjåast som produktiv. Dette kan også overførast til eit arkeologisk 'mikronivå' der forskjelligheit uttrykt gjennom ulike dateringsmetodar og innfallsvinklar forøvrig bør framhevast meir.

Bo Gräslund argumenterer i *Arkeologisk datering* (1992) for at nyare arkeologi har konsentrert seg lite om kronologiske spørsmål. Han peiker på fleire grunnar til dette. Mellom anna meiner han at faget ikkje kan komme lenger med humanistiske dateringsmetodar, og at studiefokus har gått frå gjenstandar til andre typar kjeldemateriale. Ved studier av busetnadsområde vil ein ofte ha få daterande gjenstandsfunn, men arbeider istaden med strukturar i jorda. Dette er materiale som eignar seg betre for naturvitskapleg datering, då særleg C14-metoden. Dei forskjellige dateringsmetodane, humanistiske og naturvitskaplege, er bygd på ulike vitskaplege føresetnader. Ei problematisering av den tidsmessige føresetnaden desse dateringsmetodane er basert på, finn imidlertid ikkje stad.

Gräslund meiner arkeologien lenge var hemma av det nødvendige arbeidet med å lage ein egna kronologi, før faget kunne konsentrere seg om meir kulturhistoriske problemstillingar. Kronologisk metodikk er ikkje eit mål i seg sjølv, men heilt nødvendig for å sette materiale inn i ein kontekst (Gräslund 1996:7). Ettersom kronologiske spørsmål er svært sentrale i eldre arkeologisk litteratur, er det nødvendig med kunnskap om korleis tidlegare forskarar arbeidde. Ifølge Gräslund er arkeologi i dag avhengig av den utviklinga som skjedde på 1800-talet, i den forstand at forskarar i dag kan konsentrere seg om spørsmål omkring det han ser på som arkeologien sitt eigentlege mål; å studere endring i menneskelege samfunn<sup>38</sup>. 1800-talet sine forskarar arbeidde ut frå andre mål enn i dag, og ein må anta at dei arbeidde med problemstillingar dei såg som relevante ut frå sine føresetnader. Å sjå tidlegare tider si forskning som ei grunnforskning i høve til dagens faglege verksemd er etter mi meining eit evolusjonistisk og lite fruktbart kunnskapssyn.

Klassifisering og datering er nødvendig for å kunne seie noko om fortida. Materialet må nødvendigvis plasserast i tid og rom (Gräslund 1996:9). Gräslund meiner det er påfallande at ein ikkje ser nye humanistiske dateringsmetodar sidan 1800-talet, nye dateringsmetodar har berre komme frå naturvitskapleg side. Han meiner grunnen til dette er at det arkeologiske kjeldematerialet har i seg få daterande eigenskapar, eller kronologiske variablar som Gräslund kallar det. Han meiner at nye teoretiske perspektiv ikkje har, og heller ikkje kjem til å endre på dette (ibid.:10). Vidare hevdar han at dei fleste arkeologar har dårleg kunnskap om dateringsmetodikk, noko som kjem til uttrykk ved at dei ikkje skil særskilt godt mellom ulike metodar i tekstlege framstillingar når resultat skal publiserast. Ofte er dei ulike metodane fletta inn i kvarandre, og oversyn er vanskeleg å få (Gräslund 1996:10f). Sjølv om eg ikkje kan seie meg samd i Gräslund sitt vitskapssyn, er synet hans på korleis forskjellige dateringsmetodar blir brukt interessant i denne samanhengen. Dersom arkeologiske dateringsmetodar ikkje er egna for å framskaffe presise dateringar, kan det sjåast som problematisk at ein nyttar desse og naturvitskaplege dateringsmetodar side om side utan å tematisere tilhøvet dei imellom.

---

<sup>38</sup> (...) om inte så många forskare under så lång tid hade ägnat så mycken möda åt kronologiskt arbete, skulle inte dagens arkeologer på ett meningsfullt sätt kunna ägna sig åt de forskningsuppgifter, som man nu tycker er angelägna. Utan en pålitelig kronologi kan arkeologin inte fungera i sin ambition att belysa forntiden. Den kronologiska grundforskning som utfördes, framför allt under 1800-talet men även senare, var en förutsättning för arkeologins vetenskapliga utveckling. (Gräslund 1996:9).

Gräslund hevdar at ettersom så mykje arkeologisk litteratur fokuserer på dei same klassifiserande trekka, må det vere eit snev av sanning i klassifiseringssystemet<sup>39</sup>. Dette er eit interessant syn, men ikkje desto mindre kan ein komme med fleire innvendingar mot det. Det at typeklassifiseringane har ein tendens til å fokusere på dei same trekka, tyder ikkje at dette systemet ligg nærare opp til sanninga om fortida enn andre system, men er eit resultat av at forskarar arbeider innanfor same system. Det Gräslund her viser til, er ikkje eit snev av sanning, men diskursen sine rammer (jmf. kapittel 5). Korvidt inndelingane i nokre tilfelle kan ligge nær opp til fortida sin røyndom, kan vi uansett ikkje vite.

### **Periodeomgrepet**

Periodane er viktige arkeologiske reiskap for å klassifisere materialet. Trass i kritikk av periodeinndelingane, heng mykje av desse att i faget. Mange forsøk har blitt gjort for å nyansere og presisere periodeinndelingane, noko som har resultert i meir regionalt tilpassa kronologiar. Komplisert materiale gjer at ein har både parallelle og overlappende periodesystem. Gamle blir oppgitt, og nye kjem til ettersom behovet endrar seg (Gräslund 1996:21).

*Redan genom att definiera en enda typ karakteriserar man på sätt och vis en tidshorisont, en snävt definierad period. I regel definieras dock en period på ett mycket bredare sortiment av typer eller andra företeelser. (ibid.).*

Gräslund ser på arkeologiske periodar som høgare grad av abstraksjonar enn typane. Ifølge Gräslund samsvarar ikkje dei arkeologiske periodane med det biletet fortidige menneske har hatt av sin eigen røyndom<sup>40</sup>.

Menneske i fortida hadde truleg ei anna tidsrekning, basert på faktiske eller mytiske hendingar, sykliske rørsler i naturen, og ikkje eit abstrakt, ytre system som i dag. Som tidlegare nemnt, har det blitt retta merksemd mot dette (til dømes Welinder 1992; Karlsson 1998), men utan at det

---

<sup>39</sup> *Med tanke på forskares benägenhet att vilja uttrycka sin egen uppfattning om allting, är det påfallande hur enig den arkeologiska yrkeskåren har varit om karakteriseringen av många huvudtyper. Detta tyder på att det trots allt finns något i många större arkeologiska material, som ofta styr arkeologernas typklassificering i viss ungefärlig riktning och som förhindrar att den utförs med absolut slumpmässighet, godtycke och teoribundenhet. Att deklarerat att arkeologiska typer i allmänhet är helt godtyckliga konstruktioner utan all relevans för den förhistoriska människan är således att göra det alldeles för enkelt för sig. (Gräslund 1996:17).*

<sup>40</sup> *Fortida tideräkning torde främst ha baserats på sådana ting som astronomiska cykler, mytologiska föreställningar, traditionsstoff eller hövdingars och andra bemärkta personers verksamhetstid. Den var knappast årstalsbaserad ens i de fall den inkluderade årsvarvsbegreppet. (Gräslund 1996:21f).*

narrative aspektet i framstillinga har blitt fokusert på. Ein har prøvd å tilnærme seg tidslege aspekt i fortidige samfunn gjennom kjeldematerialet, men i mindre grad retta blikket mot si eiga tekstproduserande verksemd. Korvidt det er muleg å studere fortidige samfunn sine tidsoppfatningar er eit legitimt spørsmål, men spørsmål omkring korleis slik kunnskap kan uttrykkast tekstmessig er minst like viktig. Ein av grunnane til at dette sjeldan har blitt sett som eit interessant tema, kan vere at arkeologar til liks med mange historikarar ikkje er medvitne om *the tremendous complexity of narrative time* (Ricoeur 1991a:109).

### **Dateringsmetodar som språkspel**

Bintliff argumenterer for at både humanistiske og naturvitskaplege modellar og arbeidsverktøy kan brukast innanfor same fag, utan at ein skal prøve å få dei til å samstemme i eitt resultat. Bintliff baserer seg på Wittgenstein sin teori om språkspel (Bintliff 1998; 2000:155; sjå også Hygen 1999). Wittgenstein sin filosofi blir ofte delt i to fasar, ein tidleg, positivistisk fase, og ein seinare fase, prega av mystisisme og metafysikk. I den første fasen prøver Wittgenstein mellom anna å undersøke språket sine grenser, han ser på språket ut frå ein matematisk synsvinkel. Ut frå dette kan språket berre uttrykke saksforhold i verda, ein kan ikkje tale om metafysikk eller indre psykologiske erfaringar. Dette er å uttrykke 'nonsens', ifølge Wittgenstein<sup>41</sup>. Einskilde ting kan ikkje seiast, men må visast, seier han. I den seine filosofien sin kjem han imidlertid fram til at det eksisterer forskjellige språkspel, eit omgrep som på mange måtar ville samanfalle med det vi i dag kallar språkleg kontekst. Ei viss utsegn gir meir eller mindre meining innanfor sitt spel, som har ulike reglar som må følgjast dersom ein skal oppnå kommunikativ effekt.

Dei ulike språkspela talar ikkje til kvarandre, og det er fåfengt å prøve å sameine dei (Bintliff 2000:163ff). Ifølge Bintliff blir det problematisk å argumentere for ein posisjon framfor ein annan. Han ser Wittgenstein sine inkoherente språkspel som eit uttrykk for relativismen sitt klassiske problem; korleis kan ein hevde at eitt standpunkt er betre enn eit anna? (Bintliff 1998:41, jmf. kapittel 4 og 5). Eit slikt spørsmål viser forankring i eit objektivistisk vitskapssyn, og representerer etter mi meining ei lite opplysende lesing av Wittgenstein sin språkspel-teori. Det interessante ved denne er nettopp at den tillet inkommensurable standpunkt å vere til stades på same tid, utan at dei må inkorporerast i kvarandre. Bintliff si løysing ved hjelp av empiristen og Annales-historikaren Braudel (ibid.:41f) er etter mi meining

---

<sup>41</sup> Wittgenstein avviser ikkje eksistensen av metafysikk eller indre erfaring, men meiner at det ikkje let seg gjere å tale om slike erfaringar ut frå språket sine logiske eigenskapar (Bintliff 2000:169).



ikkje særskilt overtydande, nyttigare tilnærmingar til relativisme-’problemet’ finst imidlertid hjå Hegardt (1997), Shanks og Hodder (1998) og Jenkins (1999:180-183) (sjå også kapittel 4). Solli legitimerer bruken av C14-metoden i humanvitskapen arkeologi gjennom å sjå fysikk og arkeologi som forskjellige diskursar, uavhengige av kvarandre (sjå s.81). Ut frå dette synet representerer det ikkje eit nødvendig problem at forskjellige dateringsmetodar spriker i ulike retningar, dei gir alle tilgang til forskjellig kunnskap om materialet. Også språkspelteorien kan sjåast på denne måten. Dette inneber ikkje automatisk aksept av at kvaliteten på kunnskapen er den same. Ein kan få eit godt og eit mindre godt **begrunna** resultat. Eller som Shanks og Hodder uttrykker det;

*To hold that objectivity is constructed does not entail that all forms of supposed knowledge will be equally successful in solving particular problems. (Shanks og Hodder 1998:19).*

Dateringar oppnådd gjennom forskjellige metodar kan vere godt begrunna, og likevel komme til sprikande resultat. Istadenfor å anta at eitt av dei nødvendigvis er feilaktig, kan dette sjåast som at ulike dateringsdiskursar fortel forskjellige historiar om eit arkeologisk kjeldemateriale. Denne multivokaliteten er lite synleg i tekstane som har blitt gjennomgått her.

### **Skilnader i tidssyn mellom arkeologiske greiner**

*(...) spørsmålet er nu reist om betegnelsen en bronsesalder i sig selv er helt berettiget, om bronzen virkelig har spillet en slik hovedrolle i kulturen, eller om denne betegnelsen av perioden er villedende. En lignende tvil kan ikke tænkes overfor namnet jernalderen. (Shetelig 1925:100).*

*(...) fjern og noe fremmedartet bronsesalder og en tross alt mer håndgripelig jernalder (...) en er stadig mer tilbøyelig til å anse tidsrummet [jernalder] som en særlig viktig overgangsperiode i utviklingen fra en samfunnsform til en annen i vår forhistorie (Hinsch 1951:51, mitt innskot).*

Gjennomgangen av litteraturen kan indikere at det eksisterer skilnader i måten å arbeide med tid på innanfor ulike delar av faget. Innan jernalderforskning har ein større høve til å handsame meir episodiske handlingar, som til dømes gravleggingar. Sjølv om det i mange høve kan vere vanskeleg å forstå tidsaspektet av ei rituell handling, kan det synast som at jernaldermaterialet legg betre til rette for tidsnyansering. For tydinga av å ta omsyn til tidsaspektet i studier av graver er både Solli (1996) og Kyvik (2002) interessante døme. Eitkvart tidsleg rammeverk vil imidlertid verke definerande for kva type temporalitet ein kan lese ut av materialet. Desto større manglar materialet har, desto vanskelegare er det å påvise at endringar har funne stad. Ut frå dette kan det synast vanskelegare å påvise kortvarige hendingsforløp innan arbeid med steinaldermateriale. Det kan nok vere at materialet legg visse føringar på kva endringar som

kan påvisast, men det er grunn til å tru at også den nasjonalt orienterte historieskrivinga har hatt innverknad på korleis dei to periodane har blitt framstilt. Det kan tenkast at den meir tidsspesifikke jernalderarkeologien ikkje berre er eit resultat av anna kjeldemateriale, men til dels av at jernalderen har blitt forstått som ein meir dynamisk periode enn den langvarige, statiske steinalderen. Som tidlegare nemnt, har jernalderen i større grad blitt sett som ein periode med kulturelt endringspotensiale, og har lagt grunnlaget for den sjølvstendige staten Noreg (sjå s. 53).

Sjølv om berettigelsen av å oppretthalde bronsealderen som ein eigen kategori har blitt diskutert (jmf. sitat ovanfor), er likevel underinndelingane i bronsealder og jernalder av meir detaljert og kortvarig karakter enn inndelingane innanfor steinalder. Ein må difor kunne spørje korvidt samtidighet kan seiast å vere det same i steinalder som i jernalder eller bronsealder. For å kunne studere eit materiale kontekstuellt, er tidfesting nødvendig. Samtidighet er ikkje eit umiddelbart eintydig omgrep, men blir likevel sjeldan definert eksplisitt. Tid materialiserer seg i landskapet, materielle spor kan vere synlege i eit landskap i fleire hundre og tusen år (Olivier 2001). Ein stad er difor ikkje eit augneblinksbilete, men ein representasjon av akkumulert tid, der element trer inn og ut av opplevinga. Eit gitt landskap kan ut frå dette sjåast gjennom ulike tidsrammer, heller enn ei overordna tid. Tidsforløp er sjølvstøtt sentralt i arkeologisk samanheng, gjenbruk og bruksfase er vanlege omgrep å møte. Gjenbruk av materiale blir nærast utelukkande sett som eit problem, fordi det vanskeleggjer datering. Det slutta funnet, der alt materialet er samtidig deponert og uforstyrret, er ikkje berre ein tidskapsel, det er også ei samling av fleire temporale element. Å trekke inn eit lengre tidsperspektiv i belysinga av eit vanskeleg daterbart materiale, som til dømes Mandt i si analyse av ristningsmateriale (sjå s.74ff), utan å tematisere manifestert tid i landskapet, kan sjåast som å omgå samtidighetsproblemet, heller enn å løyse det.

Dersom ein ikkje kan påvise kronologisk signifikante trekk i materialet, er det også vanskeleg å argumentere for endring i det aktuelle førhistoriske samfunnet (jmf. s. 71f). I den forstand kan ein argumentere for at arkeologien har si eiga tid; tid som er manifestert i dei materielle spora, eit syn den kinesisk-amerikanske arkeologen Chang kan seiast å representere. Dette skal utdjupast nedanfor. Kor lang tid kulturell endring tar er eit sentralt tema innan arkeologien, kanskje meir implisitt enn eksplisitt. Den arkeologiske tida er ut frå dette også ei narrativ tid, som blir strukturert til ei samanhengande forteljing. Sjølv om det er vel kjent at dei arkeologiske periodane er ei systematisering av endringar i materiell kultur, og ikkje har noko

med fortidige menneske si tidsoppleving å gjere (sjå s.18), er implikasjonane av dette lite utvikla.

På feltarbeid undrar ein seg gjerne over kor lang tid det kan ha tatt å opparbeide eit kulturlag av ein viss størrelse. Kor lenge har menneske budd på eitt og same busetnadsområde? Kor lang bruksfase har eit bestemt gravfelt? Dette er spørsmål som kan generere ulike svar, i høve til kva aspekt som blir belyst. Arkeologien sine mange og lange diskusjonar om kva datering som er den rette for eit gitt materiale kan sjåast som eit uttrykk for og ein arv frå eit positivistisk vitenskapsideal, beslekta med ei leiting etter det autentiske og opphavlege (sjå Hygen 1999:55). Den definitive dateringa er imidlertid like uopnåeleg som den definitive fortolkinga. Ved å problematisere temporale element i større grad blir faget ei reflekterande verksemd i høve til nåtida. Monumentale byggverk som må ha tatt årevis å oppføre kan representere ei motvekt til dagens samfunn, der rask endring og omstilling vert sett som viktige eigenskapar. Kunnskap om andre tilhøve kan danne basis for refleksjon rundt eige tilvære. Dette viser også at arkeologisk tid ikkje er eit marginalt tema; tidsproblematisering omfattar emne med relevans for faget si rolle i vår eiga samtid (sjå til dømes Adam 1990:5).

### **Kan ein skilje mellom ulike typar tid i arkeologisk analyse?**

Stig Welinder skil mellom menneskeleg (erfart, opplevd) tid og vitenskapleg (naturvitenskapleg, objektiv) tid. Som litteraturgjennomgangen i kap.7-10 viser, har arkeologien i lang tid basert tidssynet sitt på ein naturvitenskapleg tidsdiskurs. I 1967 vart eit sekund definert på følgjande måte;

*the duration of 9,192,631,770 periods of the radiation corresponding to the transition between two hyperfine levels of the ground state of  $^{133}\text{Cs}$  (Welinder 1992:6).*

Ein må anta at ein slik definisjon er nyttig for fysikarar, men har denne kunnskapen relevans for mennesket si oppleving av sitt eige tilvære, i dag eller i fortida? Eller som idèhistorikaren Trond Berg Eriksen uttrykker det; *det øyeblikket som tilhører den opplevde tid, er åpenbart av ett annet slag enn det øyeblikket som matematikken eller mekanikken forutsetter som et punkt på en rett linje eller på en sirkel* (Eriksen 1999:265). Sjølv om ein kunne måle eit fortidig tidsforløp med atomklokker, er verdien av denne kunnskapen ikkje sjølvstøtt gjeve (Welinder 1992:7; jmf. Karlsson 2001). Landskapet, rommet, har ikkje faste punkt arkeologien kan bruke til å studere fortidige menneske si oppfatting av dette landskapet (Welinder 1992:11f).

Welinder meiner likevel det er muleg å studere fortidige menneske si tidserfaring gjennom arkeologisk materiale (ibid.:12). Han argumenterer for dette på bakgrunn av funn frå to gravfelt, eitt norsk og eitt svensk. Ula-feltet i Østfold er eit gravfelt frå eldre jernalder, med eit tidsspenn i funnmaterialet frå keltisk/førromersk jernalder til folkevandringstid. Gravminna består av runde haugar, firkanta haugar og ei overvekt av flatmarksgraver (Vibe-Müller 1987). Delar av beinmaterialet frå dette feltet lot seg alders- og kjønnsbestemme, og det kunne påvisast skilnader i gravgods mellom jenter og kvinner av ulik alder. Graver med spedbarn innehaldt ikkje gravgods, medan graver med unge kvinner mellom 15 og 35 år innehaldt ein sigd. Kvinner eldre enn dette vart gravlagt med draktsmykke. Welinder meiner desse samanhengane fortel noko om ulik rolle i høve til biologisk og sosial syklus. Han hevdar at deponering av ein sigd, eit reiskap for å hauste korn eller før, hjå kvinner i fruktbar alder kan vere assosiert med idear om reproduksjon. Vidare seier han at gravlegging av eldre kvinner iført drakt med smykke kan ha samheng med status knytta til deira rolle som mødre til vaksne barn, kanskje særleg menn.

I gravmateriale frå Bjurhovda i Midt-Sverige kunne det også påvisast skilnader i gravgods som korrelerte med alder, både for kvinner og menn. Welinder meiner ein kan skilje mellom personar som vart ansett som vaksne, og dei som ikkje var opptatt som vaksne av samfunnet. Dette var ikkje knytta til ein bestemt biologisk alder, men til status og sosiale roller. Welinder meiner denne biologiske og sosiale tidsforståinga ville bli oppfatta som lineær i høve til individet, men syklisk for samfunnet over tid (Welinder 1992:15).

Sosial identitet og kjønnsroller er sentrale tema i arkeologiske studier av gravmateriale, og det er her ikkje rom for å gå i detaljar angående Welinder sin bruk av materialet. Det er imidlertid ikkje uproblematisk å oppfatte gravgods som ei direkte avspegling av den døde si rolle i samfunnet medan vedkommande var i live. Fleire studier har lagt vekt på å sjå gravmateriale som ledd i å konstruere ein (idealisert) identitet, og at slik rituell praksis kan ha tyding for gjenopprettinga av orden i samfunnet til dei gjenlevande (til dømes Kristoffersen 1997; Hanisch 2001; Kyvik 2002). Å studere kjønnsroller gjennom gravgods er materiale for eigne avhandlingar (til dømes Dommasnes 1976; Rabben 2002). Korvidt det er relevant å skilje mellom kvinneleg og mannleg tid, slik det kan oppfatast at Welinder gjer, er også eit tema

som fortener grundigare handsaming enn det er råd å gi her<sup>42</sup>. Det er imidlertid interessant at Welinder sin studie eksplisitt bringar inn tidsaspektet som ein faktor av betydning i tolkinga av materialet.

Også andre analysar legg vekt på at det er skilnad på å studere ein heil region, og ein einskild buplass, også tidsmessig. Forsberg introduserer omgrepa *top down* og *bottom up* for å skjelne mellom det individuelle og det systemiske i studier av ein bronsealderlokalitet og røyser, basert på Stig Sørensen sine tankar om menneskeleg kultur som situert mellom *det uendelig små* og *det uendelig store* (Forsberg 1999:251). Å forklare eit kulturelt fenomen som resultat av regional endring, er eit forskjellig utgangspunkt frå å forklare gravskikk ut frå individuelle særpreg ved individet som vart gravlagt. Å forklare ut frå ein større heilskap er nyttig og nødvendig, men kombinasjon av det generelle og det spesifikke er nødvendig dersom arkeologien skal studere *fortidens livsformer* (Sørensen 1993:6; sjå også Adam 1990:3). I denne samanhengen blir også tidsperspektivet eit relevant refleksjonstema, og arbeidet til den kinesisk-amerikanske arkeologen Chang kan representere ei muleg tilnærming.

Chang publiserte i 1967 *Rethinking Archaeology*, der han argumenterer for at det lar seg gjere å skilje mellom ulike typar tid i arkeologiske studier. Chang problematiserer omgrepa tid og rom, begge sentrale i arkeologien (Chang 1968:18, 23). Chang opererer med to ulike tidsomgrep, ei vitenskapleg og ei kulturell tid. Chang si vitenskaplege tid er den same som vi kallar naturvitenskapleg tid, medan den kulturelle tida treng litt meir forklaring. Umiddelbart gir uttrykket kulturell tid lett assosiasjonar til opplevd og subjektiv tid, men det er ikkje dette Chang er ute etter. Han er ikkje interessert i korkje filosofiske eller fysiske diskursar om tid (Chang 1968:18f), og det kulturelle tidsomgrepet hans kan seiast å representere ei spesifikk arkeologisk tid. Heller ikkje er førhistoriske menneske sine tidserfaringar tilgjengelege for oss, desse er tapt, seier Chang (ibid:26). Det han meiner å få fram er ei systemisk tid manifestert i sosial interaksjon. Den vil likevel ikkje vere overlappande med tidserfaring observert i levande samfunn, som i antropologiske studier (ibid:35f). Sosialantropologien fangar ikkje varigheten av sosial interaksjon, meiner Chang (ibid:30). Den systemiske tida er altså ikkje berre påvisbar endring i eit arkeologisk materiale, men all endring av ulik varighet, overlapping og

---

<sup>42</sup> Ermarth argumenterer for at kvinner har levd utanfor (den kvite-mannsdominerte-overklasse) historia, og slik sett ikkje har det same tilhøvet til den historiske tida som menn (Ermarth 1992:17, 154, fotnote 15). Sosiologen Paul Connerton nemner i samband med studier av korleis kollektive minne blir rituelt oppretthalde i eit samfunn, at individ frå ulike sosiale klassar, og også kvinner og menn, vil hugse hendingar på ulik måte (Connerton 1996:28). Sjå også Julia Kristeva sin artikkel *Kvinnetid* (1979).

rekkefølge som kan påvisast. Dette gjer det muleg å ta ulike utgangspunkt ut frå kva problemstillingar ein vil undersøke i samband med ein lokalitet. Chang si kulturelle tid omfattar også den opplevde tida, altså tid slik den blir sett i eit einskild samfunn, i tillegg til aspekta som er nemnt ovanfor (ibid:25f).

*These assumptions make it both possible and meaningful to take **points of reference** from the sequence. These points of reference may be representations of events, activities, ecological landmarks, structural landmarks, and the like, or their parts and/or their combinations. A temporal segment spans the entire distance between two points, and its content serves as the basic unit for both analysis and comparison. (Chang 1968:26).*

Å avvise den fysiske og den filosofiske tidsdiskursen, slik Chang gjer, er imidlertid ikkje nødvendig eller ønskeleg. Den fysiske tidsdiskursen må seiast å vere rådande i arkeologien, men kanskje er det ikkje her dei mest interessante tankane kan hentast. Relevansen av den fysiske tida er ikkje openberr for eit fag som arkeologi (Bailey 1983; Welinder 1992; Karlsson 2001), og den filosofiske diskursen kan sjåast som eit supplement til Chang sine tankar om systemisk tid. Sosiologen Barbara Adam argumenterer for at det nødvendig å overskride faggrensar i studiet av tid (...) *because the study of time is a topic quite unlike any other academic subject* (Adam 1990:18).

### *Tids-stader*

Ingold nyttar den russiske litteraturforskaren og filosofen Bakhtin sitt *kronotop*-omgrep for å karakterisere stader som er lada med tid (Ingold 1993:169, med ref. til Bakhtin 1938)<sup>43</sup>. Kronotopen, eller *tids-staden*, er ei foreining av tid og stad. Sjølv om begge desse elementa er konstituerande for tids-staden, er tidselementet det viktigaste i den litterære kronotopen (Bakhtin 1938:86; sjå også Johansen 1988:14,18), som er heilt avgjerande for struktureringa av ein tekst (Bakhtin 1938:250; jmf. kapittel 5). Ingold fokuserer på tids-stader i landskapet. Etersom det er i arkeologisk tekst vi finn tid uttrykt og manifestert, kan det vere av interesse å legge vekt på dei litterære kronotopane.

Bakhtin identifiserer forskjellige kronotopar som har vore utbreidde gjennom europeisk litteraturhistorie. Kronotopane varierer over tid, men har ein tendens til å gå igjen i sjangerar og epokar. Eit døme på dette er den realistiske romanen på 1800-talet, som hadde ein sentral kronotop i den provinsielle småbyen. Denne staden manifesterte ei tid som var prega av ein gjentakande rytme av kvardagslege gjeremål, med ein rytme for dagen, ein for veka, månaden,

<sup>43</sup> Bakhtin sin tekst er skriven i 1937-1938, medan avslutningsdelen *Concluding Remarks* er skriven i 1973. For å halde refereringa enkel viser eg likevel til 1938, sjølv om avsluttinga er skriven på eit seinare tidspunkt.

året og menneskelivet. Denne statiske tilstanden av gjentakande rytmar gir eit inntrykk av at tida står stille, seier Bakhtin, som eit bakteppe der hendingar kan finne stad (ibid.:247f). Vidare peiker han på at Dostojevski ofte lar avgjerande hendingar finne stad i trapper, gangar og liknande stader. Sjølv om desse hendingane er sentrale for handlinga, påverkar dei ikkje den biografiske tida til personen i forteljinga. Kronotopen er på sett og vis ein stad med si eiga tid. Bakhtin identifiserer også ein annan viktig skjønnlitterær kronotop; *møtet*, som gjerne finn stad på vegar og liknande stader. At sentrale personar tilfeldigvis (og heilt usannsynleg) befinn seg på same stad til same tid er ofte heilt avgjerande for handlinga (ibid.:93f).

At omgjevnaden rundt oss har innverknad på korleis temporalitet kan opplevast, er ingen ny tanke. Temaet har også blitt tatt opp av einskilde arkeologar (Bailey 1983; Ingold 1993; Bradley 1998; Hygen 1999:14-17, 37f; Olivier 2001). Strukturering av omgjevnaden og menneskeleg handling påverkar kvarandre gjensidig. Oppleving av tid er eit element som er inkorporert i denne prosessen. Bradley argumenterer for at jordbrukande samfunn kan ha hatt ei anna tidsoppfatting enn jeger-sankarsamfunn (Bradley 1998:51-67). Med eit erverv som kravde større grad av bufasthet kan kontinuitet mellom fortid og nåtid ha blitt viktigare. I motsetnad til tidlegare forskning på området, meiner ikkje Bradley at det er ein årsakssamanheng mellom bufasthet og ei endra tidsoppfatting, men at det likevel er indikasjonar på at desse faktorane heng saman. Dette synet baserer Bradley på studier av neolittiske gravmonument. Han meiner desse endrar seg frå å vere lukka monument, der den døde er avsondra frå dei levande si verd, til monument med passasjar inn til gravkammeret, som ga dei levande tilgang til grava og leivningane. Bradley meiner dette kan oppfattast som eit uttrykk for forfedrekult (ibid.). Connerton meiner at det fysiske miljøet menneske omgir seg med endrar seg relativt lite, *so providing us with an image of permanence and stability (...)* (Connerton 1996:37). Erindring, som opplagt er ein føresetnad for tidsoppleving, er for Connerton meir sosial enn individuell<sup>44</sup>. Han meiner at rituell praksis har ei viktig oppretthaldande rolle for dette kollektive minnet, gjennom å manifestere seg i det han kallar *habit-memory*. Dette kan skildrast som ein ikkje-diskursiv kunnskap, det vil seie ikkje primært språkleg, men kroppsleggjort kunnskap. Denne kunnskapen blir overlevert og oppretthalde gjennom handling (Connerton 1996). Implikasjonar av slik kunnskap har ennå fått relativt lite omfang i arkeologien, men opnar for nye og interessante vinklingar. Landskap og lokalitet er sentrale arkeologiske einingar i den arkeologiske terminologien. Truleg har også den

---

<sup>44</sup> (...) *our images of social spaces, because of their relative stability, give us the illusion of not changing and of rediscovering the past in the present.* (Connerton 1996:37; jmf. Ingold 1993; Olivier 2001).

